

Møteinnkalling

Utval:	Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne
Møtestad:	Møterom 1 etg, Fylkeskommunens kontorlokaler, Storehagen, Førde
Dato:	08.09.2020
Tid:	09:00

Oppmodar om at avklaring om habilitet vert meldt i forkant av møtet.

Program:

Kl. 09:00 – 09:30	Opning av møte ved leiar Inge Fiskvik
Kl. 09:30 – 10:00	Orientering – ORO – Eigedom : Byggestart for Askøy vidaregåande skule ved Halfdan Wiberg, prosjektleiar ORO -Utbygging
Kl. 10:00 – 11:15	Orientering – kulturavd. i Vestland fylkeskommune
Kl. 11:15 – 12:00	Lunsj
Kl. 12:00 – 14.30	Saksbehandling

Melding om forfall:

Alle medlemer vil få tilsendt ein e-post kor det vert forklart korleis forfall kan registrerast. Denne e-posten vil kome innan to dagar.

Innkallinga gjeld valde medlemer i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne. Ved eventuelt forfall frå faste medlemer vil varamedlemer bli kalla inn særskilt.

Trude Brosvik har meldt forfall og vara Ingeborg Hordvik kan ikkje stille.

Inge Fiskvik

leiar

Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Arkiv- saksnr	U.Off
	Godkjenningssaker		
GK 7/20	Godkjenning av innkalling og sakliste		
GK 8/20	Godkjenning av møteprotokoll frå møte i rådet for menneske med nedsett funksjonsevne 02.06.2020	2020/1931	
	Referatsaker		
RS 28/20	Økonomioversikt for rådet for menneske med nedsett funksjonsevne pr. juli 2020	2020/1931	
RS 29/20	Kunnskapsgrunnlag i samband med COVID-19	2020/54817	
RS 30/20	Frivilligpolitikk i Vestland	2020/1931	
RS 31/20	Folkehelseforum Vestland - ny plattform for samarbeid om folkehelsearbeidet	2020/1931	
RS 32/20	Planprogram - Regional plan for næringsutvikling og innovasjon - Vestland	2020/1931	
RS 33/20	Forenkling, modernisering og effektivisering av salskanalane og betalingsmåtene innanfor mobilitet og kollektiv	2020/1931	
RS 34/20	Vestland fylke - samkøyring av TT-ordning frå 2021	2020/1931	
RS 35/20	Særskild dekning av arbeidsreiser for TT-brukarar som har varig tilrettelagt arbeidsplass	2020/1931	
RS 36/20	Ny yrkestransportlov - delegering av mynda til å innføre einerettar	2020/1931	
	Politiske saker		
PS 17/20	Endringar av vallova og valforskriften til Stortingsvalet 2021 – innspel til høyringsuttale	2020/60438	
PS 18/20	Askøy vidaregåande skule - byggjestart i 2021	2020/1931	

Godkjenningssaker

GK 7/20 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksnr: 2020/1931-43**Saksbehandlar:** Dagmar Reutz Hillestad

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne	8/20	08.09.2020

Godkjenning av møteprotokoll frå møte i rådet for menneske med nedsett funksjonsevne 02.06.2020

Møteprotokoll frå møte i rådet for menneske med nedsett funksjonsevne 02.06.2020 er lagt ved saka.

Møteprotokoll

Utval:	Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne
Møtestad:	, Fjernmøte
Dato:	02.06.2020
Tid:	10:00-13.00

Følgjande faste medlemmer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Trude Brosvik	Nestleiar	KRF
Gunnar Moland	Medlem	H
Gunn Åmdal Mongstad	Medlem	SP
Inge Øystein Aareskjold Fiskvik	Leiar	
Bente Borghild Underthun	Medlem	
Kjell Gitton Håland	Medlem	A
Anita Helen H. Æsøy	Medlem	
Sigrid Rønneberg	Medlem	

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon
Egil Bru Overaa	Medlem

Følgjande varamedlemmer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Anfinn Hammer Feng	Egil Bru Overaa	

Merknader:

Bente Borghild Underthun, permisjon frå kl. 12.30.

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Janne Dokken	seksjonssjef, MOK forvaltning
Bertil Søfteland	seksjonssjef, politisk sekretariat
Dagmar Reutz Hillestad	utvalssekretær, politisk sekretariat

Saksliste

Utvalls- saksnr	Innhald	Arkiv- saksnr	U.Off
	Godkjenningssaker		
GK 5/20	Godkjenning av innkalling og sakliste		
GK 6/20	Godkjenning av møteprotokoll frå møte i rådet for menneske med nedsett funksjonsevne 07.05.2020.	2020/1931	
	Referatsaker		
RS 10/20	Ny yrkestransportlov - delegering av mynda til å innføre einerettar	2020/1931	
RS 11/20	Årsrapportar 2019 - Sogn og Fjordane fylkeskommune	2020/1931	
RS 12/20	Årsmelding Hordaland fylkeskommune 2019	2020/1931	
RS 13/20	Økonomiplan 2021-2024, drifts- og investeringsrammer	2020/1931	
RS 14/20	Tertialrapport pr. april 2020 - rekneskapsprognose	2020/1931	
RS 15/20	Utvida TT-ordning - tildeling av midlar for 2020	2020/1931	
RS 16/20	Særskild dekning av arbeidsreiser for TT-brukarar som har varig tilrettelagt arbeidsplass	2020/1931	
RS 17/20	Oppheving av forskrift om drosjereglement for Bergen køyreområde, Bergen, Sund, Fjell og Askøy kommune, Hordaland	2020/1931	
RS 18/20	Aldersvenleg transport - utprøving av eit fleksibelt kollektivtilbod for eldre i Bergen	2020/1931	
RS 19/20	Regional transportplan - Høyring av framlegg til planprogram	2020/1931	
RS 20/20	Evaluering av sonereforma og vegen vidare	2020/1931	
RS 21/20	Regional kompetansepolitikk i Vestland fylke	2020/1931	
RS 22/20	Dialogkonferanse idrett og friluftsliv 2020, invitasjon og program	2020/1931	
RS 23/20	Søknad om kartleggingsmidlar frå Kartverket	2020/1931	
RS 24/20	Ekstra tiltaksmidlar til sikra friluftslivsområder 2020	2020/1931	
RS 25/20	Bokbåt drift i Vestland fylke	2020/1931	
RS 26/20	Evaluering av diskrimineringslovgivningen - invitasjon til innspel om diskrimineringsvernet	2020/1931	
RS 27/20	Høyring - Endringar i forskrift om betaling frå pasientar for poliklinisk helsehjelp i spesialisthelsetenesta	2020/1931	
	Politiske saker		
PS 14/20	Lokal forskrift om inntak og formidling i Vestland fylkeskommune	2020/1931	
PS 15/20	Integrering - nye oppgåver for fylkeskommunen, strategi og vidare arbeid	2020/1931	
PS 16/20	Vestland fylke - samkøyring av TT-ordninga frå 2021	2020/1931	

Godkjenningssaker

GK 5/20 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll 02.06.2020 - rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

Innkalling og sakliste vart godkjent utan merknader.

GK 6/20 Godkjenning av møteprotokoll frå møte i rådet for menneske med nedsett funksjonsevne 07.05.2020

Saksprotokoll 02.06.2020 - rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

Møteprotokollen frå møte 07.05.2020 vart godkjent utan merknader.

Referatsaker

RS 10/20 Ny yrkestransportlov - delegering av mynda til å innføre einerettar

RS 10/20 vart referert.

RS 11/20 Årsrapportar 2019 - Sogn og Fjordane fylkeskommune

RS 11/20 vart referert.

RS 12/20 Årsmelding Hordaland fylkeskommune 2019

RS 12/20 vart referert.

RS 13/20 Økonomiplan 2021-2024, drifts- og investeringsrammer

RS 13/20 vart referert.

RS 14/20 Tertialrapport pr. april 2020 - rekneskapsprognose

RS 14/20 vart referert.

RS 15/20 Utvida TT-ordning - tildeling av midlar for 2020

RS 15/20 vart referert.

RS 16/20 Særskild dekning av arbeidsreiser for TT-brukarar som har varig tilrettelagt arbeidsplass

RS 16/20 vart referert.

RS 17/20 Oppheving av forskrift om drosjereglement for Bergen køyreområde, Bergen, Sund, Fjell og Askøy kommune, Hordaland

RS 17/20 vart referert.

RS 18/20 Aldersvenleg transport - utprøving av eit fleksibelt kollektivtilbod for eldre i Bergen

RS 18/20 vart referert.

RS 19/20 Regional transportplan - Høyring av framlegg til planprogram

RS 19/20 vart referert.

RS 20/20 Evaluering av sonereforma og vegen vidare

RS 20/20 vart referert.

RS 21/20 Regional kompetansepolitikk i Vestland fylke

RS 21/20 vart referert.

RS 22/20 Dialogkonferanse idrett og friluftsliv 2020, invitasjon og program

RS 22/20 vart referert.

RS 23/20 Søknad om kartleggingsmidlar frå Kartverket

RS 23/20 vart referert.

RS 24/20 Ekstra tiltaksmidlar til sikra friluftslivsområder 2020

RS 24/20 vart referert.

RS 25/20 Bokbåtdrift i Vestland fylke

RS 25/20 vart referert.

RS 26/20 Evaluering av diskrimineringslovgivningen - invitasjon til innspel om diskrimineringsvernet

RS 26/20 vart referert.

RS 27/20 Høyring - Endringar i forskrift om betaling frå pasientar for poliklinisk helsehjelp i spesialisthelsetenesta

RS 27/20 vart referert.

Politiske saker

PS 14/20 Lokal forskrift om inntak og formidling i Vestland fylkeskommune

Saka vart lagt fram utan tilråding for drøfting i rådet for menneske med nedsett funksjonsevne.

Saksprotokoll 02.06.2020 - rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

Trude Brosvik sette fram slikt forslag:

«Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne tek innstillinga frå hovedutval for Opplæring og kompetanse 13.05.2020 til fylkesutvalet til orientering. Rådet vil be om at ein i lokal forskrift om inntak og formidling i Vestland fylkeskommune sikrar at elevar med nedsett funksjonsevne får same rettar og moglegheiter til å velja skule som andre elevar. Nærskulane skal også vera tilrettelagt for alle.»

Avrøysting

Brosvik sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne tek innstillinga frå hovedutval for Opplæring og kompetanse 13.05.2020 til fylkesutvalet til orientering. Rådet vil be om at ein i lokal forskrift om inntak og formidling i Vestland fylkeskommune sikrar at elevar med nedsett funksjonsevne får same rettar og moglegheiter til å velja skule som andre elevar. Nærskulane skal også vera tilrettelagt for alle.

PS 15/20 Integrering - nye oppgåver for fylkeskommunen, strategi og vidare arbeid

Saka vart lagt fram utan tilråding for drøfting i rådet for menneske med nedsett funksjonsevne.

Saksprotokoll 02.06.2020 - rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

Trude Brosvik sette fram slikt forslag:

«Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne stør fylkesrådmannen sitt framlegg til innstilling i saka. Rådet ber om at ein i arbeidet med integrering vektlegg FN sine bærekraftsmål.»

Avrøysting

Brosvik sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne stør fylkesrådmannen sitt framlegg til innstilling i saka. Rådet ber om at ein i arbeidet med integrering vektlegg FN sine bærekraftsmål.

PS 16/20 Vestland fylke - samkøyring av TT-ordninga frå 2021

Forslag til vedtak

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne ynskjer å ta del i det vidare arbeidet når det gjeld samkøyring av TT-ordninga i Vestland fylke.

Saksprotokoll 02.06.2020 - rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

Trude Brosvik sette fram slikt forslag:

«Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vedtek at Bente Borghild Underthun representerer rådet i arbeidet med å samkøyre ordninga i Vestland fylke. Inge Øystein Fiskvik vert valt som vararepresentant. Rådet vil be om at kommunale råd vert representert ved at ein frå tidlegare Sogn og Fjordane fylke og ein frå tidlegare Hordaland fylke tek del i det vidare arbeidet. Like eins må relevant brukarorganisasjonar som Norges Handikapforbund, Norsk Forbund for Utviklingshemmede (NFU) og Norges Blindeforbund vera representert.»

Avrøysting

Brosvik sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne ynskjer å ta del i det vidare arbeidet når det gjeld samkøyring av TT-ordninga i Vestland fylke.

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vedtek at Bente Borghild Underthun representerer rådet i arbeidet med å samkøyre ordninga i Vestland fylke. Inge Øystein Fiskvik vert valt som vararepresentant. Rådet vil be om at kommunale råd vert representert ved at ein frå tidlegare Sogn og Fjordane fylke og ein frå tidlegare Hordaland fylke tek del i det vidare arbeidet.

Like eins må relevant brukarorganisasjonar som Norges Handikapforbund, Norsk Forbund for Utviklingshemmede (NFU) og Norges Blindforbund vera representert.

Referatsaker

RS 28/20 Økonomioversikt for rådet for menneske med nedsett funksjonsevne pr. juli 2020

Saksnr: 2020/1931-44
Saksbehandlar Dagmar Reutz Hillestad
Dato: 18.08.2020

Til: Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

Frå: Politisk sekretariat

Økonomioversikt for rådet for menneske med nedsett funksjonsevne pr. juli 2020

100201: RMNF - Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne	FORBRUK:	OVERSIKT:
ÅRSBUDSJETT 2020		515.000,-
MØTEGODTGJERSLE	14.450,-	
TAPT ARBEIDSFORTENESTE	10.145,-	
BILGODTGJERSLE	5.775,-	
KOSTGODTGJERSLE	5.777,-	
BEVERTNING/MAT	720,-	
REISEUTGIFTER	1.913,-	
OPPHALDSUTGIFTER	2.130,-	
ARBEIDSGIVERAVGIFT	4.047,-	
GÅVER TIL ANSATTE	320,-	-45.277,-
REKNESKAPSOVERSIKT pr. juli 2020		469.723,-

Til: Vestland Ungdomsutval, rådet for menneske med nedsett funksjonsevne, hovudutval for næring, hovudutval for samferdsel og mobilitet, hovudutval for kultur, idrett og integrering, hovudutval for opplæring og kompetanse, fylkesutvalet og fylkeseldrerådet

Frå: Fylkesrådmannen

Kunnskapsgrunnlag i samband med COVID-19

Utviklinga knytt til koronautbrotet går raskt. Frå nærast fullstendig nedstenging og tilbake til ei tilnærma normal drift og kvardag, gjekk det mindre enn tre månader. Men etter fem månader er smittetala igjen stigande. Den nye smittebølga krev igjen skjerping av tiltak og førehaldsregler. Utviklinga blir grundig overvaka – både internasjonalt, nasjonalt, regionalt og lokalt. Det har blitt jobba intenst for å få oversikt, kontroll og kunnskap om stadig nye forhold. Det er ein framand situasjon verda finn seg i, og mykje av kunnskapen blir til undervegs.

Ei av mange oppgåver som ligg til fylkeskommunen, er å ha oversikt over utviklingstrekk i fylket. Dette har blitt særskilt relevant med eit pandemiutbrot som vedgår fleire av fylkeskommunen sine tenesteområde. Vi er i ein situasjon der ny kunnskap ikkje kan komme fort nok. Det er mange tilgjengelege kjelder til kunnskap og oversikt, men det tar ofte tid å få fram ny og oppdatert kunnskap. Likevel, ved å ta utgangspunkt i den informasjonen som er tilgjengeleg og kombinere den med kunnskap vi allereie har, har vi brakt fram kunnskap om vestlandssamfunnet som er aktuell og relevant for prioriteringar i Vestland i desse dagar – i fylkeskommunen og i kommunane.

I tida etter påske presenterte Seksjon for statistikk, kart og analyse tre rapportar som kvar tok føre seg ulike utviklingstrekk som covid-19-utbrotet har ført med seg i Vestland. På kvar sine vis bidreg desse til grunnlag for meir informerte avgjerder i tida som kjem.

Tre rapportar om covid-19 i Vestland

Med utgangspunkt i data frå folkehelseundersøkingane som vart gjennomførte i Hordaland i 2018 og i Sogn og Fjordane i 2019, vart det utarbeidd tre rapportar som på kvar sin måte sette lys på problemstillingar og utfordringar knytt til pandemien i Vestland. Sidan undersøkingane vart gjennomførte før covid-19, fortel dei oss om folk i Vestland i ein normalsituasjon. Resultata har vist at ressursar og risikoforhold er ulikt fordelt. Dette er viktig bakgrunnskunnskap i tida vi no er inne i og er nyttig for prioriteringar og planlegging av tiltak. Folkehelseundersøkingane seier ikkje noko om nettopp dei som blir råka av covid-19, men viser klåre trendar knytt til sårbare grupper.

Del 1: covid-19 og risikogrupper i Vestland

Den første vart utarbeidd då usikkerheita var stor og det var liten oversikt over kor smittsamt viruset er, eller omfanget av smittespreiing i samfunnet. Med utgangspunkt i risikogrupperne som er identifiserte frå nasjonal og internasjonal forskning, teiknar rapporten eit bilete av kor utbreitt ulike risikofaktorar er i fylket. Pandemien har vist at høg sjukelegheit gir auka sårbarheit. Risiko for alvorleg sjukdom aukar med stigande alder og fleire risikofaktorar. Kunnskapen frå rapporten kan vere eit bidrag til beredskapsplanlegging i ulike kommunar sidan risikofaktorane er noko ulikt fordelt i fylket.

På den andre sida gjer rapporten det synleg at risikofaktorane er fordelt på ein slik måte at det er vanskeleg å identifisere særskilte risikogrupper. Førekkomsten av risikofaktorar følj kjente sosio-økonomiske skillelinjer der sosial «plassering» gir ein sterkare peikepinn på individuell helse, enn personlege levevanar. Allereie her gjer covid-19-utbrotet dei sosiale ulikskapane i helse synlege. Med unntak av alder, som ein sjølvstøtt ikkje kan påverke, er dei andre risikofaktorane knytt til livsstil og moglege å forebygge. Det er godt dokumentert at førekkomsten av livsstilrelaterte sjukdommar er ulikt fordelt: jo lågare utdanning og/eller inntekt, dess høgare førekkomst av livsstilssjukdommar. Dette taler for generelle og strukturelle tiltak for å legge til rette for at vi i framtida har ei friskare og meir robust befolkning. Ei frisk befolkning vil ha mindre grad av risikofaktorar og dermed vere mindre sårbar ved ein pandemi.

Del 2: Samfunnskonskvansane av covid-19

Den andre rapporten set fokus på dei som blei permitterte og oppsagde som konsekvens av nedstenginga. Innan denne blei utarbeidd hadde vi fått ein del nasjonal kunnskap om permitteringar: kven som har blitt hardt råka, har ikkje vore jamt fordelt i befolkninga. Det var flest kvinner, flest unge og flest med låg utdanning.

I folkehelseundersøkingane stilte vi fleire spørsmål knytt til psykisk helse. Med unntak av kjønn, såg vi her at dei som i størst omfang blei permitterte og oppsagde, også var dei gruppene som kanskje i minst grad hadde meistringsressursar og støtte rundt seg. På individnivå fortel ikkje dette oss noko om korleis enkeltpersonar handterer ei slik personleg krise. På gruppenivå fortel det oss at dette ikkje berre er ein rein økonomisk krise. Nokre av oss har færre å støtte seg til, opplever større grad av symptom på psykiske plagar og synest kvardagen er tyngre enn andre. På gruppenivå er det fleire av desse som også har mista jobben, eller har blitt permitterte. I den umiddelbare krisa etter nedstenging 12. mars mista nesten alle sine kvardagsrutinar og kontakt med andre menneske. Vi var alle i same båt. Men der det for mange var ein unntakstilstand som vi visste skulle gå forbi, vart dette for andre starten på ein lengre periode med usikkerheit og lite kontakt med andre.

Del 3: Privatøkonomi og nærmiljø

I den tredje rapporten haldt vi fram med fokus på dei gruppene som i størst omfang har blitt permitterte og oppsagde. Her var to problemstillingar løfta fram: privatøkonomi og trivsel i eget nærmiljø. Med informasjon om opplevinga av eigen økonomi før krisa, bidreg denne rapporten til meir kunnskap om i kva grad befolkninga i Vestland er sårbar for å handtere ein periode med lågare inntekt. Eigenopplevd økonomi fortel oss noko om handlingsrommet den enkelte har, uavhengig av inntekts- og lånenivå. Igjen ser vi at dei gruppene som i størst omfang har blitt råka av permitteringar og oppseiingar: unge, lågt utdanna og kvinner, også er dei gruppene som i minst grad opplever å ha ei god inntekt, eller kan klare ei større, uventa utgift.

Trivsel i eget nærmiljø var i aller størst grad relevant og kanskje særskilt tydeleg, når store deler av samfunnet var nedstengd og alle tilbragte mykje tid heime. Men i ei tid med høg arbeidsløyse og mange permitteringar, vil trivsel i nabolaget for mange bli viktigare enn før. Når vi no veit at dei permitterte gruppene i mindre grad opplever å ha nettverk rundt seg og i større grad opplever einsemd og psykiske plagar, kan det å trivast i heimeområdet i enda større grad blir viktig. Dessverre er det også knytt sosial ulikskap til trivsel i nærmiljøet. Igjen er det mykje av dei same gruppene som går igjen – unge og lågt utdanna. Kjønnsdimensjonen er ikkje like tydeleg her.

Covid-19 får truleg ringverknader

Kva for ringverknader covid-19 med samfunnsnedstenginga får, er det førebels for tidleg å seie noko om. Men vi kan sjå til erfaringar og forskning frå andre krisar. Det kan ikkje spå om framtida, men gi ein peikepinn på kva vi bør vere merksame på.

Vi ser at unge er hardare råka av permitteringar (oslomet.no). På sikt kan dette få ringverknader på ulike måtar. Den internasjonale nedstenginga gjer det vanskelegare å forflytte seg og å finne arbeid andre stader. Det kan gi ein motivasjon for enkelte å få meir utdanning og med det nytt arbeidsmarknad. Det vil vere dei som er best stilte for dette, som har denne moglegheita, noko som kan føre til auka sosial ulikskap innad i denne gruppa. Mange vil oppleve å få hol i CV-en etter krisa, noko som kan påverke arbeidsmoglegheitene også på sikt.

Når det gjeld økonomi, har vi tidlegare sett at foreldre som har økonomiske utfordringar opptrer mindre støttande og merksame overfor eigne barn, enn viss økonomien deira er god. Økonomi har meir å seie for foreldre sin oppførsel, enn kva utdanningsnivå dei har (springer.com). Frå ein analyse

gjort av Hordaland fylkeskommune har vi lært at førekomsten av arbeidsløse hos foreldre, opptrer samstundes som låg trivsel hos elevar i 10. klasse (Folkehelseoversikt for Hordaland 2015-2019). Her veit vi ikkje noko om årsak/ verknad, men ser at dei to forholda ofte opptrer samstundes. Systematiske forskingsgjennomgangar har vist at økonomisk nedgang har stor innverknad på mental helse (nkvts.no). Dei sterkaste samanhengane er mellom auka arbeidsløse og større risiko for alkohol- og rusmisbruk, angstlidningar, depresjon og sjølv mord. Det er også påvist at økonomisk nedgang går hardt ut over personar med psykiske lidningar. Jamfør Nasjonalt kompetansesenter for vold og traumatisk stress (NKVTS), kan dette føre til auka risiko for vald, overgrep og omsorgssvikt i fleire familiar (nkvts.no).

Forsking på helsekrisar og økonomiske nedgangskriser har vist at befolkninga generelt vil oppleve høgare nivå av psykiske plagar som angst og depresjon relatert til stress og bekymring som følge av pandemien. Det er grunn for å tru at sårbare barn, ungdommar og familiar er ekstra utsette, fordi dei i utgangspunktet er dårlegare rusta til å handtere fleire stressorar (nkvts.no). Sidan barn er prisgjevne sine omsorgspersonar gjer det dei endå meir sårbare. Her kan dei også lide viss foreldra ikkje meistrer sine eigne utfordringar (nkvts.no).

Kunnskapen er ikkje ny

I rapportserien ser vi systematiske skilnader over utdanningsnivå knytt til ei rekkje ulike forhold. Vi veit at slike gjennomgåande sosioøkonomiske skilnader har ein tendens til å forsterke seg gjennom opphopingar av negative faktorar, slik denne rapportserien tydeleg viser. Forskinga på helsekriser og økonomiske kriser står opp under dette.

Vi kan altså ikkje rekne med å gå fri for slike negative ringverknader i Vestland. Dersom vi ser til konklusjonane i [Folkehelseoversikt 2019-2023](#), ser vi at mange av dei utviklingstrekk som vart identifiserte som utfordrande for Vestland, blir forsterka og gjort meir synlege gjennom koronakrisa:

- Aukande del eldre i mange kommunar
- Aukande del som lever i låginntektshushald over tid – særskilt hos barn
- Aukande førekomst av einsemd og psykiske plagar
- Sosioøkonomiske skilnader i befolkninga
- Behov for gode nærmiljø
- I fleire område av fylket er folk lite nøgde med kultur- og idrettstilbod

Folkehelseundersøkingane viktig kjelde til kunnskap

I 2018 og 2019 gjennomførte vi to store befolkningsundersøkingar i [Hordaland](#) og [Sogn og Fjordane](#) i tett samarbeid med Folkehelseinstituttet. Desse var spørreundersøkingar som gjekk ut til store deler av befolkninga og som er vurdert til å gi representative svar for fylket på dei fleste spørsmåla. Dei to undersøkingane var heilt like, noko som gir moglegheit for å slå saman svara og få informasjon om fylket Vestland. Undersøkingane bestod av 34 spørsmål, nokre med underspørsmål, og dekte tema som trivsel, levevanar og eigenopplevd helse.

Hordalandsundersøkinga hadde ein svarprosent på 41,2%, i Sogn og Fjordane var svarprosenten på 45,4%. Samanlikna med andre spørreundersøkingar er dette relativt gode resultat for begge undersøkingane. Men det er likevel godt under halvparten av utvala som har svara, og resultatata må derfor tolkast med dette i minne. Særskilt for enkelte grupper må det takast atterhald om kor representative svara er for befolkninga elles. Det er større usikkerheit knytt til svara blant dei eldre og til menn under 35 år. Også mellom kommunar varierer svarprosenten. Dersom det var nokså tilfeldig kven som bestemte seg for å svare på undersøkinga, treng ikkje låg deltaking ha så store konsekvensar. Men dersom det er ein sterk samheng mellom det å delta og det vi spør om, er det straks verre. Det er difor lagt mest vekt på samanhengar som er sterke og som inngår i konsistente mønster. Der vi ser einskildgrupper som skil seg sterkt frå andre grupper i materialet, skal vi vere varsame med å trekke sterke konklusjonar.

Etter gjennomføring av undersøkingane gav Folkehelseinstituttet (FHI) ut ein rapport frå kvar undersøking. Det meste av figurar i denne rapporten er henta frå desse. Omtalen av resultatata er også henta frå FHI sine rapportar, med litt tilpassing gjennom at to tekstar har blitt til ein.

Oppsummering

Resultat frå denne rapporten er i tråd med den generelle kunnskapen om fordeling av helse: det er sosial ulikskap i helse. Dette ser vi både på kven som er mest utsett for alvorleg sjukdom og kven som blir hardast råka av dei samfunnsmessige konsekvensane av pandemien. Nokre av oss vil oppleve situasjonen som tyngre enn andre, og mykje kan tyde på at mange av desse også vil vere hardast råka av krisa – både helsemessig, økonomisk og sosialt.

I rapportane er det lite informasjon knytt til enkeltkommunar. Men når utviklingstrekk i så stor grad er gjennomgåande og systematiske, betyr det at alle kommunar også har befolkningsgrupper som er særskilt utsette. For fylkeskommunen er det ulike ansvarsområde som direkte eller indirekte blir påverka av desse utviklingstrekk. Både når det gjeld næringsutvikling, opplæring, kulturtilbod, nærmiljøserting og kollektivtilbod vil det vere relevant å sjå til grupper som på ulike vis er meir sårbare no, enn før krisa.

Universitetet i Bergen har gjennomført ei spørreundersøking til ungdom i Bergen, der særskilt psykiske forhold knytt til sjølve nedstenginga var tema. Dette vart gjort i samarbeid med opplæringsavdelinga i Vestland. Blant spørsmåla som vart nytta, var det spørsmål frå våre folkehelseundersøkingar. Dette vil vere eit bidrag til å få meir kunnskap om konsekvensar av korona i vår region.

Covid-19 og risikogrupper i Vestland

Kunnskapsgrunnlag frå folkehelsestatistikk og -undersøkingar

Risiko for sjukdom i Vestland

Covid-19-utbrotet har kome brått på samfunnet. Situasjonen utvikler seg fortløpande, og etterkvart har vi fått mykje kunnskap om internasjonale og nasjonale høve, sjølv om det framleis er mykje uvisst.

Men korleis er det i Vestland? Finst det informasjon som kan seie oss noko om vestlandsbefolkninga – er vi meir eller mindre utsette for eit alvorleg sjukdomsforløp her vest? Veit vi noko om risikogrubbene som er identifiserte? Kvar dei bur, om dei har nokre andre kjenneteikn?

Mange av desse spørsmåla kan det ta tid å svare på. Men sidan vi som fylkeskommune har materiale frå to store befolkningsundersøkingar å ta av, har vi sett nærmare på om desse kan bidra til å gi svar for vårt fylke og for våre regionar.

Folkehelseundersøkingane gir nyttig kunnskap

- kva var utgangspunktet til Vestland?

I 2018 og 2019 gjennomførte vi i lag med Folkehelseinstituttet to store befolkningsundersøkingar i Hordaland og Sogn og Fjordane der det vart stilt spørsmål om trivsel, levevanar og eigenopplevd helse.


Gjennom å sjå på korleis vestlandsbefolkninga har det i ein normalsituasjon, får vi nyttig kunnskap om situasjonen vi no er i – både for den akutte fasen og til eit meir langsiktig perspektiv.

I det følgande tek vi i stor grad utgangspunkt i folkehelseundersøkingane, men det er også supplert med data frå ulike andre kjelder.

Først ei lita oversikt over den generelle opplevinga av helse

Oppleving av eiga helse er ei subjektiv størrelse som sjølvsagt ikkje trenger å seie noko om faren for å bli kraftigare råka av covid-19, enn andre. Men, som vi skal sjå nærmare på etter kvart, så bidreg variabelen til å seie noko om sjukdomsførekomst i befolkninga.

Svakare helse med aukande alder



Sogn og Fjordane. Kjelde: FHI (2019)


Hordaland. Kjelde: FHI (2018)

Figurane viser prosentdel med sjølvrapportert god helse fordelt på kjønn og aldersgrupper.

Gjennomsnittleg er det om lag **ein firedel av dei som svara, som ikkje opplever helsa si som god**. Regionane Askøy, Sotra og Øygarden, Nordhordland og Sunnhordland er dei som har lågaste befolkningsdelen som opplever å ha god helse.

Ikkje overraskande, ser vi at delen som opplevde å ha god helse blir gradvis mindre med alderen. Forskjellen mellom gruppene under 40 år og gruppene over 50 år er statistisk signifikante. Det er ikkje signifikante kjønnsforskjeller innad i dei ulike aldersgruppene.

- og store forskjeller etter utdanning



Sogn og Fjordane. Kjelde: FHI (2019)

Hordaland. Kjelde: FHI (2018)

Figurane viser prosentdel som rapporterte god helse fordelt etter kjønn og utdanningsnivå. «Universitet» dekkjer òg høyskole.

Delen som opplevde å ha god helse minskar kraftig med kortare utdanningsnivå. Dette ser vi tydeleg i begge dei gamle fylka. Det er **16-21** prosentpoeng forskjell i delen som rapporterte god helse mellom dei med kortast og dei med lengst utdanning. Mellom kjønna er det ubetydelege forskjellar.

Dette viser oss at det også er andre faktorar enn alder det kan vere relevant å følgje med på, når vi skal vurdere fare for alvorleg koronasjukdom.

Delar av befolkninga er meir utsette enn andre

Desse har høgare risiko for alvorleg forløp enn befolkninga elles:*

- Alle over 65 år
- Vaksne med underliggende kronisk sjukdom som hjarte- og karsjukdom, diabetes og høgt blodtrykk
- Personar med overvekt eller fedme
- Risiko for alvorleg sjukdom aukar med stigande alder og fleire risikofaktorar¹
- Det er førebels usikkert om norske pasientar med godt behandla kroniske sjukdommar har høgare risiko for alvorleg sjukdom

* <https://www.fhi.no/nettpub/coronavirus/fakta/risikogrupper/?term=&h=1> Utviklinga av ny kunnskap går raskt, denne rapporten tek utgangspunkt i tilgjengeleg informasjon då rapporten vart utarbeidd.

1: <https://www.fhi.no/publ/2020/covid-19-sammenheng-mellom-alder-komorbiditet-og-sykdomsalvorlighet/>

Covid-19 gjer sosiale helseforskjellar synlege

Sårbarheit for sjukdom er ulikt fordelt

- Fedme, hjarte- karsjukdom, diabetes og høgt blodtrykk er sjukdommar som i stor grad er relatert til livsstil og som er moglege å forebygge¹
- Førekomsten er ulikt sosialt fordelt; di lågare utdanning og/ eller inntekt, dess høgare førekomst av livsstilssjukdommar²

1: <https://www.fhi.no/nettpub/hin/>

2: Courtney L. McNamara, Mirza Balaj, Katie H. Thomson, Terje A. Eikemo, Erling F. Solheim, Clare Bambra, The socioeconomic distribution of non-communicable diseases in Europe: findings from the European Social Survey (2014) special module on the social determinants of health, European Journal of Public Health, Volume 27, Issue suppl_1, 1 February 2017, Pages 22–26, <https://doi.org/10.1093/eurpub/ckw222>

I det følgjande ser vi nærmare på korleis risikofaktorane førekommer i Vestland

Høg alder


Høg alder aukar faren, men det er viktig å understreke at det her er snakk om auka *risiko* for alvorleg forløp.

Det vil truleg vere mange over 65 år som ikkje får eit alvorleg sjukdomsforløp.

- Vestland har fleire eldre i dei eldste aldersgruppene, enn resten av landet
- I mange kommunar i Vestland er ein stor del over 65 år. Prosentdelen er venta å auke i åra som kjem
- Førekomsten av sjukdom og innverknadene sjukdommen har på kvardagen, aukar med aukande alder

Høg del eldre i Vestland

- I størsteparten av Vestland er det høgare del av befolkninga i dei eldste aldersgruppene (80+), enn landet elles.
- 1. januar 2020 utgjorde eldre over 65 år **17,5 %** av befolkninga i Vestland. I løpet av 2020 er denne delen venta å auke til **17,8 %**, og i løpet av neste år til **18,2 %** (kjelder: SSB og VLFK).
- Ein høg prosentdel eldre kan gi press på helse- og omsorgstenestene. Kommunen vil ha relativt færre i arbeidsfør alder. I kommunar med befolkningsnedgang og låge innbyggartal kan dette gi kapasitetsutfordringar.



Figurforklaring:

Grøn farge betyr at kommunen har signifikant færre over 80 år, enn landet elles.

Raud farge betyr at kommunen har signifikant fleire personar over 80 år, mens gul viser ikkje signifikant skilnad frå landet.

Kjelde: Folkehelseprofilane

Hjarte- og karsjukdom og diabetes

Det er ikkje spurt om spesifikke sjukdommar i folkehelseundersøkingane.


Men når det gjeld hjarte- og karsjukdommar og diabetes finst det gode og meir pålitelege tal frå andre kjelder.

Vaksne med underliggende kronisk sjukdom som hjarte- og karsjukdom, diabetes og høgt blodtrykk har høgare risiko for alvorleg forløp enn befolkninga elles.*

I det følgande er det vist førekomst av hjarte- og karsjukdom og diabetes enkeltvis. Vi kan ikkje sjå evt komorbiditet, det at enkeltmenneske har fleire sjukdommar samstundes, i desse tala.

Førekomsten av hjarte- og karsjukdom og diabetes, er ulikt fordelt i Vestland.


Hjarte- og karsjukdom i Vestland



- I dei sørlege delane av fylket ser vi eit strekk av kommunar med overrepresentasjon av hjarte-karlidningar, samanlikna med landet
- Her er det justert for alder, så høg alder i befolkninga er ikkje årsak til høgare førekomst i desse 11 kommunane
- Det er klart høgast førekomst av hjarte- karsjukdom i dei eldste aldersgruppene (75+)¹

Figuren viser førekomst av hjarte-karsjukdom i kommunane i Vestland. Tala er standardiserte og signifikantstesta. Grøn: kommunen har signifikant færre personar med hjarte- og karsjukdom enn landet. Raud: kommunen har signifikant fleire enn landet. Gul: ikkje signifikant skilnad frå landet.
Kjelde: Folkehelseprofilane, Folkehelseinstituttet
1: Kommunehelsa statistikkbank

Diabetes



- Jamt over er førekomsten av diabetes lågare i Vestland, enn i landet elles
- **9 kommunar har likevel høgare førekomst enn landet.** Desse forskjellane er ikkje signifikanstesta.
- Førekomsten av type 2-diabetes aukar kraftig med alderen, til ein topp kring 80 år ¹
- Det er ein kraftig auke i legemiddelbruk til diabetes med aukande alder ²

Figuren viser brukarar av legemiddel til behandling av type 2-diabetes i kommunane i Vestland. Tala er standardiserte, men ikkje signifikanstesta. Grøn: kommunen har 94 % eller færre med sjukdommen per 1000 innbyggjarar, enn landssnittet. Gul: Kommunen har mellom 95 og 105% med diabetes type 2, per 1000 innbyggjarar. Raudt: Definert som 106% eller fleire med diabetes type II per 1000 innbyggjarar enn landssnittet.

Tala baserer seg på befolkninga i alderen 30-74 år. Tala er standardiserte (justert for alder og kjønn).

Kjelde: Kommunehelsa, Folkehelseinstituttet

1: <https://www.fhi.no/nettpub/hin/ikke-smittsomme/diabetes/?term=&h=1#forskjeller-mellom-ulike-grupper-i-befolkningen>

2: <http://www.norgeshelsa.no/norgeshelsa/>

Utdanningsnivå spelar ei rolle

- både når det gjeld hjarte-karsjukdom og diabetes


I grupper med låg utdanning er det ein høgare del som blir råka av hjarteinfarkt, enn i grupper med høgare utdanning.¹

- Sunnfjord, Luster og Årdal har både færre med hjarte- karsjukdom og signifikant høgare utdanningsnivå.
- Øygarden har signifikant fleire enn landet i begge sjukegruppane. Kommunen har også signifikant lågare utdanningsnivå enn landet.

Type 2-diabetes er meir vanleg i grupper med låg utdanning, enn i grupper med høgare utdanning.²

- Blant kommunane med høgare førekomst av diabetes, har Øygarden og Vaksdal også signifikant lågare utdanningsnivå, enn landet
- Årdal skil seg ut ved å ha fleire med diabetes og signifikant høgare utdanningsnivå

Overvekt og fedme



Ved å krysse data, ser vi samanhengar mellom overvekt og utdanningsnivå, kjønn og alder.


Kraftig overvekt eller fedme er ein risikofaktor for eit alvorleg sjukdomsforløp av covid-19.*

Vi har hatt lite kunnskap om vekta til den vaksne befolkninga. Dei sikraste kjeldene har vore vekt målt ved sesjon, men her er det openberre avgrensingar i alder og kjønn.

Folkehelseundersøkingane kan gi informasjon om førekomst av overvekt og fedme.

Per i dag kan vi ikkje samanlikne resultata frå Vestland med landet. Vi veit derfor lite om førekomsten i Vestland er høg eller låg. Her kan berekningane frå sesjonsmålingar gi ein peikepinn.

Berre Bergen har signifikant færre med overvekt, enn landet



- Kartet viser prosentdelen 17-åringar som hadde overvekt (KMI over 25) ved sesjon
- I heile 15 kommunar har ungdommen signifikant høgare vekt enn landet
- Nasjonalt er det vist geografiske skilnader, der førekomsten av overvekt og fedme er lågare i byane enn på landsbygda.¹ Dette mønsteret er tydeleg også i Vestland.

Tala er basert på sjølvrapportert høgde og vekt frå nettbasert sesjon. Kvinnedelen nasjonalt desse åra var 20%.

Prosentdelen er testa for signifikans der grøn farge viser at kommunen har signifikant færre med overvekt enn landet, raud tilseier at kommunen har signifikant fleire med overvekt enn landet. Gul betyr ingen signifikant forskjell frå landet, mens grå betyr at data manglar.

Kjelde: Folkehelseprofilane, FHI *Kjelde: SSB. (2016). Helseforhold i Levekårsundersøkelsen 2015. [database]. Oslo: Statistisk sentralbyrå. Henta 15. juni 2017.

1: <https://www.fhi.no/nettpub/hin/ikke-smittsomme/overvekt-og-fedme/?term=&h=1>

Over 20% med fedme i to regionar

- I Vestland har **16%** av dei som svara på folkehelseundersøkingane eit høgde/vektforhold som svarar til fedme
- Variasjonen mellom regionane spenner frå **13% i Bergen til 20% i HAFS/Ytre Sogn og Askøy, Sotra og Øygarden**
- Den låge førekomsten i Bergen samsvarer med samanlikningane i førre lysark. Biletet er meir blanda for HAFS/Ytre Sogn-regionen. Heile Askøy, Sotra og Øygarden har fleire med overvekt

Merk at befolkningsgrunnlaget er ulikt i regionane, så det er vanskeleg å seie noko sikkert om desse forskjellane. Sesjonstala i kartet på førre lysark er signifikantesta. Tala i figuren til høgre er ikkje signifikantesta.

Regioninndeling:

Nordfjord: Bremanger, Gloppen, Selje/Eid, Stryn

Sunnfjord: Flora/Vågsøy, Gaular/Jølster/Førde/Naustdal

HAFS/Ytre Sogn: Askvoll, Fjaler, Gulen, Hyllestad, Solund, Høyanger

Indre Sogn: Aurland, Balestrand/Leikanger/Sogndal, Luster, Lærdal, Vik, Årdal

Bergen


Askøy, Sotra og Øygarden: Sund, Fjell, Askøy, Øygarden

Midthordland: Osterøy, Vaksdal, Samnanger, Os, Fusa

Nordhordland: Meland, Radøy, Lindås, Austrheim, Fedje, Masfjorden, Modalen

Sunnhordland: Stord, Sveio, Austevoll, Etne, Fitjar, Kvinnherad, Bømlo, Tysnes


Hardanger og Voss: Voss, Granvin, Jondal, Odda, Ullensvang, Kvam, Ulvik, Eidfjord



Flest menn har overvekt og fedme

Figuren viser kroppsmasseindeks (KMI) fordelt etter kjønn og alder i Vestland. Normalvekt er definert som ein KMI mellom 18,5-24,9 (gul søyle). Lett overvekt er definert som ein KMI mellom 25-29,9 (raud farge). Fedme grad 1 (lilla) tilseier ein KMI over 30, mens Fedme grad 2 er definert som ein KMI over 35. (<https://www.fhi.no/fp/overvekt/kroppsmasseindeks-kmi-og-helse/>)

Datagrunnlag: Folkehelseundersøkingane for Hordaland (2018) og Sogn og Fjordane (2019). Tala er ikkje justerte mot populasjonen eller signifikanstesta.




Det er lågast førekomst av fedme (KMI over 30) i den yngste og den eldste aldersgruppa.

Det er færre med ekstrem fedme som er over 80 år.

Det er minst **4 prosentpoeng** høgare del menn med fedme i aldersgruppa 45-66 år, enn i dei andre gruppene.

Fleire med overvekt og fedme har låg utdanning



Det er fleire menn enn kvinner med overvekt i alle utdanningsgruppene.

Det er **9 prosentpoeng** fleire menn med fedme som også har låg utdanning enn menn med fedme som har høgast utdanning.

Figuren viser kroppsmasseindeks (KMI) fordelt etter kjønn og utdanning i Vestland. Normalvekt er definert som ein KMI mellom 18,5-24,9 (gul søyle). Lett overvekt er definert som ein KMI mellom 25-29,9 (raud farge). Fedme grad 1 (lilla) tilseier ein KMI over 30, mens Fedme grad 2 er definert som ein KMI over 35. (<https://www.fhi.no/fp/overvekt/kroppsmasseindeks-kmi-og-helse/>)

Datagrunnlag: Folkehelseundersøkingane for Hordaland (2018) og Sogn og Fjordane (2019). Tala er ikkje justerte mot populasjonen eller signifikanstesta.

Mange lever med langvarige helseplagar, men kor mykje, er ulikt fordelt

Nesten 80% opplever god helse, samstundes som over 40% har langvarig sjukdom.

Det går med andre ord fint an å ha langvarig sjukdom, utan å oppleve at helsa er dårleg.

I det følgjande set vi lys på dei som opplever svekka helse, ut frå den tru at desse også vil ha ein større uro, og kanskje også er meir sårbare, for å få ein alvorleg sjukdom.

Merk likevel at det å oppleve «langvarige sjukdommar, helseproblem eller nedsett funksjon» er ei stor og samansett gruppe som kan romme ei rekke små og større plagar.


Klar sammenheng mellom sjukdomsoppleving og sjukdomsførekost.

- **42 %** i Vestland svara at dei har langvarige sjukdommar, helseproblem eller nedsett funksjon
- Det er flest som oppgjev å ha sjukdom i Askøy, Sotra og Øygarden og i Nordhordland
- Færrast opplever sjukdom i Indre Sogn med **37%**
- Dei som lever med langvarig sjukdom er også dei som i størst grad opplever å ha dårleg helse
- Helseplagene aukar med alder
- Dei lågaste utdanningsgruppene har flest helseplager

Dei fleste som opplever dårleg helse, har også langvarige helseproblem

Det er ein tydeleg samanheng mellom det å ha ein sjukdom, og det å oppleve helsa si som svekka. Om lag 95% av dei som opplever helsa si som dårleg, eller svært dårleg, har langvarige helseproblem.

Det er samstundes positivt at ein del av dei som lever med langvarige sjukdommar, helseproblem eller nedsette funksjonar likevel opplever helsa si som god: **14 %** av dei som opplever helsa si som svært god og **38 %** av dei som opplever helsa si som god har langvarige helseproblem.



■ HAR DU LANGVARIGE ... NEI


■ HAR DU LANGVARIGE ... JA

Figuren viser kor stor prosentdel som svara ja (blå) eller nei (lilla) på spørsmålet om dei har langvarige sjukdommar, helseproblem eller nedsette funksjonar. Dette gjeld også sjukdommar eller problem som varierer med årstidene eller som kjem og går. Svara er fordelt etter korleis dei svara på spørsmålet «Korleis vurderer du helsa di?»

Datagrunnlag: Folkehelseundersøkingane for Hordaland (2018) og Sogn og Fjordane (2019). Tala er ikkje justerte mot populasjonen eller signifikantesta.

Halvparten av dei eldste lever med langvarige helseplagar

- Det er gradvis auke i oppleving av helseplagar med alderen. For befolkninga over 67 år, er det **nesten 50%** som opplever å ha langvarige helseproblem.
- I alle aldersgruppene er det fleire kvinner enn menn. For kvinner er det ein større auke hos dei over 80 år, enn mellom dei andre aldersgruppene.*




For å sjekke at utdanningseffekten ikkje er ein *artefakt* av alder (at eldre er lågare utdanna, og derfor slår ut i statistikken som ein effekt av utdanning), er det her sett på langvarige helseplagar etter alder og utdanningsnivå.

Ulikheit i utdanning – ulikheit i helse

Figuren viser kor stor prosentdel som svara ja (blå) eller nei (lilla) på spørsmålet om dei har langvarige sjukdommar, helseproblem eller nedsette funksjonar. Dette gjeld også sjukdommar eller problem som varierer med årstidene eller som kjem og går. Svara er fordelt etter kjønn og utdanning. Låg utdanning svarer her til grunnskulenivå, middels utdanning til VGS, og høg utdanning til all universitets- og høgskuleutdanning.

Datagrunnlag: Folkehelseundersøkingane for Hordaland (2018) og Sogn og Fjordane (2019). Tala er ikkje justerte mot populasjonen eller signifikanstesta.



■ NEI
■ JA

For begge kjønn ser vi tydelege trappetrinn med lågare sjukdomsoppleving etterkvart som utdanningsnivået aukar. For kvinner er det heile **14 prosentpoeng** skilnad mellom høgaste og lågaste utdanningsnivå.

Det er også tydelege skilnader mellom kjønn innad i kvart utdanningsnivå.

I dei to lågaste utdanningsgruppene er det **6-7** prosentpoeng skilnad mellom kjønna. Tala er ikkje testa for signifikans.


Stor forskjell på helseplagar avhengig av utdanning

For dei med låg utdanning, er det *ikkje* ein gradvis auke i langvarige helseplagar med alder, men ein brå auke frå den yngste til nest yngste gruppa.

Allereie frå 25 år er det større del med langvarige helseplagar i gruppa med låg utdanning, enn i nesten alle andre aldersgruppene i dei andre utdanningsgruppene.

Det er lik prosentdel, eller høgare del 25-44-åringar med låg utdanning som rapporterer langvarig sjukdom, helseproblem eller nedsett funksjon, som 67-79-åringar blant dei med middels eller høg utdanning.

NEI
JA



Ein kvardag prega av sjukdom


Risiko for alvorleg sjukdom aukar med stigande alder og fleire risikofaktorar¹

- Sjukdomsopplevinga aukar med alder
- Meir enn ein femdel av dei som har langvarige helseproblem opplever at kvardagen i stor grad blir påverka
- Ein ytterlegare halvpart opplever at helseproblema påverkar kvardagen i nokon grad

1: <https://www.fhi.no/publ/2020/covid-19-sammenheng-mellom-alder-komorbiditet-og-sykdomsalvorlighet/>

Flest eldre menn blir påverka av sjukdom i kvardagen

- I dei eldste aldersgruppene (67-79 og 80+) er det fleire menn som er plaga av sjukdom i stor grad
- Jo høgare alder, dess færre utan plagar av sjukdom
- Jo høgare alder, dess fleire som er plaga «I nokon grad»



Fleire kvinner enn menn opplever at kvardagen blir påverka av helseplagar

Blant dei som opplever helseplagar i stor grad, er det større prosentdel med låg utdanning.

Blant kvinner er det **15 prosentpoeng** som skil gruppene med lågast og høgast utdanning.

- IKKJE I DET HEILE
- I LITEN GRAD
- I NOKON GRAD
- I STOR GRAD

Figuren viser i kor stor grad kvardagen blir påverka av sjukdom hos dei som lever med langvarige sjukdommar, helseproblem eller nedsette funksjonar. Svare er fordelt etter kjønn og utdanningsnivå. Låg utdanning svarer her til grunnskulenivå, middels utdanning til VGS, og høg utdanning til all universitets- og høgskuleutdanning. Tala er ikkje justerte mot populasjonen eller signifikantesta.

Datagrunnlag: Folkehelseundersøkingane for Hordaland (2018) og Sogn og Fjordane (2019).



Oppsummering

Førekomst i Vestland

- Høg alder er ein utbredt risikofaktor i Vestland
 - Det er relativt høg førekomst av hjarte- og karsjukdom
 - Målt etter førekomst av diabetes, er Vestland betre stilt, med mange kommunar som har betre tal enn landssnittet*
 - Truleg fleire med overvekt i Vestland*
- Vi ser geografiske skilnader i førekomst av alle risikofaktorane, men ser ikkje teikn til opphoping av i enkeltkommunar, eller –regionar. Her vil andre forhold, som til dømes kommunestørrelse og avstand mellom busetnader også spele ei rolle. Dette har ikkje vore del av denne rapporten.

*Men desse tala er ikkje testa for signifikans

Oppsummering

Fleire sjukdommar med aukande alder

- Det er klart høgast førekomst av hjarte- karsjukdommar i dei eldste aldersgruppene
- Diabetes aukar generelt kraftig med alder, men her har Vestland færre i dei eldste aldersgruppene, samanlikna med landet
- Overvekt aukar ikkje med alder
- Opplevinga av langvarige helseplagar aukar med alderen
- Jo høgare alder, dess fleire som er plaga av sjukdom i kvardagen

Oppsummering

Kjønn og utdanning spiller også ei rolle

- I grupper med låg utdanning er det ein høgare del som blir råka av hjartefarkt, enn i grupper med høgare utdanning
- Type 2-diabetes er meir vanleg i grupper med låg utdanning, enn i grupper med høgare utdanning
- I Vestland ser vi tydelege utdanningsskilnader i fordelinga av overvekt
- Blant dei som har fedme er det flest menn i alle aldersgruppene, aller mest i aldersgruppa 45-66 år
- I alle utdanningsgruppene er det fleire kvinner enn menn som opplever langvarig sjukdom
- Det er langt fleire kvinner med låg utdanning, enn med høg, som har langvarige helseplagar

Faren for å bli smitta er ikkje tilfeldig fordelt

I dei lågaste utdanningsgruppene er det færre som følgjer råd om fysisk distansering.* Dei følger også i mindre grad råd om reiserestriksjonar, som til dømes å unngå offentleg transport. Dette skuldast truleg moglegheita for slik tilrettelegging.

Det betyr at befolkningsgruppene som er mest utsette for alvorleg sjukdomsforløp også er dei som blir mest eksponerte for smitte.

Kvinner og menn med lengst utdanning lever 5-6 år lenger og har betre helse enn dei som har kortast utdanning.

Helseforskjellane i Norge er større enn i mange andre europeiske land.¹

Del 2: Samfunnskonsekvensane av Covid-19

- nokre befolkningsgrupper
blir hardare ramma

Korona råkar ulikt

Sjukdom og nedstenging av samfunnet følgjer sosio-økonomiske skilnader

I førre rapport såg vi på risikofaktorar for alvorleg sjukdom av covid-19, og kva vi veit om førekomsten av desse i Vestland. Alle risikofaktorane (med unnatak av alder) er sosialt ulikt fordelt: jo lågare utdanning, dess høgare førekomst av sjukdom og plagar som gir risiko for meir alvorleg sjukdomsforløp. Dette er ikkje særskilt for covid-19, men ein kjent ulikskap som følgje av systematiske forskjellar i moglegheiter, ressursar og levevaner.

Når vi no skal sjå nærmare på konsekvensane av nedstenginga av samfunnet som følgje av covid-19, ser vi også her systematiske skilnader mellom befolkningsgrupper som blir råka. Skilnadene ser vi målt etter utdanningsnivå, inntektsnivå, kjønn, sosial bakgrunn og etnisitet.* Det er altså mykje dei same befolkningsgruppene som blir råka av nedstenginga, som også har høgast førekomst av risikofaktorar for sjukdommen.

Vi snakkar likevel her om *grupper*, og ikkje individ, vi kan ikkje seie noko om kven som blir råka, verken av sjukdom, permitteringar, eller konsekvensar av desse.

Psykiske helse og meistring ein del av biletet

Samfunnsdebatten er aktiv no, med stort fokus på at permitteringar, oppseiingar og dei generelle samfunnsmessige konsekvensane ikkje treff befolkninga likt. Dette blir kasta lys på både politisk og i media. Nedstenginga rammar breiare enn sjukdommen åleine, i alle fall så lenge smittespreiinga og sjukdomsførekomsten er låg.

Det har vore mindre merksemd på korleis folk er rusta til å handtere ei slik krise. Dette er også noko vi veit mindre om. Men her er folkehelseundersøkingane i Hordaland (2018) og Sogn og Fjordane (2019) unike kjelder til kunnskap. Dei dekker mange spørsmål som omhandlar psykiske helse. I denne rapporten skal vi sjå nærmare på korleis mentale meistringsressursar fordeler seg etter ulike befolkningsgrupper.

Undersøkingane blei gjennomførte i ein normalsituasjon, men ut frå resultata er det grunn for å tru at også når det gjeld å vere rusta for åleinetid og uvarsla hendingar, vil deler av vestlandsbefolkninga vere meir sårbare, enn andre.



**Nedstenginga får oftare
følgjer for unge, og for
grupper med låg utdanning
og låg inntekt**



Kort om dei permitterte

Nasjonale tal

- Ein av seks arbeidstakarar (16%) har anten blitt permittert, hatt inntektstap, eller begge deler
- Arbeidstakarar utan høgare utdanning og med inntekt under medianen opplever oftare permittering/inntektstap
- Denne gruppa har eit meir pessimistisk syn på framtida i arbeidslivet. Dei er meir bekymra for å miste jobben – og dei vurderer risikoen for at dei i framtida blir arbeidsledige som større enn dei med høgare utdanning og/eller høg inntekt
- Arbeidstakarar 30-44 år (ofte familieforsørgande) blir oftast permitterte

Unge arbeidstakarar meir sårbare

Nasjonale tal

- Unge i arbeidsmarknaden blir hardare og raskare råka og er generelt meir utsette enn andre arbeidstakarar når ein stor krise rammer samfunnet*
- Mange unge arbeider i reiselivsbransjen, restaurantnæringar og i butikkar. Desse bransjane var dei første til å permittere då koronakrisa traff.
- Unge arbeidstakarar jobbar som oftast i privat sektor, og har med det meir usikkerheit i jobben enn arbeidstakarar som jobbar i offentleg sektor.

Korleis er vi rusta til å handtere krisa som covid-19 fører med seg?

Livskvalitet, trivsel og meistring

Kanskje viktige faktorar for å handtere kriser betre?

Høg livskvalitet er ein viktig beskyttelsesfaktor mot psykisk sjukdom.*

Livskvalitet handlar om opplevinga av livet for den enkelte: ro, glede, å vere tilfreds, å ha god funksjon, vitalitet, interesse, meistring og meining.

Livskvaliteten kan vere god på tross av sjukdom, helseplagar og andre påkjenningar.

*Livskvalitet og trivsel synast å ha positive konsekvensar for den **fysiske helsetilstanden**, moglegvis på grunn av positive effektar på sosiale relasjonar, livsstil og helseåtferd, stress, ulykkesførekomst og generell meistring, men også direkte på immunforsvaret og hjarte- og karsystemet.*

Eit bilete av livskvalitet og meistring hos folk i Vestland

Livskvalitet og trivsel blir påverka av ei rekkje ulike faktorar - som gener og personlegdom, meistringsressursar, sosial støtte, positive og negative livshendingar, tilknytingsforhold, kultur og objektive faktorar som samfunnsforhold og økonomi.

For å gi eit bilete av livskvalitet og meistring hos folk i Vestland blir det på dei neste bileta vist svarfordelinga på spørsmål knytt til:


- Sosial støtte
- Einsemd
- Psykiske plagar
- Nøgde med livet

Sosial støtte

Opplevd sosial støtte blei målt med «Oslo-3 Social Support Scale» som består av tre spørsmål med fem svarkategoriar. I rapportane frå FHI er det skilt mellom dei som opplever sosial støtte og dei som ikkje gjer det, basert på ei tidlegare nytta inndeling.*



Cirka 90% opplever sosial støtte



Figurane viser prosentdel som opplever sosial støtte, samla og på tvers av regionar i Sogn og Fjordane og i Hordaland. Dei raude, stipla linjene viser snitt for fylket.

Kjelder til figurar og tekst:
Folkehelseundersøkelsen i Hordaland: Fremgangsmåte og utvalgte resultat (2018) og Folkehelseundersøkinga i Sogn og Fjordane: Framgangsmåte og utvalde resultat (2019)

Prosentdelen som opplever sosial støtte er gjennomsnittleg høgare i Sogn og Fjordane enn i Hordaland. Her er det ikkje vurdert i kva grad skilnaden er statistisk signifikant. Variasjonen mellom dei ulike regionane er vurdert som ubetydelege.


I Sunnfjord er prosentdelen heilt i grenseland for å vere signifikant lågare enn samla gjennomsnitt for Sogn og Fjordane. I praksis er forskjellen i prosentpoeng uvesentleg.

I dei justerte estimata er det justert for alder, kjønn og utdanning for til ein viss grad å kunne ta statistisk høgde for ulik demografisk samansetnad i dei ulike geografiske einingane.

Regioninndeling:

Nordfjord: Bremanger, Gloppen, Selje/Eid, Stryn
Sunnfjord: Flora/Vågsøy, Gaular/Jølster/Førde/Naustdal
HAFS/Ytre Sogn: Askvoll, Fjaler, Gulen, Hyllestad, Solund, Høyanger
Indre Sogn: Aurland, Balestrand/Leikanger/Sogndal, Luster, Lærdal, Vik, Årdal
Bergen
Askøy, Sotra og Øygarden: Sund, Fjell, Askøy, Øygarden
Midthordland: Osterøy, Vaksdal, Samnanger, Os, Fusa
Nordhordland: Meland, Radøy, Lindås, Austrheim, Fedje, Masfjorden, Modalen
Sunnhordland: Stord, Sveio, Austevoll, Etne, Fitjar, Kvinnherad, Bømlo, Tysnes
Hardanger og Voss: Voss, Granvin, Jondal, Odda, Ullensvang, Kvam, Ulvik, Eidfjord

Oppleveling av sosial støtte varierer med utdanningsnivå




Figurane viser prosentdel som opplever sosial støtte fordelt på kjønn og utdanningsnivå. Forskjellane mellom menn og kvinner innan kvart utdanningsnivå er ikkje statistisk sikre.

Kjelder til figurar og tekst: Folkehelseundersøkelsen i Hordaland: Framgangsmåte og utvalgte resultat (2018) og Folkehelseundersøkinga i Sogn og Fjordane: Framgangsmåte og utvalgte resultat (2019) og Datagrunnlaget til folkehelseundersøkingane


Delen som opplever sosial støtte aukar med høgare utdanningsnivå.

Det er berre 6,3 % hos kvinner og 8,4% hos menn blant dei med lengst utdanning som *ikkje* opplever sosial støtte. Blant dei med grunnskule som høgaste utdanningsnivå, er tala om lag dobbelt så høge: **12,9%** blant kvinner og **15,3 %** blant menn. Desse forskjellane er statistisk signifikante.

Oppleveling av sosial støtte er ulikt fordelt etter alder og kjønn



Sogn og Fjordane



Hordaland

Figurane viser prosentdel som opplever sosial støtte fordelt på kjønn og aldersgruppe i Sogn og Fjordane (venstre) og Hordaland (høgre). Gjennomsnittet er vist i dei røde, stipla linjene. Snittet for Hordaland er litt lågare enn for Sogn og Fjordane. Signifikans er ikkje berekna.

Kjelder til figurar og tekst:
Folkehelseundersøkelsen i Hordaland: Framgangsmåte og utvalgte resultat (2018) og Folkehelseundersøkinga i Sogn og Fjordane: Framgangsmåte og utvalgte resultat (2019)

Delen som opplever sosial støtte aukar med alder.

I Sogn og Fjordane gjer auken seg mest gjeldande frå 50 år og oppover. I Hordaland aukar delen gradvis med alderen, men med ei utflating av kurva i den eldste aldersgruppa.

Menn i Hordaland i alderen 30-39 skil seg ut med ein noko høgare prosentdel opplevd sosial støtte enn forventa ut frå den lineære alderstrenden som vi ser elles i figuren.

Ulikt mellom kjønn

Når vi ser på alle aldersgruppene under eitt, var det **90,6% kvinner** og **88,6% menn** som rapporterte at dei opplever sosial støtte i Sogn og Fjordane.

I Hordaland er kjønnsfordelinga **90% kvinner** og **86,9% menn** som opplever sosial støtte.

Kjønnsforskjellane er statistisk signifikante i begge fylka.

Det er høgare prosentdel kvinner enn menn som opplever sosial støtte, også når vi samanliknar utdanningsnivå. Skilnaden er signifikant for dei høgaste utdanningsgruppene i Hordaland.

Risiko for dobbel påkjønning


Personar med låg utdanning er den gruppa som er mest ramma av permitteringar. Det er urovekkande, at det i same gruppe er **nesten dobbelt så mange som kjenner på låg sosial støtte**, samanlikna med personar med høg utdanning.

Det er fleire unge som opplever mangel på sosial støtte og det er fleire unge som er permitterte.

Det er fleire kvinner enn menn som har blitt permitterte, men *på den **positive** sida, opplever kvinner i Vestland i stor grad sosial støtte*. Alt anna like, har kvinner venteleg meir robust støtte rundt seg i ei permittering.

OSLOMET

Hvem har blitt permittert eller hatt inntektstap – andel ja



Figuren er henta frå OsloMet og viser kven som har blitt permitterter eller hatt inntektstap fordelt etter utdanningsnivå, inntektsnivå, kjønn og alder. Figuren viser nasjonale tal.


<https://fagarkivet-hioa.archive.knowledgearc.net/bitstream/handle/20.500.12199/2995/Arbeidslivsbarometeret%20Korona%2006042020.pdf?sequence=1&isAllowed=y>

Einsemd

I undersøkingane blei einsemd målt med skalaen «The Three-Item Loneliness Scale», som består av følgjande spørsmål:
«Kor ofte føler du at du saknar nokon å vere saman med?»,
«Kor ofte føler du deg utanfor»? og
«Kor ofte føler du deg isolert frå andre?»

Delen som svara «ofte» eller «svært ofte» på minst eitt av dei tre spørsmåla vart definerte som einsame.

Oppleving av einsemd jamt fordelt i Vestland



Figurane viser prosentdel som opplever einsemd, fordelt etter regionar i Vestland. Dei raude, stipla linjene viser snittet for Sogn og Fjordane (til venstre) og Hordaland (til høgre).


Kjelder til figurar og tekst:
Folkehelseundersøkelsen i Hordaland: Fremgangsmåte og utvalgte resultat (2018) og Folkehelseundersøkinga i Sogn og Fjordane: Framgangsmåte og utvalde resultat (2019)

Det er svært liten skilnad både mellom fylka og mellom regionane. Forskjellen mellom størst og minst einsemd (Sunnhordland og Nordhordland) er ikkje signifikant. Vi ser også nesten ingen skilnad mellom ujusterte og justerte estimat.

I dei justerte estimata er det justert for alder, kjønn og utdanning for til ein viss grad å kunne ta statistisk høgde for ulik demografisk samansetnad i dei ulike geografiske einingane.

Regioninndeling:
Nordfjord: Bremanger, Gloppen, Selje/Eid, Stryn
Sunnfjord: Flora/Vågsøy, Gaular/Jølster/Førde/Naustdal
HAFS/Ytre Sogn: Askvoll, Fjaler, Gulen, Hyllestad, Solund, Høyanger
Indre Sogn: Aurland, Balestrand/Leikanger/Sogndal, Luster, Lærdal, Vik, Årdal
Bergen
Askøy, Sotra og Øygarden: Sund, Fjell, Askøy, Øygarden
Midthordland: Osterøy, Vaksdal, Samnanger, Os, Fusa
Nordhordland: Meland, Rødøy, Lindås, Austrheim, Fedje, Masfjorden, Modalen
Sunnhordland: Stord, Sveio, Austevoll, Etne, Fitjar, Kvinnherad, Bømlo, Tysnes
Hardanger og Voss: Voss, Granvin, Jondal, Odda, Ullensvang, Kvam, Ulvik, Eidfjord

Fleire einsame med lågare utdanningsnivå




Figurane viser prosentdel som opplever einsemd. Svare er sortert etter kjønn og utdanningsnivå. Dei raude, stipla linjene viser snittet for Sogn og Fjordane (til venstre) og Hordaland (til høgre).

Kjelder til figurar og tekst:
Folkehelseundersøkelsen i Hordaland:
Fremgangsmåte og utvalgte resultat (2018) og
Folkehelseundersøkinga i Sogn og Fjordane:
Fremgangsmåte og utvalgte resultat (2019)

For begge kjønn aukar delen som opplever einsemd med søkkande utdanningsnivå. Dette er særskilt tydeleg for kvinner. I Sogn og Fjordane skifter trenden for menn ved at delen einsame aukar noko i gruppa med meir enn fire års universitets-/høgskuleutdanning. Dette er den einaste gruppa der menn har større førekomst av einsemd.

Likevel er kjønnsforskjellane berre statistisk signifikante blant dei med vidaregåande skule i Sogn og Fjordane og dei med opptil fire års universitets-/ høgskuleutdanning i Hordaland.

Størst einsemd tidleg i vaksenlivet



Figurane viser prosentdel som opplever einsemd. Svare er sortert etter kjønn og aldersgruppe. Dei raude, stipla linjene viser snittet for Sogn og Fjordane (til venstre) og Hordaland (til høgre).

Kjelder til figurar og tekst:
[Folkehelseundersøkelsen i Hordaland: Framgangsmåte og utvalgte resultat \(2018\)](#) og [Folkehelseundersøkinga i Sogn og Fjordane: Framgangsmåte og utvalde resultat \(2019\)](#)

I Sogn og Fjordane ser vi ein trend med mindre del einsame med aukande alder fram til gruppa 60-69 år. Frå aldersgruppa 70+ er det ei utflating, kanskje ein auke i prosentdel einsame.

For Hordaland er alderstrenden klårare enn for Sogn og Fjordane, der delen som oppgjev å kjenne seg einsame ofte eller svært ofte minkar med aukande alder.

I begge fylka er kjønnsforskjellane ubetydelege og ikkje statistisk sikre.

Forskarar bekymra for eldre i koronaisolasjon

Både nasjonalt og internasjonalt har forskarar uttrykt bekymring for dei eldste i situasjonen vi er i.* Dei kan vere særskilt sårbare, ikkje berre fordi dei må vere ekstra forsiktige for smitte, men også grunna generelt mindre nettverk og erfaring med digital teknologi. Resultat frå folkehelseoversikta for Vestland stør opp under dette biletet, ettersom det er store deler eldre i kommunar med spreitt busetnad.

På den andre sida melder NOVA at eldre kanskje kan takle midlertidig isolasjon betre enn unge. Eldre er etablerte og skal ikkje på same måte vidare og skape nye relasjonar. Mange eldre kan også dra nytte av liknande erfaringar frå tidlegare i livet. Resultata som her er vist om einsemd kan støtte opp under denne meininga. Merk likevel at svarprosenten var lågare for dei eldste aldersgruppene, så resultata må lesast med varsemd.


Psykiske plagar

Hopkins Symptom Checklist (HSCL-5) vart nytta som mål på psykisk helse i FHI-rapportane.* HSCL-5 består av fem spørsmål som kan svarast på med følgjande fire alternativ: "ikkje plaga" (1 poeng), "litt plaga" (2 poeng), "ganske mykje plaga" (3 poeng) og "veldig mykje plaga" (4 poeng).

Gjennomsnittsskåren går fra 1 til 4, der høgare skåre indikerer større grad av psykiske plagar.



Psykiske plagar er geografisk jamt fordelt



Figurane viser samla snitt av «HSCL»: ein gjennomsnittsskår av fire spørsmål som saman gir ein peikepinn på psykiske plagar hos folk. Jo høgare tal, di større psykiske plagar.

Her er vist snittet for kvart fylke (raud stipla linje) og for kvar region i undersøkinga. Sogn og Fjordane til venstre og Hordaland til høgre.

I dei justerte estimata er det justert for alder, kjønn og utdanning for til ein viss grad å kunne ta statistisk høgde for ulik demografisk samansetnad i dei ulike geografiske einingane.

Kjelder til figurar og tekst:
 Folkehelseundersøkelsen i Hordaland: Framgangsmåte og utvalgte resultat (2018) og Folkehelseundersøkinga i Sogn og Fjordane: Framgangsmåte og utvalde resultat (2019)


Gjennomsnittet av psykiske plagar er noko høgare i Hordaland, enn i Sogn og Fjordane. Statistisk sett er gjennomsnittsskåren svakt høgare i Sunnfjord enn i Indre Sogn, men denne forskjellen er truleg lite meiningsfull i praksis. For Hordaland er gjennomsnittsskåren høgast i Bergen og lågast i Hardanger og Voss og i Midthordland. Bergen trekk opp snittet for Hordaland.

Elles er det små forskjellar på tvers av regionane i Vestland.

Regioninndeling:

Nordfjord: Bremanger, Gloppen, Selje/Eid, Stryn
Sunnfjord: Flora/Vågsøy, Gaular/Jølster/Førde/Naustdal
HAFS/Ytre Sogn: Askvoll, Fjaler, Gulen, Hyllestad, Solund, Høyanger
Indre Sogn: Aurland, Balestrand/Leikanger/Sogndal, Luster, Lærdal, Vik, Årdal
Bergen
Askøy, Sotra og Øygarden: Sund, Fjell, Askøy, Øygarden
Midthordland: Osterøy, Vaksdal, Samnanger, Os, Fusa
Nordhordland: Meland, Radøy, Lindås, Austrheim, Fedje, Masfjorden, Modalen
Sunnhordland: Stord, Sveio, Austevoll, Etne, Fitjar, Kvinnherad, Bømlo, Tysnes
Hardanger og Voss: Voss, Granvin, Jondal, Odda, Ullensvang, Kvam, Ulvik, Eidfjord

Omfanget av psykiske plagar aukar etter kvart som utdanningsnivået søkk



Figurane viser samla snitt av «HSCCL». Jo høgare tal, di større psykiske plagar.

Svara er her fordelt på kjønn og utdanningsnivå. Raud stipla linje viser snittet for kvart fylke. Sogn og Fjordane til venstre og Hordaland til høgre.


Kategoriene Universitet <4 år omfattar også høgskuleutdanning.

Kjelder til figurar og tekst: [Folkehelseundersøkelsen i Hordaland: Framgangsmåte og utvalgte resultat \(2018\)](#) og [Folkehelseundersøkelsen i Sogn og Fjordane: Framgangsmåte og utvalgte resultat \(2019\)](#)

Skilnaden mellom yttergruppene (Grunnskule mot Universitet 4+), er statistisk signifikante for begge kjønn. Kvinner melder om fleire psykiske plagar innan kvart utdanningsnivå. Skilnaden mellom kjønna er statistisk signifikant for tre av gruppene (grunnskule, vidaregåande skule og universitet <4 år).

Trappetrinnsfordelinga fører likevel til at **menn med grunnskule skårar høgare på psykiske plagar, enn kvinner med universitet 4+**. Dette ser vi i begge fylka.

Unge kvinner har gjennomsnittleg mest psykiske plagar



Figurane viser samla snitt av «HSCCL». Jo høgare tal, di større psykiske plagar.

Svara er her fordelt på kjønn og aldersgrupper. Raud stipla linje viser snittet for kvart fylke. Sogn og Fjordane til venstre og Hordaland til høgre.

Kjelder til figurar og tekst: Folkehelseundersøkelsen i Hordaland: Framgangsmåte og utvalgte resultat (2018) og Folkehelseundersøkinga i Sogn og Fjordane: Framgangsmåte og utvalde resultat (2019)

Vi ser ein klår alderstrend, der gjennomsnittsskåren søkk med aukande alder. I Sogn og Fjordane flatar kurva noko ut hos dei eldste.

Innan kvar aldersgruppe har kvinner høgare gjennomsnittsskår enn menn. For begge fylka er denne kjønnsforskjellen klårt signifikant i den yngste aldersgruppa. For Hordaland er det også signifikante kjønnsforskjeller i aldersgruppa 30-39 år. I Sogn og Fjordane er det grensesignifikante forskjellar blant dei eldste som svara.*


Nøgdde med livet

Deltakarane vart spurde om i kva grad dei var fornøgde med tilværet for tida. Fem svaralternativ vart nytta: «svært fornøgd», «ganske fornøgd», «både/og», «nokså misfornøgd» og «svært misfornøgd».

I folkehelse rapportane blei svara nytta på ulike måter. Her er vist ei to-delning der det er skilt mellom dei som rapporterte å vere ganske eller svært fornøgdde og resten av svaralternativa.



Om ein er nøgd med livet, er stort sett likt fordelt mellom regionane i Vestland



Figurane viser prosentdel som oppgav å vere svært eller ganske fornøgd med livet, samla og på tvers av regionar i Sogn og Fjordane og i Hordaland. Den raude, stipla linja viser snittet for fylket

I dei justerte estimata er det justert for alder, kjønn og utdanning for til ein viss grad å kunne ta statistisk høgde for ulik demografisk samansetnad i dei ulike geografiske einingane.


Kjelder til figurar og tekst:
 Folkehelseundersøkelsen i Hordaland: Fremgangsmåte og utvalgte resultat (2018) og Folkehelseundersøkinga i Sogn og Fjordane: Framgangsmåte og utvalde resultat (2019)

I Sogn og Fjordane oppgav om lag fire av fem å vere svært eller ganske fornøgd med livet. Snittet er noko lågare for Hordaland, men det er ikkje testa om denne skilnaden er signifikant. Det er grensesignifikant skilnad i dei justerte estimata for Bergen og Sunnhordland.

Regioninndeling:
Nordfjord: Bremanger, Gloppen, Selje/Eid, Stryn
Sunnfjord: Flora/Vågsøy, Gaular/Jølster/Førde/Naustdal
HAFS/Ytre Sogn: Askvoll, Fjaler, Gulen, Hyllestad, Solund, Høyanger
Indre Sogn: Aurland, Balestrand/Leikanger/Sogndal, Luster, Lærdal, Vik, Årdal
Bergen
Askøy, Sotra og Øygarden: Sund, Fjell, Askøy, Øygarden
Midthordland: Osterøy, Vaksdal, Samnanger, Os, Fusa
Nordhordland: Meland, Radøy, Lindås, Austrheim, Fedje, Masfjorden, Modalen
Sunnhordland: Stord, Sveio, Austevoll, Etne, Fitjar, Kvinnherad, Bømlo, Tysnes
Hardanger og Voss: Voss, Granvin, Jondal, Odda, Ullensvang, Kvam, Ulvik, Eidfjord



Meir fornøgde med aukande utdanningsnivå



Sogn og Fjordane

Hordaland

Figurane viser prosentdel som oppgav å vere svært eller ganske fornøgde med livet, målt etter kjønn og utdanningsnivå i Sogn og Fjordane og i Hordaland. Den raude, stipla linja viser snittet for fylket.

Kategoriene Universitet <4+ år omfattar også høgskuleutdanning.


Kjelder til figurar og tekst: Folkehelseundersøkelsen i Hordaland: Framgangsmåte og utvalgte resultat (2018) og Folkehelseundersøkinga i Sogn og Fjordane: Framgangsmåte og utvalde resultat (2019)

Både blant menn og kvinner aukar prosentdelen som svara at dei er fornøgde med livet svakt med aukande utdanningsnivå. Den gradvise auken er noko tydelegare i Hordaland.

I Sogn og Fjordane er det omlag **6 prosentpoeng** som skil gruppene med grunnskule og dei med utdanning universitet 4+. I Hordaland er det omlag **10 prosentpoeng** som skil dei med lågaste og dei med høgaste utdanningsnivå.

Kjønnskilnadene innanfor utdanningsgruppene er små og ikkje statistisk sikre.

Nøgd med livet, delt inn etter kjønn og alder



Sogn og Fjordane

Hordaland

Figurane viser prosentdel som oppgav å vere svært eller ganske fornøgdde med livet, målt etter kjønn og aldersgrupper i Sogn og Fjordane og i Hordaland. Den raude, stipla linja viser snittet for fylket.

Kjelder til figurar og tekst: Folkehelseundersøkelsen i Hordaland: Framgangsmåte og utvalgte resultat (2018) og Folkehelseundersøkinga i Sogn og Fjordane: Framgangsmåte og utvalde resultat (2019)

Blant begge kjønn aukar prosentdelen som oppgav å vere fornøgdde med livet nokså sterkt med aukande alder. Der er berre små og ikkje statistisk sikre kjønnskilnader på tvers av aldersgruppene. Vi ser det same mønsteret i begge fylka.

Snittet er litt lågare for Hordaland enn for Sogn og Fjordane. Det er ikkje testa om denne skilnaden er statistisk signifikant.

Mønsteret er tydeleg både for psykiske plagar og det å vere nøgd med livet

- det er sosialt ulikt fordelt

- Dei som har lågare utdanning rapporterer om meir psykiske plagar, enn dei med høgare utdanning
- Dei som har lågare utdanning er i mindre grad fornøgde med livet, enn dei med høgare utdanning
- Dei yngste aldersgruppene er mindre nøgde og har høgare førekomst av psykiske plagar, enn dei eldste

Dei som har lågare utdanning blir i større grad permitterte. Dei yngste aldersgruppene blir i større grad permitterte, enn dei eldste.*

Kva vi veit om Vestland i ein «normalsituasjon»

Geografisk er det er for det meste ubetydelege skilnader mellom regionane. Dette betyr at skilnadene etter andre parametre er like relevante i alle regionar.



Psykiske og sosiale meistringsressursar er ulikt fordelt etter utdanning og til dels kjønn

- Dei med lågare utdanningsnivå opplever i mindre grad støtte frå omgjevnadene. **14% av dei med grunnskule som høgaste utdanning opplever at dei ikkje har sosial støtte.** Det vil seie å kunne få praktisk hjelp av naboar, opplever at andre viser interesse for det ein gjer, eller at ein har nokon ein kan rekne med viss ein treng det.
- Fleire menn enn kvinner opplever å ikkje ha sosial støtte
- I alle aldersgrupper er det **fleire kvinner enn menn som opplever å ha sosial støtte.** Menn i Hordaland i alderen 30-39 skil seg ut med ein noko høgare prosentdel opplevd sosial støtte enn forventa

- Delen som opplever **einsemd er størst i dei lågaste utdanningsgruppene**. Dette er særskilt tydeleg for kvinner.
- **Flest kvinner opplever psykiske plagar**. Kjønnskilnadene er særskilt store i dei yngste aldersgruppene.
- Likevel, den gjennomgåande trappetrinnsfordelinga etter utdanningsnivå fører til at **menn med grunnskule rapporterer om fleire psykiske plagar, enn kvinner med over fire år på universitet/høgskule**.
- Dei trinnvise skilnadene etter utdanningsnivå er ikkje like tydelege på spørsmålet om folk er nøgde med livet. Likevel er det høvesvis **6 og 10 prosentpoeng** (Sogn og Fjordane og Hordaland) skilnad mellom høgaste og lågaste utdanningsgruppe.

Alder betyr noko

- Det er i dei yngste aldersgruppene det er lågast prosentdel som opplever å ha sosial støtte
- Det er ein klår alderstrend, der gjennomsnittleg førekomst av psykiske plagar søkk med aukande alder. Dei yngste (særskilt kvinner) har det tyngst.
- Det er klårt flest unge i aldersgruppa 18-29 år som opplever einsemd
- Det er klårt færre i dei yngste aldersgruppene som er nøgde med livet, alt i alt

Kva vi veit om kven koronakrisa rammar?




Grupper med låg utdanning oftast permitterte

Kvinner oftare permitterte


OSLOMET

Hvem har blitt permittert eller hatt inntektstap – andel ja



Figur henta frå «Arbeidslivsbarometerets koronaundersøkelse». Nasjonale tal.


PROSENT



Figuren viser fordeling av dagpengesøkarar fordelt etter utdanningsnivå og kjønn. Prosent av gruppe. Risikoen for oppseiing eller permittering er klart høgare for arbeidstakarar med låg utdanning. Nasjonale tal.

Figuren er henta frå «Hvem tar støytten? Arbeidsmarkedet under Korona-krisen».

Utviklinga held fram så langt



Figuren viser utvikling i delen av dei permitterte som ikkje har fullført vidaregåande skule over tid. Y-aksen viser datoar i mars. Gruppa inkluderer personar som ikkje har fullført vidaregåande opplæring, men dei aller fleste har påbegynt vidaregåande skule. Dette er nasjonale tal.

Figur henta frå «Hvem tar støytten? Arbeidsmarkedet under Korona-krisen»

I den sist oppdaterte rapporten frå Vestland 6. mai var 13,9% av arbeidsstyrken i Vestland heilt eller delvis arbeidsledige, eller på tiltak.** Tala på heilt ledige hadde gått ned frå utgangen av april. Likevel er **talet heilt ledige under 30 år nesten fem gongar høgare** per 5. mai enn det var ved utgangen av februar.

I Vestland har vi sett at det på fleire måter er dei svakaste som i størst grad blir permitterte.

* <https://www.frisch.uio.no/om-oss/Nyheter/pdf/rapportdagpengesoknader.pdf>

** <https://www.vestlandfylke.no/statistikk-kart-og-analyse/rapportar/konsekvensar-av-covid-19-og-oljeprisfall-for-naringslivet/> 88

Dei mest utsette blir dobbelt ramma

- Arbeidstakarar 30-44 år (ofte familieforsørgande) blir oftast permitterte.*
- Mange unge arbeider i reiselivsbransjen, restaurantnæringar og i butikkar. Desse bransjane var dei første til å permittere då koronakrisa traff.**
- Unge arbeidstakarar jobbar som oftast i privat sektor, og har med det meir usikkerheit i jobben enn arbeidstakarar som jobbar i offentleg sektor.**
- I Vestland var det flest arbeidsledige innan butikk- og salsarbeid, reiseliv og transport, og serviceyrke. Dette er næringar som tradisjonelt har hatt låg snittinntekt og høg kvinnedel.***
- Arbeidsløyse er ein klår helsebelastning, uavhengig av kor høg eller låg arbeidsløysa er elles i landet. Det blir ikkje lettare å vere arbeidslaus, fordi mange andre er det.****

* <https://fagarkivet-hioa.archive.knowledgearc.net/bitstream/handle/20.500.12199/2995/Arbeidslivsbarometeret%20Korona%2006042020.pdf?sequence=1&isAllowed=y>

** https://www.oslomet.no/forskning/forskningsnyheter/toft-arbeidsliv-for-de-unge-etter-koronakrisen?utm_source=Nyhetsbrev+fra+OsloMet&utm_campaign=80986f60ab-nyhetsbrevnr117&utm_medium=email&utm_term=0_5681f0e60-80986f60ab-227028175

*** <https://www.vestlandfylke.no/statistikk-kart-og-analyse/rapportar/konsekvensar-av-covid-19-og-oljeprisfall-for-naringslivet/>

**** <https://www.oslomet.no/forskning/forskningsnyheter/arbeidsledighet-er-skadelig-for-helsa>

Kan vi seie noko om korleis vi handterer krisa?



Opplever fleire bekymringar no?

Ut frå ein normalsituasjon har vi sett at det er befolkningsgrupper i Vestland som er svakare rusta enn andre for å handtere denne krisa. Nasjonalt har det vore ein auke i delen som opplever mykje bekymring etter at koronatiltaka vart innførte.¹ Folk er også mindre glade og mindre fornøgde med livet, enn før tiltaka.


Eit positivt funn er at på spørsmål om dei har nokon å rekne med viss dei får store personlege problem, er det fleire som har det etter innførte restriksjonar, enn før. Dette kan jo tyde på at folk har tatt vare på kvarandre.

Vi ser ikkje nokon grunn til å tru at desse utviklingstrekka ikkje også skal vere gyldige i Vestland.

Figuren er henta frå SSB si livskvalitetsundersøking. Undersøkinga har blitt gjennomført før koronatiltak blei satt i verk (grøne søyler) og etter (svarte søyler). Nasjonale tal-

Kjelde: <https://www.ssb.no/sosiale-forhold-og-kriminalitet/artikler-og-publikasjoner/mer-bekymring-og-mindre-glede-etter-korona-tiltakene>

Figur 1. Andel som opplever mye bekymring



Kilde: Livskvalitetsundersøkelsen 2020, foreløpige tall. Statistisk sentralbyrå.

Det er vanskeleg å seie noko sikkert om korleis dette påverker oss, sidan omfanget er så stort. Det er få historiske erfaringar å trekke på. Men vi veit at

- Menneske er flokkdyr og treng sosial kontakt for å fyller grunnleggande behov for tilhøyrse, tryggleik, meining og engasjement.¹ Jo lengre tid som går utan at vi får dekkja behova, jo større og meir alvorlege blir konsekvensane – også helsemessig.
- Einsemd er allereie identifisert som ei stor utfordring i Norge. Auka innsats mot forebygging av einsemd er eit hovudgrep i siste folkehelsemelding.²
- Alkohol er ein viktig årsak til for tidleg død i befolkninga. Stress er ein kjent risikofaktor for alkoholmisbruk. Samanheng mellom langvarig sosial isolasjon og auka stressnivå, har blitt påvist hos dyr.³ Det er for tidleg å kunne seie noko om koronasituasjonen vil påverke førekomst av alkoholmisbruk, men kanskje noko ein skal vere merksam på frametter.
- Partnervald aukar i krisar.⁴
- Dei omfattande tiltaka på tvers av etatar har gjort sårbare barn ekstra utsette gjennom at tenestetilbodet har blitt vesentleg endra.⁵

1: https://www.oslomet.no/forskning/forskningsnyheter/eldre-isolasjon-korona-frykter-de-bli-mer-ensomme?utm_source=Nyhetsbrev+fra+OsloMet&utm_campaign=245b6d47f6-nyhetsbrevnr118_COPY_01&utm_medium=email&utm_term=0_5b8d1d6eb0-245b6d47f6-227028175

2: https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-19-20182019/id2639770/?q=einsemd&ch=1#match_0

3: [https://www.thelancet.com/journals/lanpub/article/PIIS2468-2667\(20\)30088-8/fulltext?dgcid=raven_jbs_etoc_email](https://www.thelancet.com/journals/lanpub/article/PIIS2468-2667(20)30088-8/fulltext?dgcid=raven_jbs_etoc_email)

4: <https://www.nkvts.no/aktuelt/korona-smitteverntiltak-og-voldsutsatte/>

5: <https://www.regjeringen.no/contentassets/3f92f45f0b384e0da0b2d89a9f55b7b6/2020-04-20-statusrapport-nr-1-fra-koordineringsgruppe-til-bfd-revidert.pdf>


Krisa kan forsterke ulikskap

For enkeltmenneske kan krisa vare ved i lang tid

Forsking på finanskrisa har vist at slike kriser kan ha ganske alvorlege konsekvensar for unge sine moglegheiter både på kort og lang sikt.* Hol i CV-en som følge av ein vanskeleg arbeidsmarknad, kan påverke dei unge sine arbeidsmoglegheiter også over tid.

Arbeidsgivarar bør vere merksam på dette, for at unge arbeidstakarar skal kunne bygge ein karriere også etter koronakrisa.

Situasjonen med usikkerheit, sosial isolasjon og permitteringar kan bere bør til byrden for dei som allereie har det tungt psykisk. I førre rapport såg vi at mykje dei same gruppene også har ein større fare for å bli alvorleg sjuk av Covid-19. I praksis betyr dette at jo mindre ressursar folk har, dess større sannsyn er det for å bli råka hardt av Covid-19. *På gruppenivå, vel og merke.* Individuelt vil variasjonane vere store over alle målingane.



Privatøkonomi og nærmiljø -ringverknader av sosial distansering og permitteringar



Den økonomiske situasjonen oppsummert

Konsekvensar av korona og oljeprisfall for næringslivet i Vestland*

- Per 12. mai var 13,3 % av arbeidsstyrken i Vestland arbeidssøkande
- Sidan veke 13 (23. - 29.mars) har det blitt færre heilt ledige, men fleire delvis ledige
- Nesten 1 av 5 NHO-medlemmar har planar om å seie opp tilsette
- For 18 % av medlemmane i næringsråda er det sannsynleg at dei må seie opp tilsette. Talet verksemdar som har slike planar har auka i mai månad.
- 26 % av NHO-medlemmane har likvidetsproblem, 19 % melder om reell konkurrisiko. Desse tala er blitt litt lågare for kvar veke etter påske.
- Problema er størst for dei minste verksemdene: nær 1 av 3 seier det er ein reell risiko for at dei går konkurs som følgje av koronaviruset
- Det er venta at vestlandet vil bli hardast råka, både på kort og lang sikt

Kvifor sjå på privatøkonomi og nærmiljø?

Det er godt kjent, både nasjonalt og internasjonalt, at grad av inntekt og utdanning er drivande faktorar som styrer levekår, sjukdomsførekost, levevanar, psykisk helse og levealder.

Vi har sett gjennom våre to føregående rapportar om covid-19 at førekost av risikofaktorar og livsmeistringsressursar er ulikt fordelt mellom grupper av folk i Vestland.

Dei gruppene som i størst grad har auka risiko for alvorleg sjukdom og som har eit svakare utgangspunkt for å handtere isolasjon og usikkerheit, er dei same gruppene som også i størst grad er råka av dei samfunnsøkonomiske konsekvensane gjennom permittering eller arbeidsløyse.

I denne rapporten ser vi nærmare på økonomi og nærmiljø. Når vi no veit at det er særskilte grupper som i større grad blir permitterte, og som på gruppenivå er svakare rusta psykososialt, vil det vere interessant å sjå nærmare på korleis opplevinga av eigen økonomi og eget nærmiljø fordeler seg over befolkningsgruppene.

Eigenopplevd økonomi

Inntekt åleine seier noko om økonomi, men mindre om privat handlingsrom. Dersom størsteparten av inntekta er bunden opp i lån, gir ikkje ei god inntekt åleine handlingsrom.

I ei tid med mange permitteringar og usikker arbeidssituasjon, er det relevant å vite korleis folk opplever sin eigen økonomi – er den god, eller ikkje?


Vidare kan vi få ein peikepinn på om privatøkonomien er robust, eller ikkje, gjennom spørsmål om hushaldet kan klare ei større, ikkje varsla utgift.



Vi begynner med å sjå litt på
korleis folk opplever sin eigen
økonomiske situasjon, samanlikna
med andre

- i 2018 og 2019, før covid-19-utbrotet

Eigenopplevd økonomi er ulik i regionane



Regioninndeling:

Nordfjord: Bremanger, Gloppen, Selje/Eid, Stryn
Sunnfjord: Flora/Vågsøy, Gaular/Jølster/Førde/Naustdal
HAFS/Ytre Sogn: Askvoll, Fjaler, Gulen, Hyllestad, Solund, Høyanger
Indre Sogn: Aurland, Balestrand/Leikanger/Sogndal, Luster, Lærdal, Vik, Årdal
Bergen
Askøy, Sotra og Øygarden: Sund, Fjell, Askøy, Øygarden
Midthordland: Osterøy, Vaksdal, Samnanger, Os, Fusa
Nordhordland: Meland, Radøy, Lindås, Austrheim, Fedje, Masfjorden, Modalen
Sunnhordland: Stord, Sveio, Austevoll, Etne, Fitjar, Kvinnherad, Bømlo, Tysnes
Hardanger og Voss: Voss, Granvin, Jondal, Odda, Ullensvang, Kvam, Ulvik, Eidfjord

I Sogn og Fjordane er det litt høgare del i Indre Sogn enn elles, som rapporterte at dei har god eller stort sett god råd.

I Hordaland ligg Bergen så vidt over gjennomsnittet for Hordaland, mens 'Askøy, Sotra og Øygarden' og Midthordland ligg litt under når det ikkje blir justert for andre variablar.


Etter justering for kjønn, alder og utdanning blir forskjellane mindre. Då er det berre 'Askøy, Sotra og Øygarden' som ligg under gjennomsnittet for Hordaland. Desse forskjellane er små og heilt på grensa for å vere signifikant.

Figurane viser prosentdel med sjølvrapportert god eller stort sett god råd, samla og på tvers av regionar i Sogn og Fjordane (til venstre) og i Hordaland (til høgre). Dei raude, stipla linjene viser snitt for fylket. Det er ikkje testa om forskjellane mellom dei gamle fylka er signifikante. I dei justerte estimata er det justert for alder, kjønn og utdanning for til ein viss grad å kunne ta statistisk høgde for ulike demografisk samansetnad i dei ulike geografiske einingane.

Kjelder til figurar og tekst:

[Folkehelseundersøkelsen i Hordaland: Fremgangsmåte og utvalgte resultat \(2018\)](#) og [Folkehelseundersøkinga i Sogn og Fjordane: Framgangsmåte og utvalde resultat \(2019\)](#)

Økonomien blir bedre med alderen



Figurane viser prosentdel med sjølvrappert god eller stort sett god råd, fordelt på kjønn og aldersgrupper i Sogn og Fjordane (til venstre) og i Hordaland (til høgre). Dei raude, stipla linjene viser snitt for fylket. Det er ikkje testa om forskjellane mellom dei gamle fylka er signifikante.


Kjelder til figurar og tekst: Folkehelseundersøkelsen i Hordaland: Framgangsmåte og utvalgte resultat (2018) og Folkehelseundersøkinga i Sogn og Fjordane: Framgangsmåte og utvalgte resultat (2019)

Jo eldre folk er, dess høgare er delen som opplever at dei har god eller stort sett god råd.

I nesten alle aldersgruppene er prosentdelen størst blant menn, men kjønnskilnaden er statistisk sett berre sikker for aldersgruppa 60-69 år.

Hordaland har størst forskjell mellom dei eldste og dei yngste, med **25,8 prosentpoeng** blant kvinner og **28,2 prosentpoeng** blant menn.

Med kortare utdanning har mindre prosentdel god råd



Figurane viser prosentdel med sjølvrapportert god eller stort sett god råd, fordelt på kjønn og utdanningsnivå i Sogn og Fjordane (til venstre) og i Hordaland (til høgre). Dei raude, stipla linjene viser snitt for fylket. Det er ikkje testa om forskjellane mellom dei gamle fylka er signifikante.

Kategoriene Universitet <4+ år omfattar også høgskuleutdanning.

Kjelder til figurar og tekst:
Folkehelseundersøkelsen i Hordaland: [Fremgangsmåte og utvalgte resultat \(2018\)](#) og Folkehelseundersøkinga i Sogn og Fjordane: [Framgangsmåte og utvalgte resultat \(2019\)](#)


Delen som svarte at dei har god eller stort sett god råd søkk med utdanningsnivå i begge fylka. I Sogn og Fjordane er det **25,4 prosentpoeng** færre i gruppa med grunnskuleutdanning, enn hos dei med «Universitet 4+ år». I Hordaland er skilnaden på **21,5 prosentpoeng** mellom høgaste og lågaste utdanningsgruppe.

I alle utdanningsgruppene opplever menn betre økonomi enn kvinner. Kjønnsskilnadene er statistisk signifikant i alle gruppene, med unntak av gruppa med grunnskule som høgaste utdanning i Hordaland.

Så går vi vidare til å sjå på om
hushalda kan klare ei større uventa
utgift, utan å måtte ta opp ekstra
lån, eller få hjelp frå andre

- i 2018 og 2019, før covid-19-utbrotet

Utdanningsnivået spiller ei rolle for økonomien



Det er færre i gruppene med lågast utdanning som opplever å kunne handtere uventa utgifter. Av dei som svara «ja» er det **10 prosentpoeng** skilnad mellom lågaste og høgaste utdanningsgruppe.

Kvinner svarar oftare nei enn menn.


Det er noko skilnader mellom regionane på dette spørsmålet, men desse er ikkje testa for signifikans. Fordelinga føl i stor grad det same mønsteret som for spørsmålet om eigen økonomi, samanlikna med andre.

Figuren viser prosentdel som svara ja eller nei på spørsmålet om hushaldet kan klare ei ikkje varsla utgift på 10.000 kr i løpet av ein måned. Det vil seie utan å måtte ta opp lån, bruke kreditt, eller å få hjelp frå andre. Svara er fordelt etter kjønn og utdanningsnivå.

Låg utdanning svarer her til grunnskulenivå, middels utdanning til VGS, og høg utdanning til all universitets- og høyskuleutdanning. Tala er ikkje justerte og ikkje testa for signifikans.

Kjelde:
Folkehelseundersøkingane i Hordaland (2018) og Sogn og Fjordane (2019)

Med høgare alder blir privatøkonomien meir robust



Framleis spelar kjønn ei rolle

I alle aldersgruppene er det fleire menn enn kvinner som meiner hushaldet dei er del av kan klare ei større, ikkje pårekna utgift.

Delen som svara ja på spørsmålet aukar jamt med alderen for begge kjønn.

I den yngste aldersgruppa (18-24 år), er det **31,5%** som svara at dei ikkje kan klare ei større, ikkje varsla utgift.


Figuren viser prosentdel som svara ja eller nei på spørsmålet om hushaldet kan klare ei ikkje varsla utgift på 10.000 kr i løpet av ein måned. Det vil seie utan å måtte ta opp lån, bruke kreditt, eller å få hjelp frå andre. Svarea er fordelt etter kjønn og alder.

Kjelde:
Folkehelseundersøkingane i Hordaland (2018) og Sogn og Fjordane (2019)

Høgare inntekt gir meir robust økonomi

Det er kanskje ikkje overraskande at fleire kan klare ei større utgift etterkvart som inntekta aukar. Men dette bildet gir også informasjon om at folk med stigande inntekt, ikkje bind utgifter til høgare lån til bustad og bil.

Det er likevel kanskje mest interessant å merke seg at **ved ei inntekt på 350.000-450.000, er det framleis 25% som ikkje ville klart ei større, uventa utgift.**




Arbeidsledige har mindre moglegheit til å handtere ei større, uventa utgift


Figuren viser svarfordelinga i prosent av dei som svara ja og nei på spørsmålet om hushaldet kan klare ei ikkje varsla utgift på 10.000 kr i løpet av ein måned. Det vil seie utan å måtte ta opp lån, bruke kreditt, eller å få hjelp frå andre. Svara er fordelt etter yrkestilknytning.

Tala er ikkje justerte og ikkje testa for signifikans. Merk at det er forskjell i størrelse på gruppene – det er langt fleire som har oppgjeve å vere yrkesaktiv på heiltid, enn dei som svara at dei var arbeidslause.

Kjelde:
Folkehelseundersøkingane i Hordaland (2018) og Sogn og Fjordane (2019)



Låginntekt og størrelse på hushald



Mindre del enn landet har låg inntekt i Vestland

Jamfør Folkehelsebarometeret er delen som bur i husstandar med låg inntekt, lågare enn landsnivået.

Det er berre i Bergen det er signifikant fleire enn landet.

Merk at desse berekningane blei gjort før den pågåande krisa.


Kartet viser prosentdel av befolkninga, alle aldre, som budde i hushald med låg inntekt i kommunane i Vestland. Tala er standardiserte og samanlikna med landet (2018-tal). Låg inntekt er her rekna som hushald med mindre enn 60% av nasjonal median.

Grøn: signifikant betre enn landet.

Gul: ikkje signifikant skilnad.

Raud: Signifikant dårlegare enn landet. Grå: Ikkje testa for signifikans/ ikkje data

Kjelde:
Folkehelsebarometeret Vestland




Mange år med auke i låginntekt


Sett over tid, har det vore ein jamn auke i prosentdelen som bur i låginntektshushald – i Vestland likt med landet.


Det har vore ein større auke hos barna, enn hos befolkninga generelt.

Hushald med låginntekt (EU60), alle aldre, prosent



Hushald med låginntekt (EU60), 0-17 år, prosent





Tre veker etter at Norge «stengte» 12. mars, hadde **8 prosent av husstandane i Norge økonomiske problem.*** Her var det ein klår samanheng til inntektsnivået før krisa.

Det er mange som er sårbare ved redusert inntekt og **det er venta at prosentdelen med betalingsproblem vil auke dei neste månadene.***


Nasjonalt ser vi at arbeidstakarar 30-44 år (ofte familieforsørgande) i større grad blir permitterte**

Ut frå dette er det interessant å sjå nærmare på samansetnaden av husstandar i Vestland og i kva grad dei eiger eller leiger bustaden sin.

Det hjelper å ha nokon å dele utgiftene med

Riktignok spelar utdanning ei rolle, men sjølv blant dei med høgast utdanningsnivå, er det ein langt mindre del som kan klare ei uvarsla utgift åleine, enn blant sambuande/gifte med lågaste utdanningsnivå.


Blant sambuande/gifte kan det sjå ut som om det å vere to minskar sårbarheita til gruppa med lågast utdanningsnivå.



Figuren viser prosentdel som svara ja eller nei på spørsmålet om hushaldet kan klare ei ikkje varsla utgift på 10.000 kr i løpet av ein måned. Det vil seie utan å måtte ta opp lån, bruke kreditt, eller å få hjelp frå andre. Svara er fordelt etter sivilstand og utdanningsnivå.


Låg utdanning svarer her til grunnskulenivå, middels utdanning til VGS, og høg utdanning til all universitets- og høgskuleutdanning. Tala er ikkje justerte og ikkje testa for signifikans.

Kjelde:
Folkehelseundersøkingane i Hordaland (2018) og Sogn og Fjordane (2019)



1 av 5 bur åleine i Vestland

- 19,3% av innbyggjarane i alderen 30-44 år bur åleine*
- 14,4% av innbyggjarane i Vestland er eineforsørgarar. Delen har gått ned frå 15,7% over dei siste seks åra**
- 13% av alle barn i Vestland bur saman med berre ein forsørgar. Prosentdelen har vore stabil over fleire år*



I Vestland er det store skilnader i prosentdelen som leiger bustaden dei bur i. Færrast i Askøy med 13%, flest i Sogndal med 44%.

Det er sårbart med høg gjeldsgrad i befolkninga når mange mister inntekt. Slik sett kan ein seie at det er positivt med fleire leigetakarar, ut frå meininga om at lån til bustad er ein vanleg årsak til høg gjeld. Men ved fråfall i inntekt kan dei som har lån i banken ofte unngå å betale avdrag, eller få andre avtalar med banken.

Dei som leiger har ikkje denne fleksibiliteten og kan med det vere meir sårbare viss inntekta forsvinn.

Buutgifter stor del av inntekta for mange

Det er store skilnader mellom ulike former for yrkesstatus

Nasjonale tal før koronakrisa viser at:

Nesten halvparten (47%) av arbeidslause hadde **bustadutgifter på meir enn ein firedel av inntekta si.***

Til samanlikning hadde 19 prosent av yrkesaktive i heiltidsstilling bustadutgifter på meir enn ein fire del av inntekta.

Privatøkonomi i Vestland, oppsummert

- Det er en mindre del som opplever god råd i gruppene med lågast utdanningsnivå. Det er opptil 25,4 prosentpoeng forskjell mellom gruppene med lågaste og høgaste utdanningsnivå.
- Økonomien blir betre med alderen. Det er opptil 28,2 prosentpoeng skilnad mellom dei eldste og dei yngste
- I alle utdanningsgruppene og dei fleste aldersgruppene opplever menn betre økonomi enn kvinner
- Prosentdelen som bur i låginntektshushald har auka over tid. Det har vore ein større auke hos barna, enn hos befolkninga generelt.
- Ein av fem i aldersgruppa 30-44 år bur åleine i Vestland
- Det er store skilnader i prosentdelen som leiger bustaden dei bur i

**Korleis er opplevinga av
eiget nærmiljø
og omgjevnadene?**



Nærmiljøet har blitt viktigare

Dei umiddelbare og mest inngripande tiltaka knytt til krisa er over for denne gang. For størsteparten av befolkninga er kvardagen i ferd med å komme tilbake til normalen.


Men tida med heimebarnehage, heimeskule og heimekontor, der ein blei frarådd å reise kollektivt og å unngå samlingspunkt, gjorde det umiddelbare nærmiljøet synleg på heilt nye måtar for mange. Nokre oppdaga truleg nye kvalitetar, mens andre kanskje kjente på avgrensing og liten handlefridom i sitt nærmiljø.

Vi blir framleis råda til å reise mindre og mange vil også frametter i stor grad bruke meir tid i eget nærmiljø. Nokre har framleis heimekontor, nokre er i ei risikogruppe og vil vere mindre ute blant folk, mens andre er permitterte eller har mista jobben og har meir fritid enn dei pleier.

Så, korleis opplevde folk i Vestland sine nærmiljø då kvardagen var meir normal, i 2018 og 2019?

Først litt om korleis folk opplever
tilgangen på ulike nærmiljøfaktorar
og moglegheita til å bruke dei

Variert tilgang på grøntareal



Når det gjeld tilgang til **grøntareal** er skilnaden mellom regionane i gamle Sogn og Fjordane små. Sunnfjord merkar seg ut når det gjeld tilgang til grøntareal, med litt lågare tal enn gjennomsnittleg for heile fylket. Her ligg Nordfjord litt høgare enn gjennomsnittstala for Sogn og Fjordane.

Snittet ligg på rett over 90%.

For Hordaland er det noko variasjon mellom regionane. I

«Askøy, Sotra og Øygarden» opplever dei lågast tilgang, «Hardanger og Voss» rapporterer høgast tilgang til grøntareal. Her er det **7,5 prosentpoeng forskjell**.

Figurane viser prosentdel som opplever å ha god tilgang til grøntareal i Sogn og Fjordane (venstre) og Hordaland (høgre), samla og på tvers av regionar. Dei raude, stipla linjene viser snitt for kvart gamle fylke.

I dei justerte estimata er det justert for alder, kjønn og utdanning for til ein viss grad å kunne ta statistisk høgde for ulike demografisk samansetnad i dei ulike geografiske einingane.

Kjelder til figurar og tekst:

[Folkehelseundersøkinga i Sogn og Fjordane: Framgangsmåte og utvalde resultat \(2019\)](#) og [Folkehelseundersøkelsen i Hordaland: Framgangsmåte og utvalgte resultat \(2018\)](#)

Regioninndeling:

Nordfjord: Bremanger, Gloppen, Selje/Eid, Stryn

Sunnfjord: Flora/Vågsøy, Gaular/Jølster/Førde/Naustdal
HAFS/Ytre Sogn: Askvoll, Fjaler, Gulen, Hyllestad, Solund, Høyanger

Indre Sogn: Aurland, Balestrand/Leikanger/Sogndal, Luster, Lærdal, Vik, Årdal

Bergen

Askøy, Sotra og Øygarden: Sund, Fjell, Askøy, Øygarden


Midthordland: Osterøy, Vaksdal, Samnanger, Os, Fusa

Nordhordland: Meland, Radøy, Lindås, Austrheim, Fedje, Masfjorden, Modalen

Sunnhordland: Stord, Sveio, Austevoll, Etne, Fitjar, Kvinnherad, Bømlo, Tysnes

Hardanger og Voss: Voss, Granvin, Jondal, Odda, Ullensvang, Kvam, Ulvik, Eidfjord

Svært god tilgang på natur- og friluftsområde



Tilgangen til **natur- og friluftsområde** ser svært god ut for gamle Sogn og Fjordane, med tal som varierer rundt 96-97 % i alle regionane.

For Hordaland er det liten geografisk variasjon og i stor grad opplever folk god tilgang, sjølv om snittet for fylket ligg 2-3 prosentpoeng lågare enn Sogn og Fjordane.

Figurane viser prosentdel som opplever å ha god tilgang til natur- og friluftsområde i Sogn og Fjordane (venstre) og Hordaland (høgre), samla og på tvers av regionar. Dei raude, stipla linjene viser snitt for kvart gamle fylke.

I dei justerte estimata er det justert for alder, kjønn og utdanning for til ein viss grad å kunne ta statistisk høgde for ulik demografisk samansetnad i dei ulike geografiske einingane.

Kjelder til figurar og tekst:
 Folkehelseundersøkinga i Sogn og Fjordane: Framgangsmåte og utvalde resultat (2019) og Folkehelseundersøkelsen i Hordaland: Framgangsmåte og utvalgte resultat (2018)

Regioninndeling:

Nordfjord: Bremanger, Gloppen, Selje/Eid, Stryn

Sunnfjord: Flora/Vågsøy, Gaular/Jølster/Førde/Naustdal

HAFS/Ytre Sogn: Askvoll, Fjaler, Gulen, Hyllestad, Solund, Høyanger

Indre Sogn: Aurland, Balestrand/Leikanger/Sogndal, Luster, Lærdal, Vik, Årdal

Bergen

Askøy, Sotra og Øygarden: Sund, Fjell, Askøy, Øygarden

Midthordland: Osterøy, Vaksdal, Samnanger, Os, Fusa


Nordhordland: Meland, Rødøy, Lindås, Austrheim, Fedje, Masfjorden, Modalen

Sunnhordland: Stord, Sveio, Austevoll, Etne, Fitjar, Kvinnherad, Bømlo, Tysnes

Hardanger og Voss: Voss, Granvin, Jondal, Odda, Ullensvang, Kvam, Ulvik, Eidfjord

I begge fylka er det minimale skilnader mellom ujusterte og justerte estimat.

Gode moglegheiter til å bevege seg i nærmiljøet



Det er svært høge prosentdelar som oppgjev gode høve til å bevege seg i eget nærmiljø.
 Det er svært liten variasjon mellom ulike geografiske område.

Figurane viser prosentdel som opplever at det er lett å bevege seg i eget nærmiljø i Sogn og Fjordane (venstre) og Hordaland (høgre), samla og på tvers av regionar. Dei raude, stipla linjene viser snitta for fylka.

I dei justerte estimata er det justert for alder, kjønn og utdanning for til ein viss grad å kunne ta statistisk høgde for ulik demografisk samansetnad i dei ulike geografiske einingane. Her ser vi svært små skilnader mellom ujusterte og justerte estimat.

Kjelder til figurar og tekst:
 Folkehelseundersøkinga i Sogn og Fjordane: Framgangsmåte og utvalde resultat (2019) og
 Folkehelseundersøkelsen i Hordaland: Fremgangsmåte og utvalgte resultat (2018)


Regioninndeling:
Nordfjord: Bremanger, Gloppen, Selje/Eid, Stryn
Sunnfjord: Flora/Vågsøy, Gaular/Jølster/Førde/Naustdal
HAFS/Ytre Sogn: Askvoll, Fjaler, Gulen, Hyllestad, Solund, Høyanger
Indre Sogn: Aurland, Balestrand/Leikanger/Sogndal, Luster, Lærdal, Vik, Årdal
Bergen
Askøy, Sotra og Øygarden: Sund, Fjell, Askøy, Øygarden
Midthordland: Osterøy, Vaksdal, Samnanger, Os, Fusa
Nordhordland: Meland, Radøy, Lindås, Austrheim, Fedje, Masfjorden, Modalen
Sunnhordland: Stord, Sveio, Austevoll, Etne, Fitjar, Kvinnherad, Bømlo, Tysnes
Hardanger og Voss: Voss, Granvin, Jondal, Odda, Ullensvang, Kvam, Ulvik, Eidfjord

Det er ubetydelege forskjeller mellom ujusterte og justerte estimat.

Trivsel i nærmiljøet



Nøgd med nærmiljøet etter region



Prosentdelen som rapporterte at dei trivast i nærmiljøet varierer mellom regionane. Det er størst del som trivst blant dei som bur i Bergen (74,8%), tett fulgt av Indre Sogn (74,2%). **Dei lågaste tala finn vi i HAFS/ Ytre Sogn (67,8%) og Sunnfjord (68,1%).**

Skilnadene er ikkje dramatisk store.

Figurane viser prosentdel som i stor grad trivst i nærmiljøet sitt, samla og på tvers av regionar i Sogn og Fjordane (til venstre) og i Hordaland (til høgre). Dei raude, stipla linjene viser snitt for fylket. Det er ikkje testa om forskjellane mellom dei gamle fylka er signifikante. I dei justerte estimata er det justert for alder, kjønn og utdanning for til ein viss grad å kunne ta statistisk høgde for ulike demografisk samansetnad i dei ulike geografiske einingane. Her ser vi nesten ingen skilnad mellom ujusterte og justerte estimat.

Kjelder til figurar og tekst:
 Folkehelseundersøkelsen i Hordaland: Fremgangsmåte og utvalgte resultat (2018) og Folkehelseundersøkinga i Sogn og Fjordane: Framgangsmåte og utvalde resultat (2019)

Regioninndeling:

Nordfjord: Bremanger, Gloppen, Selje/Eid, Stryn

Sunnfjord: Flora/Vågsøy, Gaular/Jølster/Førde/Naustdal

HAFS/Ytre Sogn: Askvoll, Fjaler, Gulen, Hyllestad, Solund, Høyanger

Indre Sogn: Aurland, Balestrand/Leikanger/Sogndal, Luster, Lærdal, Vik, Årdal

Bergen

Askøy, Sotra og Øygarden: Sund, Fjell, Askøy, Øygarden


Midthordland: Osterøy, Vaksdal, Samnanger, Os, Fusa

Nordhordland: Meland, Radøy, Lindås, Austrheim, Fedje, Masfjorden, Modalen

Sunnhordland: Stord, Sveio, Austevoll, Etne, Fitjar, Kvinnherad, Bømlo, Tysnes

Hardanger og Voss: Voss, Granvin, Jondal, Odda, Ullensvang, Kvam, Ulvik, Eidfjord

Betre trivsel i nærmiljøet i Hordaland



Figurane viser prosentdel som i stor grad trivst i nærmiljøet sitt, sortert etter kjønn og utdanningsnivå i Sogn og Fjordane (til venstre) og i Hordaland (til høgre). Dei raude, stipla linjene viser snitt for fylket. Det er ikkje testa om forskjellane mellom dei gamle fylka er signifikante.

Kategoriene Universitet <4+ år omfattar også høgskuleutdanning.

Kjelder til figurar og tekst:
[Folkehelseundersøkelsen i Hordaland: Framgangsmåte og utvalgte resultat \(2018\)](#) og [Folkehelseundersøkinga i Sogn og Fjordane: Framgangsmåte og utvalde resultat \(2019\)](#)


I Sogn og Fjordane ser vi den kjente utdanningsgradienten, men kurva flatar ut og snittet for dei to universitetsgruppene er likt (72,9%), sjølv om kjønnskilnaden er ulik. Det er **6,3 prosentpoeng skilnad mellom høgaste og lågaste utdanningsgruppe**.

I Hordaland er snittet høgare i alle utdanningsgruppene, men her ser vi ikkje den typiske utdanningsgradienten. Her har gruppa VGS (vidaregåande skule) lågast trivsel. **Likevel er denne gruppa 2 prosentpoeng større enn tilsvarande gruppe i Sogn og Fjordane**.

Gruppa med grunnskule som høgaste utdanning trivst i snitt heile **6 prosentpoeng** meir enn tilsvarande gruppe i Sogn og Fjordane.

Samanliknar vi gruppa Universitet 4+ i Hordaland, med Grunnskule i Sogn og Fjordane er det heile **9,3 prosentpoeng** skilnad i trivsel.

Dei eldste trivst best i nærmiljøet sitt



Figurane viser prosentdel som i stor grad trivst i nærmiljøet sitt, sortert etter kjønn og alder i Sogn og Fjordane (til venstre) og i Hordaland (til høgre). Dei raude, stipla linjene viser snitt for fylket. Det er ikkje testa om forskjellane mellom dei gamle fylka er signifikante.

Kjelder til figurar og tekst:
Folkehelseundersøkelsen i Hordaland: Fremgangsmåte og utvalgte resultat (2018) og Folkehelseundersøkinga i Sogn og Fjordane: Framgangsmåte og utvalde resultat (2019)

I begge fylka ser vi ein klår alderstrend, der prosentdelen som oppgjev stor grad av trivsel i nærmiljøet aukar med alderen. Dette er særskilt tydeleg i Hordaland. I Sogn og Fjordane aukar prosentdelen opp til nest høgaste aldersgruppa (60-69 år), for deretter å flate ut.

Innan dei fleste aldersgruppene er det berre små og ikkje statistisk sikre skilnader mellom menn og kvinner. Unntaket er skilnaden mellom kvinner og menn i aldersgruppa 40-49 år i Hordaland. Her oppgjev **4,7 prosentpoeng fleire kvinner enn menn at dei trivst.**

Trivsel i nærmiljøet, oppsummert

Vi ser dei same trendene knytt til utdanning og alder som vi har sett på fleire andre parametre i desse rapportane: **det meste blir betre med alderen og med høgare utdanning.**

Blant dei som svara stig prosentdelen som trivst i nærmiljøet, etter kvart som alderen blir høgare. **Dette er godt nytt med omsyn til dei eldste som risikogruppe. Med meir tid i nærmiljøet frametter, er det godt at folk trivst.** Sjølv om kurva flatar litt ut i Sogn og Fjordane, er dei eldste aldersgruppene klårt dei som trivst mest i eget nærmiljø.

På den andre sida er dette **mindre godt nytt for dei yngre. Det er fleire i desse gruppene som er permitterte og har mista arbeidet.** Det er også i desse aldersgruppene at dei fleste har små barn, noko som gir mindre aksjonsradius der ein er meir prisgjeve dei umiddelbare omgjevnadene.

Trivsel i nærmiljøet, oppsummert

- Det er tydelege utdanningsforskjeller når det gjeld trivsel, særskilt i Sogn og Fjordane. Gjennomsnittet er høgare for Hordaland, noko som til saman gir store skilnader mellom utdanningsgruppene i dei gamle fylka.
- Dei unge og dei med låg utdanning er dei gruppene som trivst minst i sitt eige nærmiljø. Dette er dei same gruppene som i størst grad har blitt permitterte og som har mista jobben som konsekvens av koronakrisa.
- Gruppene som trivst minst i eget nærmiljø, er dei same gruppene som opplever mindre sosial støtte, meir einsemd og som rapporterer om fleire psykiske plagar enn andre.



Oppsummering

Gjennom denne rapporten og dei to føregåande, «Covid-19 og risikogrupper i Vestland» og «Samfunnskonsekvensane av covid-19» har vi sett at:



- Det er kjønns- og utdanningsskilnader i førekomst av helseplagar og risikofaktorar for alvorleg covid-19-sjukdom
- Befolkningsgruppene som er mest utsette for alvorleg sjukdomsforløp er også dei gruppene som blir mest eksponerte for smitte gjennom arbeidsforhold og bruk av kollektivtransport
- Det er alders- og utdanningsskilnader knytt til psykiske plagar, einsemd og om ein er fornøgd med livet, eller ikkje
- Det er flest unge, flest kvinner og flest med låg utdanning, som er permitterte/arbeidsledige som følge av dei økonomiske konsekvensane av krisa. Nasjonalt er det oftast arbeidstakarar i familieforsørgande alder som blir permitterte
- Det er flest unge, flest kvinner og flest med låg utdanning som opplever å ha dårleg økonomi og som i mindre grad kan klare ei ikkje varsla utgift
- Dei næringane i Vestland med flest arbeidsledige, er også dei som tradisjonelt har hatt låg snittinntekt og høg kvinneandel
- Det er frykt for at fleire verksemdar vil gå konkurs og at fleire privatpersonar vil få økonomiske problem
- Det er venta at vestlandet vil bli hardast råka, både på kort og lang sikt

Covid-19 forsterkar allereie kjende sosioøkonomiske skilnader

I denne rapportserien har vi sett systematiske skilnader over utdanningsnivå på ei rekkje ulike variablar. Det aller meste med utgangspunkt i Vestland før covid-19. Dei systematiske skilnadene er ikkje nye funn. I denne samanhengen er utdanningsnivå trekt særskilt fram, men vi kunne også valgt økonomi, ettersom tilsvarende systematiske skilnader også teiknar seg der.

Desse gjennomgåande sosioøkonomiske skilnadene har ein tendens til å forsterke seg gjennom opphopingar av negative faktorar, slik denne rapportserien tydeleg viser.

Vi går ikkje fri for desse utviklingstrekk i Vestland. Hvis vi ser til konklusjonane i siste folkehelseoversikt, ser vi at mange av dei utviklingstrekk som vart identifiserte som utfordrande for Vestland, blir forsterka og gjort meir synlege gjennom koronakrisa.

Kjente utfordringar blir forsterka av den pågåande krisa


Folkehelseoversikt 2019-2023 identifiserte utfordringar som

- Aukande del eldre i mange kommunar
- Aukande del som lever i låginntektshushald over tid – særskilt hos barn
- Aukande førekomst av einsemd og psykiske plagar
- Tydelege sosioøkonomiske skilnader
- Behov for gode nærmiljø
- I fleire område av fylket er folk lite nøgde med kultur- og idrettstilbod

Det er krevjande å sjå heile biletet når så mange ulike forhold spelar ei rolle.

Men covid-19 har tydeleg vist oss at alle kommunar har nokon som på ulike vis er meir sårbare no – alle har nokon dei treng å ta ekstra godt vare på.

Det er ikkje alltid like openbert kven dei er. Kven sjukdommen og konsekvensane av den er kritisk for, er andre og fleire, enn dei ein kanskje umiddelbart tenker på.



Saksnr: 2020/1931-45
Saksbehandler Dagmar Reutz Hillestad
Dato: 19.08.2020

Til: Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

Frå: Fylkesrådmannen

Frivilligpolitikk i Vestland

Vedlagt er Frivilligpolitikk i Vestland.

Vedlegg:

1. Frivilligpolitikk i Vestland
2. Saksprotokoll, hovedutval for kultur, idrett og integrering 04.06.2020

Saknr: 2020/49637-1**Saksbehandlar:** Åge Avedal

Saksgang

Utval	Utv.saknr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		04.06.2020

Frivilligpolitikk i Vestland

Forslag til vedtak

1. Vestland fylkeskommune startar arbeidet med eit kunnskapsgrunnlag om frivillig sektor i Vestland. Kunnskapsgrunnlaget blir lagt fram for vedtak i hovudutval for kultur, idrett og integrering våren 2021.
2. Vestland fylkeskommune vil vedta frivilligpolitisk strategi for Vestland i 2021. Den frivilligpolitiske strategien for Vestland skal vere med som ein av strategiane knytt til *utviklingsplan for Vestland 2021-2024*.
3. Det blir sett ned ei tverrfagleg gruppe til å jobbe med kunnskapsgrunnlaget og til å førebu frivilligpolitisk strategi for Vestland. Grappa blir leia av avdeling for kultur, idrett og inkludering.
4. Vestland fylkeskommune innleier eit samarbeid med Frivillighet Norge knytt til arbeidet med frivilligpolitikk i Vestland.

Samandrag

Frivillig sektor er stor og mangfaldig i Vestland fylke. Frivillige legg ned ein enorm innsats for lokalsamfunnet og storsamfunnet som enkeltpersonar og gjennom frivillige organisasjonar. Fylkesdirektøren ser behovet for å systematisere og auke kunnskapen om frivillig sektor i Vestland gjennom eit kunnskapsgrunnlag, og rår til at det blir sett ned ei tverrfagleg gruppe i dette arbeidet. Kunnskapsgrunnlaget vil vere eit nyttig utgangspunkt i arbeidet med å skape frivilligpolitikk for Vestland. Fylkesdirektøren tilrår at Vestland fylkeskommune vedtar frivilligpolitisk strategi i 2021, og at denne blir knytt til utviklingsplan for Vestland 2021-2024.

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør

Ronny Skaar
seksjonssjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Frivillig sektor bidrar med ein enorm innsats innanfor mange område i samfunnet. I følgje Statistisk sentralbyrå (SSB) sitt satelittrekningsrapport for frivillig sektor 2019 tilsvarar frivillig innsats gjennom frivillige organisasjonar 142 000 årsverk og står for ei årleg verdiskaping på 75,7 milliardar kroner. 63 % av folket over 15 år gjorde frivillig arbeid i løpet av siste året, medan heile 52 % av dei som ikkje var spurt om å delta i frivillig arbeid seier dei kan tenke seg å gjere frivillig innsats (Frivilligbarometeret 2019, Kantar for Frivillighet Norge).

Frivillighet Norge er samarbeidsforum for frivillig organisasjonar i Norge, og har meir enn 300 medlemsorganisasjonar som til saman representerer 50 000 lag og foreiningar over heile landet. Frivillighet Norge har over fleire år arbeidd saman med kommunar landet rundt i arbeidet med å utvikle [lokal frivilligheitspolitikk](#). Berre 16 % av kommunane har frivilligheitspolitikk, men undersøkingar viser at kommunar som har ein vedtatt politikk for frivillig sektor oftare har samarbeid med frivillige organisasjonar på ulike område og at den påverkar korleis kommunen prioriterer frivillig sektor. Frivillighet Norge har laga eit kart på nettsidene med oversikt over kommunar som har frivilligpolitikk eller som er i ferd med å utvikle dette.

Frivillighet Norge har dei seinare åra samarbeidd med både Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommune om å tilby konferansar og løfte arbeidet med frivilligpolitikk, og er interessert i eit nærmare samarbeid med Vestland fylkeskommune framover. I dag har Frivillighet Norge liknande samarbeid med mellom anna Møre og Romsdal og Rogaland fylkeskommune. Det vil kunne bli aktuelt å signere ein intensjonsavtale mellom Frivillighet Norge og Vestland fylkeskommune. Fylkesdirektøren vil komme tilbake til dette i hovudutvalet.

Frivilligheita har stor omtale i begge dei regionale planane for kultur. I regional plan for kultur i Sogn og Fjordane 2019-2027, *Kultur for alle*, er dette mellom anna formulert gjennom eit tiltakspunkt:

- *Det offentlege (kommunar, fylkeskommune og stat) utviklar ein medveten frivilligpolitikk*

I regional kulturplan for Hordaland 2015-2025, *PREMISS: KULTUR*, står mellom anna:

Det er viktig at kulturpolitikken er medvitent om den avgjerande tydinga frivillig verksemd har for allmenn livskvalitet, og som viktig føresetnad for det profesjonelle kulturlivet. Frivillig sektor har stor tyding for demokrati og meiningdanning og spelar ei viktig rolle for sosial inkludering og meistring.

Frivillig sektor er aktiv innan mange samfunnsområde, og spelar ei avgjerande rolle innan kulturlivet, idrett, friluftsliv, humanitært og helsefremjande arbeid og bidrar til inkludering av grupper med minoritetsbakgrunn. Den frivillige innsatsen er ulikt fordelt avhengig av sosial bakgrunn, alder, utdanningsbakgrunn, funksjonsnivå og etnisitet. Fylkesdirektøren ser det som viktig å auke kunnskapen om frivillig sektor og ser det som ein føremon at det blir arbeidd på tvers av sektorar i arbeidet med å skape eit kunnskapsgrunnlag og ein frivilligpolitisk strategi. Det er også av avgjerande betydning at frivilligheita gjennom organisasjonane blir aktiv part i arbeidet med kunnskapsgrunnlag og strategi gjennom dialog, møtestadar, undersøkingar og arenaer for innspel.

Gjennom arbeidet med eit kunnskapsgrunnlag og strategi for frivillig sektor vil fylkesdirektøren at Vestland fylkeskommune skal betre samspelet mellom det offentlege og frivillige, og mellom dei frivillige organisasjonane. Det vil styrke og løfte det frivillige arbeidet og dei frivillige organisasjonane, og vere med å legge til rette for at fleire kan delta og at det blir løyst fleire samfunnsoppgåver.

Vedtakskompetanse

Hovudutval for kultur, idrett og integrering, jf. vedteke reglement, punkt 2.

Vurderingar og verknader

Økonomi: Vedtaket vil ikkje ha vidare økonomiske konsekvensar for budsjettet 2020 og 2021.

Klima: Frivillig sektor sitt klimaarbeid vil kunne vere relevant for arbeidet med kunnskapsgrunnlag og strategi for frivillig sektor.

Folkehelse: Frivillig sektor sitt folkehelsearbeidet er relevant for arbeidet med kunnskapsgrunnlag og strategi for frivillig sektor.

Regional planstrategi: Frivilligpolitisk strategi vil vere knytt til utviklingsplan for Vestland 2021-2024

Konklusjon

Fylkesdirektøren ser at vi manglar eit systematisk tverrsektorielt kunnskapsgrunnlag for frivillig sektor i Vestland, og tilrår derfor at fylkeskommunen set i gang eit arbeid med å utvikle dette. Kunnskapsgrunnlaget vil bli lagt fram for hovudutvalet for vedtak våren 2021 og kan danne utgangspunktet for arbeidet med ein frivilligpolitisk strategi for Vestland. I arbeidet med kunnskapsgrunnlag og strategi vil det vere aktuelt å samarbeide med Frivillighet Norge, og det vil vere av stor tyding at dei frivillige organisasjonane er medspelarar gjennom dialog, møtestader og arenaer for innspel.

Saksprotokoll 04.06.2020 - hovudutval for kultur, idrett og integrering

Avrøysting

Fylkesdirektør for kultur, idrett og inkludering sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Vestland fylkeskommune startar arbeidet med eit kunnskapsgrunnlag om frivillig sektor i Vestland. Kunnskapsgrunnlaget blir lagt fram for vedtak i hovudutval for kultur, idrett og integrering våren 2021.
2. Vestland fylkeskommune vil vedta frivilligpolitisk strategi for Vestland i 2021. Den frivilligpolitiske strategien for Vestland skal vere med som ein av strategiane knytt til *utviklingsplan for Vestland 2021-2024*.
3. Det blir sett ned ei tverrfagleg gruppe til å jobbe med kunnskapsgrunnlaget og til å førebu frivilligpolitisk strategi for Vestland. Gruppa blir leia av avdeling for kultur, idrett og inkludering.
4. Vestland fylkeskommune innleier eit samarbeid med Frivillighet Norge knytt til arbeidet med frivilligpolitikk i Vestland.

Saksnr: 2020/1931-46
Saksbehandler Dagmar Reutz Hillestad
Dato: 19.08.2020

Til: Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

Frå: Fylkesrådmannen

Folkehelseforum Vestland - ny plattform for samarbeid om folkehelsearbeidet

Vedlagt er Folkehelseforum Vestland – ny plattform for samarbeid om folkehelsearbeidet.

Vedlegg:

1. Folkehelseforum Vestland – ny plattform for samarbeid om folkehelsearbeidet
2. Mandat
3. Saksprotokoll, fylkesutvalet sak 142/2020 18.06.2020

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Fylkesutvalet		18.06.2020

Folkehelseforum Vestland - ny plattform for samarbeid om folkehelsearbeidet

Forslag til vedtak

1. Vestland fylkeskommune opprettar *Folkehelseforum Vestland* for å styrke strategisk og heilskapleg satsing på folkehelse.
2. *Folkehelseforum Vestland* skal styrke avtalebasert samarbeid og samordning – mellom fylkeskommunen, kommunane, FoU-miljøa og andre relevante samarbeidspartar.
3. Mandatet for arbeidet i *Folkehelseforum Vestland* ligg som arbeidsplattform.

Samandrag

Etablering av Folkehelseforum Vestland skal bidra til å styrke den strategiske og heilskaplege folkehelsesatsinga i fylket. Folkehelseforumet skal styrke pådrivar- og utviklarrolla fylkeskommunen har etter folkehelselova, samt stette krava til samordningsorgan i program for folkehelsearbeid i kommunane. Forumet skal vere ein møteplass for samarbeidspartane i folkehelsearbeidet i Vestland gjennom utvikling av forpliktande partnerskap. Etableringa skal styrke samhandling og samordning – mellom fylkeskommunen, kommunane og FoU-miljø og andre relevante aktørar – om kunnskapsutvikling og tiltaksutvikling. Det er tenkt 22-24 medlemar. Arbeidet skal leiast av Vestland fylkeskommune. Mandat for arbeidet ligg ved saka. Det skal utviklast system for evaluering.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Paal Fosdal
fylkesdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg.
Forslag til mandat Folkehelseforum Vestland

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Samfunnsmandatet til Vestland fylkeskommune i folkehelsearbeidet skal bidra til å sikre best mogelege levekår og livskvalitet for innbyggjarane. Fylkeskommunen skal støtte opp under folkehelsearbeidet i kommunane og vere pådrivar for og samordne folkehelsearbeidet i fylket. Vestland fylkeskommune har forplikta seg til utvikling av program for folkehelsearbeid i kommunane, (folkehelseprogrammet) til 2027. Etablerte samarbeidsorgan i tidlegare Sogn og Fjordane og Hordaland blei avvikla hausten 2019 med mål om reetablering i Vestland. Samarbeidet med kommunar, FoU-miljø og andre er pågåande. Føringsane frå Helsedepartementet i folkehelseprogrammet set krav til organisering, ansvarsfordeling og roller. Pågåande samarbeid knytt til kunnskapsutvikling og utvikling av folkehelseiltak med evaluering er tenkt som langsiktig innsats. Helsedepartementet stiller krav om brei deltaking frå ulike samfunnsaktørar. SINTEF som evaluerte samarbeidsorgana sin funksjon i folkehelseprogrammet i 2019 legg vekt på organa som gode verkemiddel, for å bygge relasjonar og nettverk mellom ulike aktørar i regionen/fylket. Vestland fylke har til no ikkje eit formalisert nettverksamarbeid med kommunar og samarbeidsaktørar, med føremål felles innsats i det breie folkehelsearbeidet.

Vedtakskompetanse

Fylkesutvalet har vedtakskompetanse, sjå Reglement for fylkesutvalet pkt. 2.1.3.

Vurderingar og verknader

Økonomi: Innanfor fylkeskommunen sitt budsjett.

Klima: Relevans for klima og miljøarbeidet vil avhenge av satsingar og prioriteringar.

Folkehelse: Styrke arbeid med samordning og innspel til prioriteringar i folkehelsearbeidet.

Regional planstrategi: Fleire relevante samarbeidsflater. Folkehelseforum Vestland vil vere ein samarbeidsressurs rundt relevante satsingar.

Namn

Folkehelseforum Vestland. Vestland fylkeskommune rår til at *Folkehelseforum Vestland* vert nytta som namn. Dette i tråd med andre eksterne organ i vårt fylke. Helsedepartementet har i sine dokument nytta samarbeidsorgan, men dette er ikkje bindande namn så lenge intensjonen er teke i vare.

Samfunnsoppdraget til Vestland fylkeskommune

Fylkeskommunen sin rolle som samfunnsutviklar, i samarbeid med andre aktørar innanfor folkehelsefeltet, er under utvikling. Folkehelsearbeidet i Vestland skal bidra til å løyse komplekse samfunnsutfordringar. I følgje forskning er det heilskaplege og tversgåande folkehelsearbeidet, som eige kunnskapsbasert arbeids- og politikkområde, framleis i ein etablering- og utviklingsfase, både i kommunane og i fylkeskommunane. God forankring av folkehelsearbeidet er viktig for å sikre fundamentet som politikk og handling må bygge på. Det er signal frå Helsedepartementet om at folkehelselova skal reviderast og at ein vurderer større ansvar for utviklingsoppgåver til fylkeskommunen. Det er også formidla at det kan tenkast at regionale samarbeidsorgan, som Folkehelseforum Vestland, kan få nye oppgåver. Det er tilrådd frå nasjonale mynde å bygge langvarige samarbeidsformer for folkehelsearbeidet i fylka. Oppretting av Folkehelseforum Vestland inneber ein avtalebasert nettverksstyringsmodell for å sikre samarbeid og innovasjon på alle nivå. Vestland fylkeskommune legg føringsane frå Helsedepartementet, oppfylling av intensjonane i folkehelselova, kunnskapsgrunnlag og føringsane i regionale planar med handlingsprogram, samt utviklingsplanen for Vestland til grunn for arbeidet. Vestland fylkeskommune er hovudansvarleg for å samordne folkehelsearbeidet i Vestland. Sekretariat og leing for Folkehelseforum Vestland er ved avdeling for Strategisk utvikling og digitalisering.

¹ Program for folkehelsearbeid i kommunane er ei nasjonal satsing for å styrke tiltaksutvikling i kommunane knytt til innsatsområda psykisk helse/livskvalitet og rustørebbyggjande arbeid i Vestland fylke.

Samarbeidsprinsipp og arbeidsform

Mandatet for Folkehelseforum Vestland viser kva prinsipp og arbeidsformer som er tenkt lagt til grunn. Viktige moment er; forpliktande samarbeid og forankring i leiinga i den organisasjonen som vert representert; med mål om å bygge partnerskap. Folkehelseforumet skal bygge innsatsen sin på eksisterande oversikt og planar. Dette, samstundes med at innspel frå medlemmane også skal takast i vare. Samarbeidet skal utviklast over tid.

Folkehelseforum Vestland vil få 22-24 medlemmer. Det er tenkt møter minimum to gonger årleg. Oppbygginga av Folkehelseforum Vestland må vere fleksibel ved at det kan etablerast arbeidsutval/arbeidsgrupper og referansegrupper ved behov. Her kan det bli aktuelt å invitere inn andre ressurspersonar enn medlemmane i forumet.

Prinsipp for val av samarbeidspartar

Vestland fylkeskommune etablerer Folkehelseforum Vestland for å sikre både samhandling med eksterne aktørar og samstundes styrke koplinga til fagavdelingane i Vestland fylkeskommune.

Oversikt over medlemmar som er tenkt invitert inn i Folkehelseforum

Vestland står i mandatet.

Vestland fylkeskommune vil:

- Sikre representasjon frå heile Vestland fylke (geografisk representasjon).
- Sikre at kommunane er godt representerte og kan påverke samarbeidsområde/satsingar.
- Sikre god deltaking frå sentrale FoU-miljø på folkehelseområdet for langsiktig samarbeid knytt til kompetanseutvikling som tener fylket.
- Auke samhandlinga med relevante statlege aktørar (t.d. NAV og FM).
- Auke samhandlinga med relevante frivillige organisasjonar på regionalt nivå eller andre samarbeidsnettverk for også å fremje involvering/inkludering.
- Styrke barn og unge sine stemmer i folkehelsearbeidet ved ungdomsrepresentasjon frå Vestland ungdomsutval.
- Etablere tett samhandling med fagavdelingar i Vestland gjennom deltaking frå folkehelseringen.

Om utvikling av mandatet – medverknad

Vestland fylkeskommune har gjennomført samtalar med ressursar i eigen organisasjon og fått tilbakemeldingar frå dei tidlegare samarbeidsorgana i dei to tidlegare fylka. Det er gjennomført møte med KS Vestland knytt til korleis sikre god representasjon frå kommunane. Mandatet har òg vore lagt fram for toppleiargruppa i fylkeskommunen. Innspel og tilrådingar ligg til grunn for utvikling av mandatet.

Evaluering

I tråd med anbefalingar frå SINTEF skal arbeidet i Folkehelseforum Vestland evaluerast. Dette for å revurdere og justere arbeidsform, samansetting og mandat. Det skal utviklast system for evaluering.

Tidsplan

Invitasjon er tenkt sendt til medlemmar siste del av juni 2020. Konstituerande møte er sett medio oktober 2020 i tråd med plan for vurdering av nye kommunar i folkehelseprogrammet.

Konklusjon

Fylkesrådmannen rår til at Folkehelseforum Vestland vert etablert. Dette for å styrke den strategiske og heilskaplege folkehelsesatsinga i Vestland fylke gjennom forankring, nettverk og forpliktande samarbeid. Dette, både med viktige eksterne samarbeidspartar og interne samarbeidspartar i fylkeskommunen. Etablering av Folkehelseforum Vestland svarar til krav frå Helsedirektoratet i høve Program for folkehelsearbeid i kommunane. Mandat, samansetting og leiing av Folkehelseforum Vestland stettar overordna intensjonar frå Helsedirektoratet og Vestland fylkeskommune. Leiing og sekretariat vert ved avdeling for Strategisk utvikling og digitalisering.

Forslag til MANDAT FOLKEHELSEFORUM VESTLAND

Folkehelseforum Vestland er eit forum for samarbeidspartane i folkehelsearbeidet i Vestland fylke for å styrke det strategiske og heilskaplege folkehelsearbeidet.

Føremålet er:

- Styrke avtalebasert samarbeid i Vestland mellom ulike aktørar innanfor folkehelsefeltet.
- Styrke samhandling og samordning - mellom fylkeskommunen, kommunane og FoU-miljø og andre relevante aktørar - om kunnskapsutvikling og tiltaksutvikling med verdi for Vestland.

Samarbeidet gjeld:

1. Bidra til tydlegare vegval og retning i folkehelsearbeidet i Vestland fylke

- Legge utviklingsplan for Vestland og berekraftsmåla til grunn for arbeidet og vere pådrivar for å styrke innsatsen for sosial berekraft, i dette redusere sosiale helseskilnader, som bidrag til folkehelsearbeidet i Vestland.
- Utvikle overordna strategiske føringar for arbeidet og bidra til retningsval for utvikling av tversgåande satsingar/prosjekt i fylket på grunnlag av oppdatert kunnskapsgrunnlag (folkehelseoversikta, fylkeshelseundersøkingar og anna).
- Folkehelseforum har gjeldande utfordringsbilete, handlingsprogram og andre relevante tiltaksområde innan levekår og livskvalitet, som grunnlaget for arbeidet.
- Folkehelseforumet skal bidra i utviklinga av utviklingsplanen i Vestland, handlingsprogram til Regional plan for folkehelse og ev framtidige regionale planar for folkehelse.
- Folkehelseforumet skal bidra til at oversiktsarbeidet (folkehelseoversikta) i Vestland har høg, fagleg kvalitet og at det tek opp relevante problemstillingar.

2. Program for folkehelsearbeid i kommunane (barn og unges psykiske helse og livskvalitet, 0-24 år)

Programmet varer frå 2017 til 2027.

- Folkehelseforum Vestland skal gje fylkeskommunen råd om planlegging, gjennomføring og evaluering av tiltaka i kommunane. Folkehelseforum Vestland gir fylkeskommunen råd om kva prosjektsøknadar som kvalifiserer til å få støtte frå midlane i programmet, samt råd om ramme for tildeling av midlar.
- Folkehelseforum Vestland skal bidra til samordning av programarbeidet. Forumet skal halde seg orientert undervegs i tiltaksperioden om utviklingsarbeidet i dei kommunane som har fått økonomisk støtte.

Samarbeidsprinsipp

- Deltaking i Folkehelseforum Vestland er forpliktande og forankra i leiinga i den respektive organisasjon deltakaren representerer. Folkehelseforum Vestland skal ivareta heilskapen i folkehelsearbeidet.
- Folkehelseforumet bygger sin innsats på eksisterande oversiktsarbeid, planar, innspel frå medlemne og nettverk.
- Folkehelseforumet er ein felles møteplass for erfaringsutveksling og drøfting av strategiar og samarbeidstiltak.
- Om aktørar i Folkehelseforumet, åleine eller i samarbeid med andre, utarbeider analysar eller rapportar og utviklarprosjekt med utgangspunkt i arbeidet til forumet er det naturleg å formidle dette tilbake.

Arbeidsform

- Folkehelseforumet møter minimum to gongar årleg. Møteplanen vert laga årleg i desember.
- Det skal sikrast gode rutinar for kommunikasjon og informasjonsflyt mellom aktørane, både internt og eksternt.
- Vestland fylkeskommune har leiarvervet og sekretariatsfunksjonen i Folkehelseforum Vestland.

- Det kan etablerast arbeidsutval (t.d. i folkehelseprogrammet) og arbeidsgrupper/referansegrupper ved behov.

Evaluering

- Arbeidet i Folkehelseforum Vestland skal evaluerast – for å revurdere og justere arbeidsform, samansetjing og mandat. Det skal utviklast system for evaluering med tidspunkt for dette.

Medlemmar

Det er tenkt inntil 22-24 medlemmar for å sikre brei representasjon. Alle medlemmer skal ha vararepresentant. Medlemmane med vara vert valde, som hovudregel for 3 år om gangen. Vestland fylkeskommune inviterer inn organisasjonar som vel eigen representant med vara. Organisasjonar som er tenkt inviterte til i Folkehelseforum Vestland:

Type organisasjon	Namn	Tal medlemmar
Kommunane	Invasjon til regionråda ²	4
	Bergen kommune	1
Statlege aktørar	Fylkesmannen	1
	NAV	1
	Andre etter vurdering	
Statlege kompetansesentra	Regionalt kunnskapssenter for barn og unge (RKBU Vest), Regionalt ressurscenter om vold, traumatisk stress og selvmordsforebygging RTVS Vest), Korus Vest	2
Helseføretak	Under vurdering	1
Høgskular, Universitet og forskingsmiljø	Høgskulen på Vestlandet	1
	Universitet i Bergen v/ Institutt for Helse, miljø og likeverd (Hemil)	1
	FHI	1
Frivillig sektor – store regionale aktørar	Røde Kors	1
	Under vurdering	1
Andre organisasjonar	Under vurdering	1
	Sum eksterne	<u>16</u>
Vestland ungdomsutval	Vestland ungdomsutval	2
Vestland fylkeskommune	Folkehelseeringen	2
	Fylkesdirektør Strategisk utvikling og digitalisering	1
	Seksjonsleiar Plan, klima og folkehelse	1
	Sum Totalt	<u>22</u>
	Sekretariat	

¹ kan bli justeringar.

² etter samråd med KS vil det bli sendt invitasjon til alle regionråda som vel enten medlem eller varamedlem

Saksprotokoll 18.06.2020 - fylkesutvalet

Trude Brosvik (Krf) sette på vegner av Krf, SV, Sp, A og MDG fram slikt forslag:

«Tillegg til punkt 2:

Brukarorganisasjonar for menneske med nedsett funksjonsevne skal vere representert.»

Avrøysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Brosvik sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Vestland fylkeskommune opprettar *Folkehelseforum Vestland* for å styrke strategisk og heilskapleg satsing på folkehelse.

2. *Folkehelseforum Vestland* skal styrke avtalebasert samarbeid og samordning - mellom fylkeskommunen, kommunane, FoU-miljøa og andre relevante samarbeidspartar.

Brukarorganisasjonar for menneske med nedsett funksjonsevne skal vere representert.

3. Mandatet for arbeidet i *Folkehelseforum Vestland* ligg som arbeidsplattform.

Saknr: 2020/1931-47
Saksbehandler Dagmar Reutz Hillestad
Dato: 19.08.2020

Til: Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

Frå: Fylkesrådmannen

Planprogram - Regional plan for næringsutvikling og innovasjon - Vestland

Vedlagt er Planprogram – Regional plan for næringsutvikling og innovasjon – Vestland.

Vedlegg:

1. Planprogram – Regional plan for næringsutvikling og innovasjon – Vestland
2. Utkast planprogram regional plan for næringsutvikling og innovasjon – Vestland
3. Saksprotokoll, fylkesutvalet 08.06.2020

2020/41328-2

Saknr: Hans Inge Gloppen,
Saksbehandlar: Harald N. Offerdal,
Ingjerd Skogseid
og Kristin Arnestad

Saksgang

Utval	Utv.saknr.	Møtedato
Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon		14.05.2020
Fylkesutvalet		28.05.2020

Planprogram – Regional plan for næringsutvikling og innovasjon – Vestland

Forslag til innstilling

1. Vestland fylkeskommune legg utkast til planprogram for «*Regional plan for næringsutvikling og innovasjon – Vestland*» ut på høyring med frist 15. juli 2020. Høyringsinstansane vert utfordra til å gi synspunkt på:
 - Val av plantema
 - Problemstillingar som er viktige innan dei føreslegne plantema
 - Medverknad i planarbeidet
 - Anna som vert vurdert som viktige innspel i planarbeidet
2. Fylkesrådmannen får fullmakt til å gjere mindre justering etter vedtak. Handlingsplanen skal utformast i tråd med grafisk profil for Vestland fylkeskommune, og det kan gjerast mindre tekstlege justeringar utan innverknad på innhaldet.

Samandrag

I høyringsutkastet til Vestland sin regionale planstrategi, «Utviklingsplan for Vestland 2020-2024», er det meldt inn behov for ein «Regional plan for innovasjon og næringsutvikling». Planen er såleis ei av dei prioriterte planoppgåvene som det skal samarbeidast om i fylket. Denne saka vedkjem høyring av Planprogrammet for den regionale planen. Planprogrammet skal ut på høyring med minst 6 vekers høyringsfrist. Planprogrammet har ein svært viktig strategisk funksjon der utvalde satsingsområde vert prioriterte. Høyringsfrist er 15. juli 2020

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Bård Sandal
fylkesdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I høyringsutkastet til Vestland sin regionale planstrategi, «*Utviklingsplan for Vestland 2020-2024*», er det meldt inn behov for ein «Regional plan for innovasjon og næringsutvikling»..

Ein regional plan skal i følgje plan- og bygningslova førebust gjennom eit planprogram. Planprogrammet skal ut på høyring med minst 6 vekers høyringsfrist.

Det er ei administrativ arbeidsgruppe som står bak planprogrammet for dette planarbeidet. Undervegs i arbeidet har det vore dialog med partnerskapen i Næringsforum Vestland. Planprogrammet er også presentert for Sogn og Fjordane næringsråd, Næringsalliansen og det regionale planforum.

Planprogrammet har 4 viktige føremål.

- Avgrense val av plantema
- Sikre opplegg for medverknad i planarbeidet
- Avklare trong for utgreiingar
- Organisering av vidare arbeid

Denne saka gjeld godkjenning av høyringsutkast og fastsetting av frist for høyringsfråsegner.

Val av plantema

Planprogrammet vert brukt til å velje plantema. Næringsutvikling og innovasjon er eit vidt tematisk arbeidsfelt. Målet er å bli meir handlings- og resultatorienterte ved å avgrense planoppgåva. Etter at vi har valt plantema, ligg det til rette for å få medverknad frå personar og faginstansar med spesialinnsikt.

Val av plantema er basert på analysearbeid. I val av plantema har vi basert oss på eksisterande analysar og grunnlagsmateriale, supplert med kunnskapen og erfaringane til deltakarane i Næringsforum Vestland og deltakarane i planforum 28.april 2020.

Alle analysar og prognosar som til no er bestilt, eller laga, for Vestland baserer seg på historiske data, ofte med ei ferdiggjering ved inngangen til 2020. Dermed tek dei ikkje inn over seg dei store endringane med korona-pandemi og oljeprisfall som har skjedd i mars 2020.

Vi står no overfor den djupaste økonomiske krisa i moderne tid. Dei nærmaste åra vil vere prega av å kunne handtere denne krisa. Dette vil bli ei altoppslukande oppgåve som vil krevje mykje av fylkeskommunen som regional koordinator og samfunnsutviklar.

Med dette som bakteppe kan det bli behov for å bestille tenester/utgreiingar frå andre. Omfanget er ikkje avklart, men ein inngong til den komande planprosessen – gitt nye og dramatiske omstende – vil krevje gode framtidssanalysar og scenario. For å vera budd på omstilling og endringar må vi:

- forstå usikre og skiftande rammevilkår på kort og lengre sikt
- identifisere dei viktigaste usikkerheitane og utfordringane for næringsliv og samfunn
- nytte scenario i kombinasjon med historiske data når framtida skal planleggast
- gjera val og prioriteringar, følgja utviklinga tett og evne å tilpasse oss.

Det vil vere eit omfattande planarbeid som ligg føre oss. Avdelinga må ha naudsynt plankompetanse og kompetanse på smart spesialisering, som metode for innovasjon og fornying i næringslivet. I tillegg kjem dei store utfordringane koronapandemien har gitt Vestland. Viktige næringar som olje- og leverandørindustrien og reiselivet er spesielt hardt råka. Det vil ta minst to-tre år å kome seg ut av denne krisa, og det må setjast av ressursar til å koordinere dette arbeidet, både internt i eigen organisasjon og eksternt med partnerskapen.

Høyring av planprogrammet og vidare medverknad

Alle skal ha høve til å uttale seg til planprogrammet for regional plan for næringsutvikling og innovasjon. Høyringa vert annonsert i lokalavisene, på nettsider og sosiale media. Høyringsutkastet vert sendt nabofylka, kommunane, aktuelle statsinstansar på regionnivået, aktuelle fylkesdekkande organisasjonar; m.a. næringsorganisasjonar og arbeidstakarorganisasjonar.

I høyringsbrevet vil det bli spurt om korleis høyringsinstansen ønskjer å medverke vidare. Interesserte partar kan bli inviterte inn i arbeidsgrupper, dei kan bli utfordra av arbeidsgruppene til å medverke undervegs på avgrensa tema og få endeleg plan til høyring. Andre instansar vert oppmoda til å medverke i høyringa gjennom annonsering i lokalpressa.

Vedtakskompetanse

Fylkesutvalet har heimel til å gjera vedtak i denne saka.

Vurderingar og verknader

Økonomi: Planen vil på sikt påverka budsjett og økonomiske prioriteringar. Fylkesrådmannen arbeider med ei betre samordning mellom det fylkeskommunale budsjettet og eventuelle kostnader i handlingsprogrammet i regionale planer. Fylkesrådmannen føreset at ein regional plan styrer ressursar også frå andre partar i samarbeidet, og at budsjetta her ikkje er av same storleik som det fylkeskommunale budsjettet og økonomiplanen.

Klima: Vestland skal vera ein pådrivar for klimaomstilling og nullutslepp

Folkehelse: Planen skal fremje opne og inkluderande arenaer slik at alle kan delta i verdiskapinga.

Regional planstrategi: Overordna mål med tilhøyrande strategiar er førande for planarbeidet.

Konklusjon

Fylkesrådmannen tilrår at framlegget til planprogram datert 30. april 2020 vert sendt ut på høyring med minst 6 vekers høyringsperiode og frist 15. Juli 2020 Fylkesrådmannen set i gang utgreiings- og kartleggingsarbeid som omtala i planprogrammet. Medverknad i planlegginga vil bli nærare avklara på bakgrunn av høyringsinnspel.

Utkast planprogram – Regional plan for næringsutvikling og innovasjon – Vestland

Innhald

1. Formål.....	2
1.1 Kvifor regional plan for innovasjon og næringsutvikling?.....	2
1.2 Overordna mål for planarbeidet	2
2. Rammer og føringar for planarbeidet	3
2.1 Formelle krav	3
2.1.1 Regional plan	3
2.1.2 Planprogram	3
2.2 Føringar for planarbeidet	4
2.2.1 Endra premisser som følgje av korona-pandemien	4
2.2.2 Statlege føringar	4
2.2.3 Regionale føringar	5
2.2.4 Internasjonale føringar	6
2.2.5 Smart spesialisering som metode	6
2.2.6 Andre relevante planar	6
3. Kunnskapsgrunnlag	7
4. Plantema.....	10
4.1 Omstilling og fornying.....	11
4.1.1 Vidareutvikle og fornye det vi er gode på	11
4.1.2 Smart spesialisering som metode for innovasjon og næringsutvikling	13
4.2 Bergen som motor for innovasjon og næringsutvikling i Vestland	14
4.3 Innovative samfunn og like mogelegheiter til å delta i verdiskaping	15
4.4 Arealbruk	15
4.5 Temaplanar som skal arbeidast inn.....	16
5. Verktøykasse	17
6. Trong for utgreiingar	17
6.1 Bestilte analysar	17
6.2 Udekt analysebehov	18
7. Organisering og vidare arbeid	18
7.1 Kopling til andre regionale planar	18
7.2 Medverknad.....	19
7.3 Organisering av planarbeidet	19
7.3.1 Arbeidsdeling.....	19
7.3.2 Intern arbeidsgruppe.....	20

7.3.3 Etablering arbeidsgrupper innanfor kvart plantema	20
7.3.4 Høyring.....	20
7.4 Framdrift	21

1. Formål

1.1 Kvifor regional plan for innovasjon og næringsutvikling?

I høyringsutkastet til Vestland sin regionale planstrategi, «Utviklingsplan for Vestland 2020-2024», er det meldt inn behov for ein «Regional plan for innovasjon og næringsutvikling». Planen er såleis ei av dei prioriterte planoppgåvene som det skal samarbeidast om i fylket.

Før vi kan ta til å jobbe med sjølve planen - Regional plan for innovasjon og næringsutvikling, skal det utarbeidast eit planprogram som skal gje føringar for planarbeidet. Det vil mellom anna seie føringar i form av overordna mål for arbeidet, kva tema ein skal vektleggje, korleis sikre medverknad og organisere arbeidet.

Planutvalet legg til grunn at utviklingsplanen og vektlegginga av FN sine berekraftmål skal bidra til å styrke nærings- og folketalsutviklinga i fylket. Regional plan for innovasjon og næringsutvikling skal medverke til ei berekraftig samfunnsutvikling. Dette inneber at vekst og verdiskaping skjer innanfor forsvarlege rammer og sikrar viktige miljø- og naturverdiar.

Det trengs regional samordning for å stimulere til verdiskaping, fleire gründerar, vekstkraftige bedrifter og innovative næringsmiljø. Dette skal bidra til auka omstillingsevne og det «grøne skiftet» i næringslivet. Den regionale planen skal formulere mål og strategiar for innovasjon og næringsutvikling i Vestland.

Samstundes må vi på kort sikt – i alle fall dei nærmaste åra - prioritere å handtere konsekvensane av korona-pandemien. Vi må kontinuerleg vurdere kunnskapsbehovet for å kunne møte dei utfordringane ein til ei kvar tid står overfor.

Planen skal avspegle dei politiske prioriteringane gjort av fylkeskommunen i samarbeid med partnerskapen der mellom anna i Næringsforum Vestland vil vere ein sentral møteplass. Sentrale aktørar i partnerskapen er Innovasjon Noreg Vestland, Fylkesmannen i Vestland, Fiskeridirektoratet Region Vest, NAV Vestland, Universitetet i Bergen, Høgskulen på Vestlandet, NHO Vestlandet, LO-sekretariatet i Vestland, KS Vestland, Bergen kommune og den regionale representanten for Noregs forskingsråd. Frå fylkeskommunen deltek fylkesdirektør for Innovasjon og næringsutvikling, som også leiar næringsforumet.

1.2 Overordna mål for planarbeidet

Vestland skal vere det leiande verdiskapingsfylket basert på berekraftig bruk av naturressursar, grøn omstilling og innovasjon i næringslivet.

Dette gjer vi mellom anna ved å legge eit grunnlag for å utvikle nye forretningsområde basert på styrken fylket har, og ved å utvikle ein strategi for smart spesialisering i Vestland.

Langsiktig og balansert forvaltning av natur-, kulturmiljø og landskap er viktig for å bygge ein attraktiv, konkurransedyktig og berekraftig region. Gjennom å etterspørje og vektlegge klima og miljøvennlege løysingar kan det offentlege stimulere til innovasjon, teknologisk utvikling og grøn omstilling i næringslivet.

Utkast planprogram INN
Type dokument:
Utarbeidd av:

Godkjend av:
Godkjend dato:
Gjeld frå:

Revidert dato:
Arkivsak:-
Side 2 av 21

Eit av hovudprinsippa i berekraftsmåla er at ingen skal verte utelatne. I denne samanhengen betyr det mellom anna at innbyggjarane skal ha like mogelegheiter til å bidra på arenaene som fremjar økonomisk verdiskaping.

Å arbeide med retningslinjer og strategiar for næringsareal i fylkeskommunal og kommunal planlegging blir viktig for å legge til rette for næringsverksemd og sysselsetting.

2. Rammer og føringar for planarbeidet

2.1 Formelle krav

2.1.1 Regional plan

«Regional plan for innovasjon og næringsutvikling» har status som regional plan. Regionale planar er definert og heimla i Plan og bygningslova (p.b.l.) kapittel 8 «Regional plan og planbestemmelse»- paragrafane 8-1 til 8-4.

Planlegging etter lova skal bidra til å samordne statlege, regionale og kommunale oppgåver og gje grunnlag for vedtak om bruk og vern av ressursar.

Planlegginga skal vere open for innsyn og skal skje med medverknad frå dei planvedtaket vedkjem. Resultatet skal forplikte både offentlege og private aktørar. Regional plan for innovasjon og næringsutvikling er difor partnerskapen sin plan.

Ein regional plan vert vedteken av fylkestinget og skal leggest til grunn av fylkeskommunen, regionale statlege styresmakter og kommunane.

Det er mogeleg å fastsetje føresegner for arealbruk i ein regional plan (paragraf 8.5 i p.b.l.).

Det er føresett at planen vert følgt opp med eit årleg rullert handlingsprogram; jf. paragraf 8.1 p.b.l. Innhaldet av handlingsprogrammet må tilpassast dei problemstillingane planen tek opp. Handlingsprogrammet gjeld for den samla partnerskapen og skal avklare trong for ressursar og plassere ansvar

Det er fylkestinget som vedtek handlingsprogrammet som ein del av den regionale planen. Det er også fylkestinget som har ansvar for å ta handlingsprogrammet opp til ei årleg rullering. Ved denne rulleringa blir inngåtte avtalar med andre regionale og kommunale aktørar om gjennomføringa av planen fornya. Samstundes seier ein i lovkommentarane til Plan- og bygningslova at det er nødvendig at rulleringa av dei regionale planane sine handlingsprogram er ein del av fylkeskommunen sitt arbeid med rullering av økonomiplanen. Det vil vere opp til fylkestinget å ta stilling til kva som er mest hensiktsmessig i forhold til å få forpliktande oppfølging av planane.

2.1.2 Planprogram

Lova set krav om at arbeidet med regionale planar skal organiserast gjennom eit planprogram, jf paragraf 4-1 p.b.l. Planprogrammet skal ut på høyring med minst 6 vekers høyringsfrist.

Planprogrammet skal sikre:

- prioritering av plantema
- at nødvendig grunnlagsmateriale er tilgjengeleg slik at kunnskapsgrunnlaget er best mogleg, og at arbeidet er kunnskapsbasert
- at arbeidet er godt organisert og partnerskapen får eit tydeleg oppdrag

Utkast planprogram INN
Type dokument:
Utarbeidd av:

Godkjend av:
Godkjend dato:
Gjeld frå:

Revidert dato:
Arkivsak:-
Side 3 av 21

Planprogrammet har ein svært viktig strategisk funksjon der utvalde satsingsområde vert prioriterte. Ein regional plan kan likevel ikkje ta innover seg alle gode ønskjer, men evna å prioritere det som er viktig og i samsvar med overordna nasjonale og regionale føringar.

Partnerskapen skal delta aktivt i arbeidet med planprogrammet – jf. formkrav om medverknad.

Vidare må behov og tiltak som kjem fram i planprosessen - som til dømes er kopla til regional transportplan, måtte avspegle seg i andre regionale planar. Det må skje ei samordning undervegs i dei ulike planprosessane.

2.2 Føringar for planarbeidet

2.2.1 Endra premisser som følgje av korona-pandemien

I april 2020 står næringslivet i Vestland i ein svært dramatisk situasjon som følgje av korona-epidemien. Mykje tyder på at det som skjer kan bli det mest krevjande omstillinga i vår tid. Det er enno for tidleg å sjå nøyaktig kva utfordringane er, eller kven som blir hardast råka. Samordna regional innsats knytt til utfordringane blir viktig.

I ein fase prega av akutte, kortsiktige tiltak er det ekstra vanskeleg å ivareta eit langsiktig perspektiv i planarbeidet. Arbeidet med ein regional plan har ein planhorisont på frå fire år eller lenger. Årlege handlingsprogram er føresett å ta høgde for større endringar undervegs. Konsekvensane av korona-pandemien er døme på denne typen hendingar som krev rask inngripen.

Den vidare prosessen med planarbeidet må avklare om eksisterande føringar, premisser og analysar skal leggjast til grunn eller om desse må oppdaterast som ein følgje av korona-pandemien.

2.2.2 Statlege føringar

I plan- og bygningslova er det føresett at regionale planar tek utgangspunkt i nasjonale «forventningar»; sist formulerte for fireårsperioden 2019 – 2023:

Styresmaktene har bestemt at FN sine 17 berekraftsmål skal vere det politiske hovudsporet for å ta tak i dei største utfordringane i vår tid. Det er difor viktig at berekraftmåla vert ein del av grunnlaget for samfunns- og arealplanlegginga.

Styresmaktene har styrka det lokale sjølvstyret i planlegginga. Det betyr at fylkeskommunane, regional stat og kommunane får auka ansvar for å sikre nasjonale og viktige regionale interesser. Eit viktig skritt på vegen er dei nasjonale forventningane.

Det blir peika på at vi står overfor fire store utfordringar:

- å skape eit berekraftig velferdssamfunn,
- å skape eit økologisk berekraftig samfunn gjennom blant anna ein offensiv klimapolitikk og ei forsvarleg ressursforvaltning,
- å skape eit sosialt berekraftig samfunn og
- å skape eit trygt samfunn for alle

Vidare vil ein leggje til rette for å auke verdiskaping og innovasjon basert på regionale og lokale ressursar i heile landet. Det er derfor viktig at fylkeskommunane og kommunane legg til rette for at næringsaktørar, interesseorganisasjonar og sektormyndigheiter deltek aktivt i planprosessane, og at dei legg til rette for å auke samarbeidet mellom næringsliv og kunnskapsmiljø på område der regionen har fortrinn. Metoden «smart spesialisering» og samarbeid med bedrifter og forskingsinstitusjonar kan leggjast til grunn for dette arbeidet.

Utkast planprogram INN
Type dokument:
Utarbeidd av:

Godkjend av:
Godkjend dato:
Gjeld frå:

Revidert dato:
Arkivsak:-
Side 4 av 21

2.2.3 Regionale føringar

Oppdraget med å utarbeide ein regional plan for innovasjon og næringsutvikling er gitt i «Utviklingsplan for Vestland 2020 – 2024». Planen er ute på høyring, slik at det blir teke atterhald om eventuelle endringar som måtte kome i endeleg vedtak av planen. Det vil bli teke høgde for desse i høyringsutkastet for Regional plan for innovasjon og næringsutvikling.

Innhaldet i utviklingsplanen og andre gjeldande eller nye føreslegne regionale planar er førande for arbeidet. Det er føresett at dei ulike nye regionale planane som er tilrådd utarbeidd i utviklingsplanen skal vere godt koordinerte.

Det er i høyringsutkastet til utviklingsplanen skissert 4 overordna mål for "Utviklingsplan for Vestland 2020-2024". Innanfor kvart målområde er det vidare skissert ulike strategiar:

Mål 1 Vestland som det leiande verdiskapingsfylket og nasjonal pådrivar for eit regionalisert og desentralisert Noreg.

Strategiar:

- 1.1. Vestland fylke skal medverke til å minimere skadeverknadene, både på kort og lang sikt, som følge av pålagde tiltak knytt til handteringa av korona.
- 1.2. Vestland skal medverke til at det vert skapt nye arbeidsplassar gjennom omstilling, grøn konkurransekraft og entreprenørskap.
- 1.3. Vestland skal utvikle eit framtidretta og inkluderande arbeids- og næringsliv basert på regionale fortrinn, forskning og innovasjon.
- 1.4. Vestland skal aktivt søke dei moglegheitene som ligg i regionreforma, og også styrke det regionale folkestyret

Mål 2 Klima og miljø som premiss for samfunnsutvikling

Strategiar:

- 2.1. Vestland skal vere ein pådrivar for klimaomstilling og nullutslepp.
- 2.2. Vestland skal forvalte og sikre infrastruktur og viktige natur-, landskaps- og kulturverdiar.
- 2.3. Vestland skal bidra til å nå klima- og miljømåla gjennom offentlege innkjøp.

Mål 3 Lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv i heile Vestland

Strategiar:

- 3.1. Vestland skal utvikle menneskevennlege og levande lokalsamfunn basert på stadeigne ressursar og kvalitetar.
- 3.2. Bergen og dei regionale sentra skal utviklast til attraktive sentra og fungere som ei drivkraft for utvikling i heile fylket.
- 3.3. Vestland skal utvikle fysisk og digital infrastruktur som sikrar mobilitet og digitale tenester.

Mål 4 Like moglegheiter til å delta i verdiskaping

Strategiar:

- 4.1. Vestland skal fremje opne og inkluderande arenaer for deltaking i kultur, frivillig arbeid og sivilsamfunn.
- 4.2. Vestland skal utvikle eit meir aldersvennleg samfunn som grunnlag for verdiskaping

Utkast planprogram INN
Type dokument:
Utarbeidd av:

Godkjend av:
Godkjend dato:
Gjeld frå:

Revidert dato:
Arkivsak:-
Side 5 av 21

4.3. Vestland skal sikre deltaking gjennom trygg oppvekst, utdanning og livslang læring

2.2.4 Internasjonale føringar

Europakommisjonen sin nye «European Green Deal» er EU sin vekst og næringsstrategi. Den inneheld ein eigen industristrategi og ein plan for sirkulærøkonomi. Sirkulærøkonomi er eit svært sentralt på globalt og europeisk nivå. I tillegg er det verdt å merke seg at hovudpunkta i Europakommisjonen sitt arbeidsprogram vektlegg digitalisering og innovasjon.

NIBR-rapport 2018:13 «EU på dagsorden i norske kommunar og fylkeskommune» slår fast at nesten halvparten av alle sakene i kommunestyra og fylkesting er direkte relatert til EØS-saker. Dette gjeld også regelverk for innkjøp og støtte. Kompetanseheving og bevisstgjerung knytt til det internasjonale perspektivet er viktig i alle planprosessar.

2.2.5 Smart spesialisering som metode

Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon behandla den 13.02.20 «*Handlingsprogram for innovasjon og næringsutvikling i Vestland 2020*». I punkt 4 i vedtaket seier utvalet dette om «smart spesialisering»:

Fylkeskommunen vil i nær dialog med samarbeidspartar innan næringsliv og offentleg sektor starte arbeidet med «smart spesialisering» som metode for regional næringsutvikling i 2020.

2.2.6 Andre relevante planar

I høyringsutkastet til Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (regional planstrategi) er det gjort følgjande framlegg til planverk for planperioden:

Regional plan	Ansvar	Ny	Revisjon	Vidareføring	Fase ut
Regional plan for kompetanse			X		
Regional plan for innovasjon og næringsutvikling			X		
Regional plan for kultur			X		
Regional plan for senterstruktur			X		
Regional transportplan			X		
Regional klimaplan			X		
Kystsonneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger				X	
Strategisk plan for kysten				X	
Regional plan for vassforvaltning Vestland			X		
Regional plan for folkehelse				X	
Regional areal- og transportplan for Bergensområdet				X	
Regionale plan for areal- og transport på Haugalandet				X	
Regional plan for Nordfjella 2014-2025				X	
Regional plan for Hardangervidda 2011-2025				X	
Regional plan for Setesdal, Vesthei, Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei (Heiplanen)				X	
Regional plan for Ottadalsområdet 2016-2026				X	

Utkast planprogram INN
Type dokument:
Utarbeidd av:

Godkjend av:
Godkjend dato:
Gjeld frå:

Revidert dato:
Arkivsak:-
Side 6 av 21

Regional plan for vindkraft (S&F)				X	
Regional plan for småkraftverk (S&F og H)				X	

Temaplanar	Ny	Revisjon	Vidareføring	Fase ut	Merknad
Mål og strategiplan for opplæringssektoren i Vestland	X				
Anleggspolitikk og kriterier for tildeling av spelemidler 2002-2024			X		
Skulebruksplanar			X		
Klinikkstrukturplan		X			
Forskningsstrategi for Hordaland				X	Innarbeidast i næringsplan
Strategi for grøn konkurransekraft i Hordaland				X	Innarbeidast i næringsplan
Hydrogenstrategi				X	Innarbeidast i næringsplan
Kollektivstrategi				X	Innarbeidast som ein del av RTP
Strategi for innfartsparkering				X	Innarbeidast som ein del av RTP

I tillegg til dei temaplanane som er omtalt i Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 er det andre fylkeskommunale temaplanar som vil gjelde inntil det er gjort vedtak om noko anna:

- Strategi for biogass
- Temaplan landbruk i Hordaland
- Temaplanar for reiseliv
- Strategi for datasenter og digital infrastruktur
- Strategi for infrastruktur for nullutsleptransport i Vestland

Det er gjort ei vurdering av kva andre fylkeskommunale temaplanar som bør innarbeidast i Regional plan for innovasjon og næringsutvikling i kapittel 4.5.

3. Kunnskapsgrunnlag

Vestland fylke – det nye storfylket på Vestlandet – er no etablert. Saman skal vi skape eit fylke som er framtidretta, samstundes som vi tek vare på historia. Eit nytt fylke betyr ein ny geografi med nye grenser og ein ny identitet. Det blir fleire innbyggjarar og eit større areal. Avstandane aukar. Kva som er sentrum og periferi vert utfordra. For å forstå det nye fylket, regionane og lokalsamfunna er det viktig å bringe fram oppdatert kunnskap

Det samla innbyggartalet for Vestland var 632 769 per 1.1.2018. Folk er busett i kyststroka, langs djupe fjordar, i indre dalstrok og på øyar i havgapet, men over tid bur fleire sentralt og færre ruralt.

Etter ny kommuneinndeling har det nye fylket 43 kommunar. 28 av 43 kommunar i fylket har hatt vekst dei siste fem åra. Veksten har vore størst i omlandskommunane rundt Bergen, i nokre av kystkommunane i Sunnhordland og i Sogndal. Det har vore nedgang i folketalet i Hardanger med Kvinnherad, i Vaksdal/ Modalen og i kommunane på nordsida ytst, og langs sørsida inst i Sognefjorden.

Utkast planprogram INN
Type dokument:
Utarbeidd av:

Godkjend av:
Godkjend dato:
Gjeld frå:

Revidert dato:
Arkivsak:-
Side 7 av 21

Det blir i grunnlagsmaterialet peikt på fem basisnæringar på Vestlandet som har eit stort vekstpotensial i møte med en grøn omstilling og dei endringar dette medfører globalt, nasjonalt og regionalt. Dette er sjømat-næringa, maritim næring, prosessindustrien, fornybar energi og reiseliv. Landbruk er også ei viktig næring for Vestland. Næringa er viktig for distriktskommunane og har store positive ringverknadar for mange område, som t.d. reiseliv og ivaretaking av kulturlandskap.

Vidare peikar rapporten «Vestland – utfordringar for fylket og regionane» mellom anna på desse to hovudutfordringane for Vestland:

- eit likeverdig samfunn og
- relevant kompetanse og kunnskap.

Den sosiale dimensjonen er viktig for å:

- gje like moglegheiter til å delta i verdiskaping,
- leggje til rette for integrering av flyktningar i samfunn og arbeidsliv og
- følgje opp arbeidsinnvandrarar.

Som kunnskapsgrunnlag for innretning og plantema så støttar vi oss på fylgjande rapportar og dokument. Det må i det vidare arbeidet utarbeidast eit samla kunnskapsgrunnlag som trekk saman trådane frå alle eksisterande og kommande analyser.

Vestland - Covid-19 og oljeprisfallet - Felles kunnskapsgrunnlag v.6.0 - Korleis blir næringslivet i Vestland påverka?

Kvar veke publiserast det ein oppdatert analyse av korleis næringslivet er påverka av Covid-19. Samarbeid med Bergen kommune, NAV Vestland, Innovasjon Norge Vestland, NHO Vestland, LO Vestland, KS Vest-Norge, Bergen næringsråd og Sogn og Fjordane næringsråd.

Vestland - Utfordringar for fylket og for regionane.

Utfordringsdokument til regional planstrategi. Juni 2019: HFK og SFFK.

Vestland - Statistikk og utviklingstrekk.

Kunnskapsgrunnlag til regional planstrategi. Januar 2019: HFK og SFFK.

Vestland – Folkehelseoversikt 2019-2023 Juni 2019

Hordaland - Oljepris, ordretilgang og bygging av skip og oljeplattformer. AUD-rapport 1/18 Målet med rapporten er å få meir kunnskap om korleis dei ulike bransjane i regionen utviklar seg, og kva kompetansebehov dei har. Ideen her er at utviklinga innan viktige bransjar legg føring på etterspurnaden etter arbeidskraft. Informasjon om kort- og langsiktig utvikling i produksjonen kan representere viktig informasjon i planlegginga av behov for arbeidskraft, og dermed skalering av utdanning innan skular og universitet.

Hordaland - «Dimensjoneringspanelet» - System for berekning av framtidig balanse i arbeidsmarknaden AUD-Rapportnr 09-16

Dimensjoneringspanelet er primært eit verktøy for å visualisere og talfeste berekningar av (u)balanse i tilbod og etterspørsel etter arbeidskraft i norske fylke.

Sogn og Fjordane- Sårbarheitsindeks for næringslivet Sogn og Fjordane og Hordaland 2019 Rapporten har som føremål å belyse moglege sårbarheit i næringslivet i kommunane i Sogn og Fjordane og Hordaland. Vi vurderer moglege trugslar knytt til næringslivet og rangerer kommunane i ein indeks frå mest til minst sårbare. I tillegg studerer vi nokre samfunnstrekk som forklarar ein del av forskjellane mellom kommunane, og som difor er av betydning for framtidig sårbarheit i næringslivet. Rapporten er resultat av eit samarbeid mellom Sogn og Fjordane og Hordaland fylkeskommune.

Utkast planprogram INN
Type dokument:
Utarbeidd av:

Godkjend av:
Godkjend dato:
Gjeld frå:

Revidert dato:
Arkivsak:-
Side 8 av 21

Samfunnsøkonomisk analyse – næringsstruktur i Hordaland og Sogn og Fjordane (2019)
På oppdrag frå Hordaland fylkeskommune analyserte Samfunnsøkonomisk analyse næringsstrukturen i Hordaland og Sogn og Fjordane. Analysen tok for seg sju næringsgrupper; Marin, Maritim, Verftsindustri, fornybar- og ikkje-fornybar energiproduksjon, reiseliv og medienæringa. Desse blei kartlagt basert på økonomiske nøkkeltal for perioden 2015-2017, og samanlikna med utviklinga i resten av landet.

Samfunnsøkonomisk analyse – Medienæringen i Norge (2018)
På oppdrag frå Hordaland fylkeskommune, Bergen kommune og i samarbeid med NCE Media kartla Samfunnsøkonomisk analyse medienæringa i Norge. Målet var å få eit meir presist anslag av næringas storleik, da den går på tvers av tradisjonelle næringskodar og ikkje er grundig kartlagt på tilsvarende måte før. Analysen tek utgangspunkt i økonomiske nøkkeltal for perioden 2003-2016.

Samfunnsøkonomisk analyse – Nøkkeltall Vestlandet 2003-2017 (2018)
På oppdrag frå Vestlandsrådet har Samfunnsøkonomisk analyse produsert nøkkeltal for utvalde næringar sidan 2016. Dei utvalde næringane er Marin, Maritim, Fornybar og Ikkje-fornybar energi. Denne rapporten presenterte dei økonomiske nøkkeltala for perioden 2003-2017 og inneheld tal for dei dåverande fire vestlandsfylka.

Telemarksforskning – Regional analyse Sogn og Fjordane 2018 (2019)
På oppdrag frå Sogn og Fjordane fylkeskommune laga Telemarksforskning ei analyse av utviklinga i arbeidsmarknaden, næringslivet og befolkninga i kommunane i Sogn og Fjordane. Analysen søker også å avdekke kva som er drivkrafta for utviklinga gjennom Telemarksforskning eigen attraktivitetsmodell.

PWC, SenseNet, og Zynk – Vestlandsmeldingen 2019 (2019)
På oppdrag frå Vestlandskonferansen har PWC, SenseNet, og Zynk laga ei perspektivmelding for Vestlandet. Meldinga skal klart og konsist få fram kva for potensiale som finst i vår region, og kva som skal til for å realisere dette poensialet. I følgje rapporten er det særlig marin, maritim, olje og gass, fornybar og reiselivsnæringa at Vestlandet bidrar stort i nasjonal samanheng både når det gjeld sysselsetting og verdiskaping.

Menon – Vestlandsmeldingen 2020 (2020)
På oppdrag frå Vestlandskonferansen har Menon Economics vurdert vekstmoglegheitene for prosessindustrien, sjømat-, maritim- og fornybarnæringa i Noreg frå 2020 til 2035 med utgangspunkt i grøn omstilling. Analysen viser at det er stort vekstpotensiale i grøn omstilling, og særleg for næringslivet på Vestlandet.

Menon - Kommune-NM 2019 (2019)
På oppdrag frå NHO har Menon Economics rangert alle landets kommunar og fylke etter attraktivitet og lokal vekstkraft basert på forhold i næringsliv, arbeidsmarknad, demografi, kompetanse og kommunal økonomi. Vestland kjem ut på 5. plass totalt etter å ha falt på lista etter oljeprisfallet, med 3. plassar på næringsliv og arbeidsmarknad, 4. plass på kompetanse, 6. plass på kommuneøkonomi og 7. plass på demografi.

MENON - Effekt av korona på norsk eksportrettet næringsliv (2020)

Vestland fylkeskommune - Vestland – Statistikk og utviklingstrekk (2018)
Rapporten er ei samling av tal og fakta innafor eit breitt spekter av samfunnstema. Målet er å gje ei oversikt over dei mest sentrale utviklingstrekkane innafor tema som demografi, næring, utdanning, levekår, helse og natur. Folkehelse er eit gjennomgåande tema.

Utkast planprogram INN
Type dokument:
Utarbeidd av:

Godkjend av:
Godkjend dato:
Gjeld frå:

Revidert dato:
Arkivsak:-
Side 9 av 21

Europakommisjonens arbeidsprogram 2020, tiltak:
https://ec.europa.eu/info/sites/info/files/cwp-2020-annex-1_en.pdf

European Green Deal – nøkkeldokumenter:
[European Green Deal og de 50 konkrete tiltakene.](#)
Blant de underliggende strategiene finner vi [industri- og SMB-strategien, digitaliseringsstrategien og handlingsplanen for sirkulærøkonomi.](#)

Rapport fra KS: [EU på dagsordenen i norske kommuner og fylkeskommuner](#)

Framtidas kompetanse og utdanning – EUs satsing: [New Skills agenda](#)

4. Plantema

Regional plan skal i tråd med planstrategien legge sterk vekt på fornying for å møte framtida. To spørsmål er sentrale i planprogrammet og planprosessen:

- korleis skal planen leggja til rette for at heile Vestland kan takast i bruk,
- korleis ivareta viktige basisnæringar og leggje til rette for nye næringar med vekstpotensial og
- korleis utvikle berekraftige og smarte byar og lokalsamfunn.

Det er også viktig å finna ein god balanse mellom korleis ein skal løysa kortsiktige utfordringar, samstundes som det vert peika på strategisk innsats på lengre sikt. Langsiktig tenking er ein føresetnad for:

- å byggje opp kunnskapsinfrastruktur i form av forskingsmiljø og undervisningstilbod og
- å forvalte naturressursane og å balansere bruk og vern

Evna til å snu seg rundt vert også viktigare:

- løysingar vert brått avleggs på grunn av teknologiutvikling og
- verdsøkonomien kan svinge brått

Dei fem berekraftsmåla – nr 8 anstendig arbeid og økonomisk vekst, nr 9 innovasjon og infrastruktur, nr 10 mindre ulikskap, nr 12 ansvarleg forbruk og produksjon og nr 17 samarbeid – er gjennomgåande i alle plantema. I tillegg vil kvart plantema også rette seg inn mot miljømål og sosiale mål.

Planlegginga skissert i dei 4 følgjande plantema skal sikre både det langsiktige og evne til å justere kursen når det trengst:

Omstilling og fornying

Kapittel 4.1 fokuserer vi på:

1. Vidareutvikle og fornye det vi er gode på
Omtalar kva vi er gode på, korleis ivareta viktige basisnæringar og leggje til rette for verksemdar med vekstpotensial. Under dette plantemaet blir det spesielt viktig å finne ut korleis ein no framover skal handtere konsekvensane av Korona-pandemien. Det må utarbeidast eigne kunnskapsgrunnlag no og undervegs, eigne strategiar og handlingsprogram for dette arbeidet.

Utkast planprogram INN
Type dokument:
Utarbeidd av:

Godkjend av:
Godkjend dato:
Gjeld frå:

Revidert dato:
Arkivsak:-
Side 10 av 21

2. Smart spesialisering som metode for innovasjon og næringsutvikling
Omhandlar smart spesialisering. Prioritering av innsatsen mot å finne dei nye og framtidretta forretningsområda der dei sterke miljøa våre kan ta konkurranseposisjonar i.

Bergen som motor for innovasjon og næringsutvikling i Vestland

Kapittel 4.2 omhandlar Bergensregionen som motor for utviklinga i resten av fylket. Korleis skape god dynamikk mellom Bergen og resten av fylket også når det gjeld næringsutvikling og innovasjon.

Innovative samfunn og like høve til å delta i verdiskaping

Kapittel 4.3 peikar på kor viktig det er å ivareta den sosiale dimensjonen i ein regional plan for innovasjon og næringsutvikling. Ikkje minst fordi næringsutvikling og innovasjon skal bidra til og bygge opp under samfunnsutviklinga og såleis kan vere med på å ivareta mangfaldet og motverke utanforskap.

Arealbruk

Regional plan for innovasjon og næringsutvikling skal vere med på å utvikle «»policyar» for ei langsiktig og balansert utnytting av natur- og arealressursar Vestland. Dette gjeld både areal på land og dei landnære sjøareala. Gode kartleggingar av areal, verktøy for ei heilskapleg arealbruk og samordning mot andre planar er sentralt.

I tillegg er det gjort framlegg om ulike temaplanar som skal innarbeidast i sjølve planen.

4.1 Omstilling og fornying

Dette plantemaet valt å dele opp i to deltema:

- Vidareutvikle og fornye det vi er gode på
- Smart spesialisering som metode for innovasjon og næringsutvikling

Under går vi nærare inn på kvar av desse deltema. Målsettinga med todelinga er å både vidareutvikle og fornye eksisterande næringar, basisnæringar og legge til rette for vekstpotensiale. Samtidig som vi må ha merksemd på å identifisere nye forretningsområde der næringslivet i fylket har potensial - smart spesialisering.

4.1.1 Vidareutvikle og fornye det vi er gode på

Denne delen av plantemaet har som føremål å vidareutvikle det vi er gode på; leggje eit grunnlag for å ivareta viktige basisnæringar og leggje til rette for verksemdar med vekstpotensial.

Relevante berekraftsmål:



Kopling til regional utviklingsplan:

- Mål 1 Vestland som det leiande verdiskapingsfylket og nasjonal pådrivar for eit regionalisert og desentralisert Noreg
- Mål 2 Klima og miljø som premiss for samfunnsutvikling

Utkast planprogram INN
Type dokument:
Utarbeidd av:

Godkjend av:
Godkjend dato:
Gjeld frå:

Revidert dato:
Arkivsak:-
Side 11 av 21

Vestland fylke har sterke bransjar som både har konkurransekraft, og som gir ringverknader i den regionale økonomien. Fornybar energi, olje og gass, marin sektor, maritim sektor og reiseliv er blant desse. Opplevingar knytt til reiseliv er også viktig. Det same er media og kulturbasert næringsliv. I tillegg er landbruk ei viktig næring, og denne næringa har store positive ringverknader for mange område i fylket. Fleire av verdikjedene knytt til desse bransjane inneheld kunnskapsintensive, tenesteytande næringar og spesialiserte underleverandørar.

Dette plantemaet må ta i vare dei sentrale næringane og det vi er gode på i dag. Fleire av næringane er sårbare for konjunktursvingingar og næringsstruktur også i ein normalsituasjon. Vi må sikre eit mangfaldig næringsliv, som ikkje er for sårbart for endringar. Vi må ta i vare dei næringane som har positive ringverknader for andre næringar, for leverandørindustrien, for levande lokalsamfunn i heile fylket og ein lokal og berekraftig matproduksjon.

Vestland er det største eksportfylket i Noreg. Statistikken viser at Noreg står overfor eit betydeleg eksportgap: høge oljeprisar over tid har kamuflert at Norge er det OECD-landet som i volum har tapt størst eksportandel siste 20 åra. Olje og gass står i dag for rundt halvparten av norsk eksport. Frå midten av 2020-tallet vil produksjonen på norsk sokkel falle markant. Ikkje berre må eksporttrenden snuast – norsk fastlandseksport må doblast fram mot 2040 for å kompensere for fallet i framtidige oljeinntekter. Skal vestlandsk næringsliv bli meir robust for ei klimavenleg framtid, må innsatsen rettast mot næringar som har størst potensial for låge klimautslepp, god lønsemd og internasjonal vekst. Det er spesielt fire næringar som utmerkar seg med stort potensial for grøn eksportretta vekst og moglegheit for god lønsemd. Det er fornybar energi, sjømat, maritim og prosessindustrien.

Reiselivsnæringa er også avhengig av internasjonale konjunkturar. Reiseliv er tredje største eksportnæringa i Noreg. Reiselivsnæringa sin del av sysselsettinga er høgare i Vestland enn for landet som heilskap. Vestland er det største reiselivsfylket i landet og har størst eksportandel. Næringa står for om lag 21 000 arbeidsplassar i regionen (tal frå NHO).

Med European Green Deal har EU-kommisjonen sett som mål å gjere Europa til det første klimanøytrale kontinentet innan 2050. Dette får konsekvensar for alle europeiske land inkludert Noreg og Vestland. Det vil påverke den grønne omstillinga innafor fleire område – frå transport til finans, frå mat til jordbruk, frå industri til infrastruktur og energi. Framtidas næringsliv må levere på klimamål for å vere relevant. Vestland har alle moglegheit for å lukkast med dette og berekraft og klima er høgt på dagsorden i næringslivet i Vestland. Vi må jobbe for å sikre grønne investeringar som bidrar til å gi rein energi til verda, energieffektivisering, verdiskaping og arbeidsplassar. No i ei krisetid er dette arbeidet viktigare og meir relevant enn nokon gang.

I april 2020 står næringslivet i Vestland i ein svært dramatisk situasjon som følgje av koronapandemien. Mange har permittert tilsette og fleire verksemder fryktar konkurs. Vi har fått ei rekordrask arbeidsløyse; truleg høgast nokosinne. På toppen av dette opplever vi at den viktigaste næringa i Noreg – olje- og gassindustrien – møter særskilte krevjande utfordringar i form av redusert etterspurnad og låge prisar. I eit vidare perspektiv, basert på økonomi og marknadsutsikter, ser vi at trugsmålet er globalt. Krisen er truleg meir djuptgripande og komplisert enn noko anna krise vi har opplevd.

På kort sikt er det avgjerande at både offentlege og private aktørar saman identifiserer naudsynte tiltak for å avgrense konsekvensane for næringslivet. Forståinga av dette må forankrast i ein djup analyse av vår nye røyndom. Det er heilt avgjerande å utvikle ein robust og strategisk handlingsmodell som tar høgde for ulike utviklingsscenario. Mange bedrifter er no i ein heilt ny situasjon der verdikjeder og rammevilkår er i stor endring. Prioritering av intraprenørskap og innovasjonskultur i eksisterande næringsliv vil også generere fleire gode gründerbedrifter.

Utkast planprogram INN
Type dokument:
Utarbeidd av:

Godkjend av:
Godkjend dato:
Gjeld frå:

Revidert dato:
Arkivsak:-
Side 12 av 21

Gjennom vidare arbeid med plandokumentet må det konkretiserast kva som er prioriterte oppgåver på kort og lang sikt.

4.1.2 Smart spesialisering som metode for innovasjon og næringsutvikling

Denne delen av plantemaet har som føremål å legge eit grunnlag for å utvikle nye forretningsområde basert på det vi er gode på.

Relevante berekraftsmål:



Kopling til regional utviklingsplan:

- Mål 1 Vestland som det leiande verdiskapingsfylket og nasjonal pådrivar for eit regionalisert og desentralisert Noreg. :
- Mål 2 Klima og miljø som premiss for samfunnsutvikling

Globalisering, rask teknologiutvikling og endringar i klima er nokre av drivarane som gjer at samfunnet er i rask endring. Evne til langsiktig omstilling og fornying blir difor viktig for at næringslivet i Vestland skal vere konkurransedyktige.

Planlegging for fornying og omstilling basert på styrken Vestland har, er i tråd med den europeiske plantradisjonen smart spesialisering. Det er viktig å merke seg at denne tradisjonen ikkje handlar om å spesialisere seg til ein meir ein-sidig næringsstruktur. Planleggingsmetoden handlar om å finne dei nye og framtidsette forretningsområda som dei sterke miljøa våre kan ta konkurranseposisjonar i. Rådet er å prioritere felles utviklingsarbeid og økonomiske verkemiddel til fornyingsarbeid.

Smart spesialisering handlar om fornying og tek sikte på å bruke Vestlandet sine ressursar betre. Planleggingsmetoden har fire viktige funksjonar som heng saman:

- innovasjon for å løyse store samfunnsutfordringar / skape smartare samfunn,
- medverke til at bedrifter utviklar konkurransekraft innan nye forretningsområde basert på eksisterande styrke,
- vidareutvikle og bygge nye kunnskapsmiljø og å bygge 'bruer' mellom utviklingsaktørar som brukargrupper, forskingsmiljø, det offentlege og næringslivet og
- vidareutvikle og bygge rett kompetanse i arbeidslivet

Fornyning og omstilling må bygge på dei sterke sidene våre. Spranget til det nye blir mykje enklare, dersom nye produkt eller næringar kan gjenbruka kompetanse, kunnskap, underleverandørar, marknadsføringskanalar, spesialutdanning eller andre eksisterande fortrinn.

Ambisjonen er å setje i gang systematisk leiting etter dei nye næringane, våge å ta risiko og å vri felles innsats mot omstillings- og fornyingsprosessar for å utvikle næringar med konkurransekraft i nye verdikjeder. Også i ein situasjon der korona-pandemien set etablert næringsliv på harde prøvar, må vi utforske potensialet for fornying.

Det offentlege har sjølv store omstillingsutfordringar i retning smartare og meir berekraftige løysingar. Det offentlege kan bruke innovative innkjøp som verkemiddel i fornyingsarbeidet. Klarare enn tidlegare må dei store samfunnsutfordringane danne grunnlag for det næringsutviklingsarbeidet der det offentlege engasjerer seg. Det er næringslivet som må utvikle dei kommersielle løysingane.

Utkast planprogram INN
Type dokument:
Utarbeidd av:

Godkjend av:
Godkjend dato:
Gjeld frå:

Revidert dato:
Arkivsak:-
Side 13 av 21

Næringsliv og kunnskapsmiljø på Vestlandet har allereie peika ut fleire område som er eigna for smart spesialisering på Vestlandet. Døme på dette kan vere:

- verdikjeder knytt til karbonfangst og -lagring (CCS),
- verdikjeder knytt til hydrogen- og batteridreven transport,
- verdikjeder knytt til havvind og vindkraft,
- verdikjeder knytt til produksjon av fornybar energi,
- verdikjeder knytt til fjord og fjell (havbruk, landbruk, reiseliv) og
- verdikjeder knytt til verdas beste digitale infrastruktur (datalagring, e-helse, m.m.).

4.2 Bergen som motor for innovasjon og næringsutvikling i Vestland

Plantemaet har som føremål å legge eit grunnlag for å utvikle god dynamikk mellom Bergen og resten av fylket når det gjeld næringsutvikling og innovasjon. Andre regionale senter vil også spele ei rolle her. Eit godt samspel mellom senter og omland på alle nivå er viktig for heile fylket.

Relevante berekraftsmål:



Kopling til regional utviklingsplan:

- Mål 1 Vestland som det leiande verdiskapingsfylket og nasjonal pådrivar for eit regionalisert og desentralisert Noreg.
- Mål 3 Lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv i heile Vestland

Bu- og arbeidsmarknadsregionar utviklar seg i stadig sterkare grad rundt Bergen og større tettstadar, også i vårt fylke. Sentraliseringa kunne tidlegare i stor grad forklarast med flyttemønster, særleg blant unge, men no ser vi at fødselstala òg medverkar til denne utviklinga. Dette er dermed sjølvforsterkande prosessar. Dersom Bergen ikkje er attraktive for busetting og lokalisering av bedrifter, vil det også over tid bli vanskeleg å halde oppe balansen i busettinga i resten av fylket.

Bergen og mindre tettstadar får ei stadig viktigare regional rolle når det gjeld busetting, arbeidsplassar, kultur- og fritidsaktivitet, handel, samferdsel og utdanning. Korleis Bergen utviklar seg og kor attraktive byen er i konkurranse med andre byar og regionar er difor ikkje berre viktig for Bergen sjølv, men for heile fylket.

Eit viktig regionalpolitisk perspektiv er at heile fylket skal takast i bruk. Då må politikken i større grad differensierast ut i frå ulike behov i ulike delar av fylket. Framtidig verdiskaping i Bergens og resten av fylket føreset gode regionale løysingar på transport og næringsareal. Næringslivet i Bergensområdet og i distrikta har ulike utfordringar som må møtast med ulike strategiar. Tenestetilbod, arbeidsmarknad, kompetansmiljø osv. gjer at storbyen Bergen og mindre regionsenter blir eit "lim" for busetting i resten av fylket. I arbeidet med å skape ein sterk region, er det viktig at Bergen og regionale sentra vert utvikla til å bli endå sterkare for å kunne utfordre og avlaste det sterkt pressa Oslo-området. Eit godt samspel mellom senter og omland på alle nivå er viktig for å få dette til.

Utkast planprogram INN
Type dokument:
Utarbeidd av:

Godkjend av:
Godkjend dato:
Gjeld frå:

Revidert dato:
Arkivsak:-
Side 14 av 21

4.3 Innovative samfunn og like mogelegheiter til å delta i verdiskaping

Plantemaet har som føremål å ivareta lokalsamfunn og befolkninga si rolle i utviklinga av eit berekraftig samfunns- og næringsliv. Næringsutvikling og innovasjonskraft skal bidra til å ivareta mangfaldet og motverke utanforskap i fylket.

Relevante berekraftsmål:



Kopling til regional utviklingsplan:

- Mål 1 Vestland som det leiande verdiskapingsfylket og nasjonal pådrivar for eit regionalisert og desentralisert Noreg.
- Mål 2 Klima og miljø som premiss for samfunnsutvikling :
- Mål 3 Lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv i heile Vestland :
- Mål 4 Like mogelegheiter til å delta i verdiskaping

Like mogelegheiter til å delta i verdiskaping er eitt av dei overordna måla i høyringsutkastet til utviklingsplanen. Næringsutvikling og innovasjon skal bidra til og byggje opp under ei samfunnsutvikling som bidrar til å realisere dette målet. Difor blir det viktig å ivareta den sosiale dimensjonen i ein regional plan for innovasjon og næringsutvikling.

Rapporten «Vestland – utfordringar for fylket og regionane» peikar mellom anna på desse to hovudutfordringane for Vestland:

- eit likeverdig samfunn og
- relevant kompetanse og kunnskap.

Deltaking i arbeids- og næringsliv er ujamt fordelt i samfunnet. Dei negative økonomiske konsekvensane av å stå utanfor arbeidsmarknaden (utanforskap) er godt dokumentert, både for individ og samfunn. I tillegg veit vi at mangfald av ressursar er ein føresetnad for nyskaping. Mobilisering av deltaking og menneskelege ressursar er vesentleg for å auke verdiskapinga.

Fylkeskommunen er pålagt eit særskilt ansvar for integrering, noko som også må avspegle seg i arbeidet med dette temaet.

4.4 Arealbruk

Plantemaet skal vere med på å utvikle «policyar» for ei langsiktig og balansert utnytting av natur- og arealressursar Vestland. Dette gjeld både areal på land og dei landnære sjøareala. Gode kartleggingar av areal, verktøy for ei heilskapleg arealbruk og samordning mot andre planar er sentralt her.

Relevante berekraftsmål:



Kopling til regional utviklingsplan:

Utkast planprogram INN
Type dokument:
Utarbeidd av:

Godkjend av:
Godkjend dato:
Gjeld frå:

Revidert dato:
Arkivsak:-
Side 15 av 21

- Mål 1 Vestland som det leiande verdiskapingsfylket og nasjonal pådrivar for eit regionalisert og desentralisert Noreg.
- Mål 2 Klima og miljø som premiss for samfunnsutvikling

Det er kommunane som er planstyresmakt i arealsaker. Dei regionale planane skal medverke til å gjere kommunane gode i arealplanlegginga. Det er difor ikkje slik at ein med dette plantemaet skal gå inn å detaljstyre bruken av næringsareal i kommunane.

Ei langsiktig og berekraftig arealforvaltning er viktig for å gjere Vestland til ein berekraftig region med fornyingsevne og vekstkraft. Arealpolitikken må vere kunnskapsbasert, og ta i vare behovet for utvikling og verdiskaping, men også den langsiktige forvaltninga av naturmangfald, landskaps- og friluftsverdiar, og kulturminneverdiar på land, under jorda og i vatn. Ei berekraftig arealforvaltning vil også støtte opp under basisnæringane, og matproduksjonen i Vestland og vere avgjerande når vi skal legge klima og miljø som premiss for samfunnsutviklinga. Ei balansert planlegging og arealutnytting kan også gjere til at vi nyttar naturressursane på ein slik måte at den lokale verdiskapinga blir større.

Regional plan for innovasjon og næringsutvikling bør formulere overordna retningslinjer og strategiar for bruk av areal i nærings saker. Under dette plantemaet er det naudsynt med god koordinering med dei fleste andre regionale planar, mellom anna regional plan for senterstruktur, regional planar for kystsona, regional transportplan, og regional plan for vassforvaltning.

4.5 Temaplanar som skal arbeidast inn

Forskningsstrategi for Hordaland

Regional plan for innovasjon og næringsutvikling skal avklare viktige regionale forskingsbehov og korleis forskning kan vidareutviklast som verktøy i regionale innovasjonsprosessar.

Strategi for grøn konkurransekraft i Hordaland

«Strategi for grøn konkurransekraft i Hordaland 2019» vert utarbeidd som eit resultat av fylkestinget sitt politiske vedtak (PS 106/11.12.2018) om å vidareføre arbeidet med å styrke grøn konkurransekraft i næringslivet.

Hydrogenstrategi

I 2016 tok fylkeskommunane på Vestlandet initiativ til eit fagleg samarbeid knytt til hydrogen som energibærer, eit område der regionen kan oppnå ein leiande posisjon ved å utnytte sine naturgjevne og komparative fortrinn i overgangen til ein låg- og nullutsleppsøkonomi. DNV (Det Norske Veritas) vart engasjert til å gjennomføre ein analyse av moglegheitene for produksjon, bruk og verdiskaping knytt til hydrogen på Vestlandet, inkludert behovet for infrastruktur.

I tillegg til dei temaplanane som er omtalt i Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 gjer Fylkesrådmannen framlegg om å innarbeide følgjande fylkeskommunale temaplanar i Regional plan for næringsutvikling og innovasjon:

- Strategi for biogass
- Temaplan landbruk i Hordaland
- Strategi for datasenter og digital infrastruktur
- Strategi for infrastruktur for nullutslepptransport i Vestland
- Vidare at reiseliv også blir del av Regional plan for innovasjon og næringsutvikling.

Utkast planprogram INN
Type dokument:
Utarbeidd av:

Godkjend av:
Godkjend dato:
Gjeld frå:

Revidert dato:
Arkivsak:-
Side 16 av 21

5. Verktøykasse

Verktøykassa skal legge grunnlag for gode verktøy som bygger opp dei ulike plantema.

Plantema som er valt ut som særleg viktige for fylket vårt er:

- Omstilling og fornying,
- Bergen som motor for innovasjon og næringsutvikling i Vestland,
- Innovative samfunn og like mogelegheiter til å delta i verdiskaping og
- Arealbruk.

Føremålet med ei felles verktøykasse er at den skal bygge opp under ambisjonane som blir utvikla i plantema 4.1, 4.2, 4.3, og 4.4. Verktøykassa skal vere med å sikre måloppnåing i dei 4 plantema.

Verktøykassa kan mellom anna bestå av prinsipp for bruk av økonomiske verkemiddel, effektivt partnerskapsarbeid, innovasjonsmetodar, forskning, opplæringstiltak, internasjonalisering, digitalisering/ny teknologi, heilskapleg utnytting av areal- og naturressursar og offentlege innkjøp. Av desse er det spesielt viktig å fokusere på internasjonalisering, digitalisering, forskning og kompetanse.

Ei eiga arbeidsgruppe vil få i oppdrag å greie nærmare ut innhald og bruk av ei slik verktøykasse.

6. Trong for utgreiingar

6.1 Bestilte analysarⁱ

Analyse av arbeidsmobiliteten i Vestland (relaterte kompetansebehov) - Norge/UIS

VLFK har bestilt ei analyse av arbeidsmobiliteten i Vestland og underliggende regionar.

Arbeidsmobiliteten blir definert som all bytte av jobb for alle arbeidstakarar i fylket. Vidare har dei utvikla ein metode for å nytte datamaterialet til å avdekke relaterte kompetansebehov mellom næringar, Dette som eit mål på beslektta mangfald i næringslivet på ulike geografiske nivå.

Frist: Utkast i slutten av mars, endeleg rapport i slutten av april 2020.

Kartlegging av viktige verdikjedar i Noreg - Samfunnsøkonomisk analyse

KMD har gitt konsultentselskapet Samfunnsøkonomisk analyse (SØA) i oppdrag å kartlegge dei viktige verdikjedene i Noreg. Målet er auka kunnskap om korleis verdikjedene ser ut og utviklar seg, korleis dei fordeler seg geografisk, samt moglege framtidige verdikjeder. Som eit ledd i dette vil det også kome ei metodeskildring eller eit verktøy som gjer fylka i stand til å gjere tilsvarande analyser i sine regionar.

Frist: Ferdig rapport i løpet av april 2020.

Kompetansebehovsutvalet – Framtidige kompetansebehov

Det er laga 3 nasjonale rapportar som seier noko om framtidig behov for kompetanse. Det er noko data på regionalt nivå i desse rapportane. I februar kom den tredje og siste rapporten i denne rapportserien.

SSB – Regionale framskrivningar av etterspørsel etter helse- og omsorgstjenester, 2017-2035

SSB publiserte på slutten av 2019 tal for forventa behov (årsverk) i helse- og omsorgstenesta fram mot 2035.

Utkast planprogram INN
Type dokument:
Utarbeidd av:

Godkjend av:
Godkjend dato:
Gjeld frå:

Revidert dato:
Arkivsak:-
Side 17 av 21

6.2 Udekt analysebehov

Regional attraktivitetsanalyse

VLFK (Vestland fylkeskommune) skal bestille ein regional analyse. Denne skal skildre utviklinga i arbeidsplassar og befolkning, som deretter vert analysert ved hjelp av ein attraktivitetsmodell.

Dette nyttast også for å berekne ulike scenario for framtidig utvikling. Målet er å kome fram til dei viktigaste strukturelle drivkreftene bak utviklinga i regionen.

Frist: Etter sommaren 2020.

Kunnskapsgrunnlag

Det vil vere naudsynt å trekke saman trådane frå alle eksisterande og kommande analyser for å trekke ut essensen: kva er Vestlandet, kva er vi gode på, kva er vi best på, kva skal vi bygge ein smart spesialiserings strategi basert på.

Scenario for utvikling i Vestland fylke

I tillegg til historiske analysar vil gode framtidssanalysar og scenario kunne belyse utfordringane stå overfor:

- forstå usikre og skiftande rammevilkår på kort og lengre sikt,
- identifisere dei viktigaste usikkerheitane og utfordringane for næringsliv og samfunn,
- nytte scenario i større grad enn historiske data når framtida skal planleggast og
- gjere val og prioriteringar, følgje utviklinga tett og ha evne til å tilpasse oss.

Korona-pandemien, oljeprisen og næringslivet i Vestland

Alle analysar og prognosar som til no er bestilt eller laga for Vestland baserer seg på historiske data, ofte med ei ferdiggjering ved inngangen til 2020. Dermed tek dei ikkje inn over seg dei store endringane i føresetnadane som har skjedd i mars 2020. Når vi har eit klarare bilete av korleis oljeprisfallet og aktivitetsfallet grunna covid-19-utbrotet, må vi sjå grundig på føresetnadane i alle eksisterande analysar for å vurdere om desse framleis kan leggjast til grunn, om dei må oppdaterast eller forkastast. Her kan ein vurdere å bygge vidare på arbeidet i AUD-rapport 1/18 Oljepris, ordretilgang og bygging av skip og oljeplattformer.

Arealbruk

Det er trong for å utvikle ein "policy" for korleis fylkeskommunen skal forholde seg til næringslivet og kommunane sine behov for næringsareal. Det vil her vere snakk om å arbeide med retningslinjer og strategiar for næringsareal i fylkeskommunal og kommunal planlegging.

Mineral, byggråstoff og masseforvaltning:

Fylkeskommunen ved avdeling for innovasjon og næringsutvikling førebur ei kortare sak med mål om vedtak om ein plan for mineral, byggråstoff og masseforvaltning. Planen har som mål å bli eit kortare kapittel i ein regional plan, der mineralrådet (eller tilsvarande) er gitt eit oppdrag.

7. Organisering og vidare arbeid

Planarbeidet skal skje i tråd med reglane i Plan og bygningslova for regionale planar, jamfør § 4-1 med krav til planprogram og §§ 8-1 til 8-4 som omtalar regionale planar.

Medverknad i planlegginga er ein sjølvstendig bestemmelse i Plan- og bygningslova og er beskrive i kapittel 5 i lova.

7.1 Kopling til andre regionale planar

Skal fylket bidra til ei heilskapleg samfunnsutvikling, må det skje ei samordning og vere ein samanheng mellom ulike regionale planar og temaplanar. Det vil vere avgjerande at fylkeskommunen i denne samanhengen tek i vare si forsterka rolle som samfunnsutviklar.

Utkast planprogram INN

Type dokument:

Utarbeidd av:

Godkjend av:

Godkjend dato:

Gjeld frå:

Revidert dato:

Arkivsak:-

Side 18 av 21

I det vidare arbeidet blir det difor lagt opp til samråding og samordning med andre parallelle planprosessar.

Regional plan for innovasjon og næringsutvikling må kunne påverke andre område fylkeskommunen. Motsett må denne planen også kunne ta inn over seg innspel frå og samordne seg med andre regionale planprosessar.

7.2 Medverknad

Medverknad skal mellom anna:

- sikre gode løysingar som tek omsyn til ulike behov
- legge til rette for at alle berørte og interesserte aktørar kan kome til orde
- fremje eit godt beslutningsgrunnlag

§ 4-1 Planprogram i Plan- og bygningslova slår mellom anna fast at:

“Forslag til planprogram sendes på høring og legges ut til offentlig ettersyn samtidig med varsling av planoppstart. Planprogrammet fastsettes ordinært av planmyndigheten.”

Som det går fram av framdriftsplanen blir det lagt opp til to høyringar, ein av planprogrammet og ein for sjølve planen med tilhøyrande handlingsprogram. Høyringsrundane vil bli viktige for å få gode og grundige uttalar frå dei involverte partane. Det vil bli fokusert på formidling undervegs i prosessen - etablere møteplassar og gjennom publisering av informasjon og dokument på vlfk.no. Problemstillingar og spørsmål dei einstilte aktørane har vil kunne påverke planen.

I arbeidet med planprogrammet har vi lagt vekt på å avgrense tal tema for å målrette prosessen mest mogeleg. Dette er også i tråd med valet om å nytte “smart spesialisering” som metode.

Høyringsrunden må avklare kva tema ein skal ha hovudfokus på.

Eit førebels utkast til planprogram har alt vore drøfta med Næringsforum Vestland og Regionalt planforum då Regional plan for innovasjon og næringsutvikling er partnerskapen sin plan. Gjennom ei slik drøfting med sentrale aktørar i partnerskapen har ein forankra forarbeidet med planprogrammet i viktige institusjonar i fylket. I tillegg til Næringsforum har fylkeskommunen også ansvar for Kompetanseforum som det kan vere aktuelt å trekke inn i dialogen rundt planprogrammet.

I tillegg vil kommunar og regionråd vere viktige i arbeidet med planprogrammet og sjølve planen. Vidare er også andre organisasjonar knytt til innovasjon og næringsutvikling som næringsforeiningar, klynger, inkubatorar og næringsshagar viktige å involvere i prosessen.

Gitt dagens situasjon med korona-pandemien vert det lagt opp til stor bruk av digitale verktøy for å få innspel; Videokonferansar, videomøte med grupper av interessentar og øvrige måtar å kommunisere på vil bli vurdert som del av prosessen.

7.3 Organisering av planarbeidet

7.3.1 Arbeidsdeling

Formell politisk styringsgruppe:	Fylkesutvalet
Politisk drøftingsgrupper:	Planutvalet og Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon
Prosjektansvarleg:	Fylkesrådmannen
Prosjekt-/prosessleiar:	Seksjonsleiar seksjon for verdiskaping i byar og regionar

Utkast planprogram INN
Type dokument:
Utarbeidd av:

Godkjend av:
Godkjend dato:
Gjeld frå:

Revidert dato:
Arkivsak:-
Side 19 av 21

Arena for intern forankring:	Fylkesrådmannen si leiargruppe
Administrativ styringsgruppe:	Næringsforum Vestland der leiinga for Innovasjon Noreg Vestland, Fylkesmannen i Vestland, Fiskeridirektoratet Region Vest, NAV Vestland, Universitetet i Bergen, Høgskulen på Vestlandet, NHO Vestlandet, LO-sekretariatet i Vestland, KS Vestland, næringsssjef i Bergen kommune og den regionale representanten for Noregs forskingsråd. Frå fylkeskommunen deltek fylkesdirektør for Innovasjon og næringsutvikling, som også leiar næringsforumet.
Arbeidsgrupper	Fylkesrådmannen ved fylkesdirektøren opprettar etter behov interne og eksterne arbeidsgrupper og sikrar koordinering mellom desse.

7.3.2 Intern arbeidsgruppe

Det er etablert ei intern arbeidsgruppe med fylkesdirektøren, seksjonsleiarane og tilsette i avdeling for Innovasjon og næringsutvikling som skal koordinere arbeidet med planen både intern i fylkeskommunen og eksternt med partnerskapen. I tillegg er det nedsett ei eiga skrivegruppe.

7.3.3 Etablering arbeidsgrupper innanfor kvart plantema

Når ein har gjort politisk vedtak om plantema (skjer ved vedtak av endeleg planprogram i Fylkestinget), blir det sett ned arbeidsgrupper for kvart tema som skal utgreiast. Partnerskapen får ei viktig rolle inn i desse arbeidsgruppene.

Arbeidsgruppene skal:

1. utarbeide ein kunnskapsdel med status, utviklingstrekk og utfordringar. Eventuelt initiere behov for ny kunnskap innan plantemaet. Utgreiingane skal vere basert eksisterande utgreiingar som er lista opp i planprogrammet, bestilte utgreiingar og anna relevant kunnskap.
2. kome med framlegg til mål og strategiar for planperioden. Mål og strategiar skal synleggjere korleis ein konkret vil følgje opp FN sine berekraftmål, mål og strategiar i "Utviklingsplan for Vestland 2020-2024" og dei overordna måla for planarbeidet - og
3. kome med framlegg til tiltak i handlingsprogrammet.

Det er behov for å definere arbeidsoppgavet til arbeidsgruppene nærmare. Dette vil bli gjort når planprogrammet skal endeleg vedtakast.

Fylkesrådmannen får fullmakt til å peike ut leiar, sekretær og medlemar i arbeidsgruppene.

7.3.4 Høyring

I høyringsrunda ønskjer ein særleg innspel på:

1. dei overordna måla for planarbeidet,
2. hval av plantema,
3. innhald plantema og
4. organisering og medverknad.

Samstundes ber vi om at høyringsinstansane i høyringsrunden adresserer korleis andre regionale planar kan leggje til rette for berekraftig innovasjon og næringsutvikling.

Elles står høyringsinstansane sjølvstendig fritt til å kommentere innhaldet i planprogrammet

Utkast planprogram INN
Type dokument:
Utarbeidd av:

Godkjend av:
Godkjend dato:
Gjeld frå:

Revidert dato:
Arkivsak:-
Side 20 av 21

7.4 Framdriftⁱⁱ

	2020							2021						
	April	Mai	Juni	Juli	Aug	Sept	Okt	Nov	Des	Jan	Feb	Mars	April	
Planprogram innovasjon og næring														
Utarbeide planprogram														
Næringsforum	23					16								
Andre fagavdelingar														
Planforum	28													
Planprogram høyring hovudutval for innovasjon næring og naturressursar		14				16								
Planprogram høyring fylkesutvalet		28												
Høyringsperiode			6 veker											
Innarbeide høyringsinnspel														
Planutval														
Planprogram vedtak fylkesutvalet						16								
Regional plan for innovasjon og næring														
Smart spesialisering peer review						15-16								
Utarbeide plan														
Næringsforum														
Planforum														
Planutvalet														
Hovudutval														
Plan høyring fylkesutval								5						
Høyringsperiode								25						
Innarbeide høyringsinnspel														
Plan vedtak hovudutval for næring, innovasjon og naturressursar												Mars		
Plan vedtak fylkesutvalet												Mars		
Vedtak fylkestinget april 2021													April	

ⁱ [18.05.2020] Analysen «Regional attraktivitetsanalyse» er flytta til 6.2 Udelt analysebehov fordi bestillinga av analysen og val av leverandør ikkje er konkludert.

ⁱⁱ [18.05.2020] Behandling i planutval lagt til i framdriftstabellen

Saksprotokoll 08.06.2020 - fylkesutvalet

Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Vestland fylkeskommune legg utkast til planprogram for «*Regional plan for næringsutvikling og innovasjon - Vestland*» ut på høyring med frist 15. juli 2020. Høyringsinstansane vert utfordra til å gi synspunkt på:
 - Val av plantema
 - Problemstillingar som er viktige innan dei føreslegne plantema
 - Medverknad i planarbeidet
 - Anna som vert vurdert som viktige innspel i planarbeidet
 - utfordringar på kort og lengre sikt knytta til koronapandemien.
2. Fylkesrådmannen får fullmakt til å gjere mindre justering etter vedtak. Handlingsplanen skal utformast i tråd med grafisk profil for Vestland fylkeskommune, og det kan gjerast mindre tekstlege justeringar utan innverknad på innhaldet.
3. Administrasjonen blir bedt om å innarbeida naturressursar og kompetanse sin betydning for utvikling av Vestland i kap. 4.2

Saksnr: 2020/1931-48
Saksbehandler Dagmar Reutz Hillestad
Dato: 19.08.2020

Til: Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

Frå: Fylkesrådmannen

Forenkling, modernisering og effektivisering av salskanalane og betalingsmåtene innanfor mobilitet og kollektiv

Vedlagt er Forenkling, modernisering og effektivisering av salskanalane og betalingsmåtene innanfor mobilitet og kollektiv.

Vedlegg:

1. Forenkling, modernisering og effektivisering av salskanalane og betalingsmåtene innanfor mobilitet og kollektiv
2. Saksprotokoll, fylkesutvalet 18.06.2020

Saksnr: 2020/46333-2**Saksbehandlar:** Kari Steinsland

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for samferdsel og mobilitet		03.06.2020
Fylkesutvalet		18.06.2020

Forenkling, modernisering og effektivisering av salskanalane og betalingsmåtane innanfor mobilitet og kollektiv

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet tar framlegget om ei heilskapleg tilnærming til ei felles digital plattform innan mobilitet i Vestland til orientering, og stiller seg bak at dette må gjerast trinnvis og på ein måte som både tek omsyn til kundeperspektivet og -opplevinga. Samstundes arbeider ein for kostnadseffektive løysingar som er i tråd med utviklinga nasjonalt og internasjonalt, og legg til rette for framtidens mobilitetssatsing.
2. Fylkesutvalet støtter forslaget om ei gradvis harmonisering av salskanalar og betalingsmåtar som byggjer opp under at kjøpsopplevinga vert den same i heile Vestland fylke. I fyrste omgang gjennom at ein fasar ut reisepengar/verdikort som betalingsmiddel i heile fylket, og fasar inn bankterminalar som betalingsmiddel i busskontraktane i Hordaland.

Samandrag

Det vert arbeida på fleire plan med løysingar for å støtte opp under ein slik digital plattform. Endringane ein gjer i både salskanalane, betalingsmåtane og løysingane er med på gjera dette mogleg. Eit viktig perspektiv er korleis endringane påverkar kostnadane, og kva slags fleksibilitet dei gjev Skyss/Kringom.

I denne saka gjer ein greie for bakgrunnen og heilskapsperspektivet på ei felles digital plattform i Skyss/Kringom. I saka vert det lagt fram forslag til endringar her som støttar opp under både målet om forenkling, modernisering og effektivisering. Konkret vert det foreslått å fasa ut reisepengar/verdikort, og fasa inn bankterminalar. Forslaga tek òg omsyn til at ein så raskt som mogleg skal få ei felles merkevare og felles løysingar for mobilitet- og kollektivtransporten i heile Vestland.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn og et heilskapleg perspektiv på ei felles digital plattform i Skyss/Kringom

Arbeidet med forenkling, modernisering og effektivisering av salskanalane og betalingsmåtene er godt i gang, og mellom anna i RS 37/2020 (Fylkesutvalet, 30.04.2020) vert det gjort greie for detaljar i arbeidet. Sentralt står målet om ei felles, heilskapleg digital plattform for mobilitet, i heile Vestland fylke. Ei slik løysing skal syta for at kundane får same gode oppleving i heile fylket, samstundes som ein legg til rette for moderne og kostnadseffektive løysingar. Utrulling av løysinga startar opp hausten 2020 i Hordaland i forbindelse med oppstart av dei to nye busskontraktane i Bergen. Vidare fortset ein med dei andre kontraktsområda i Hordaland vinteren 2020/2021, og ser føre seg å starta i Sogn og Fjordane på vårparten. Her vert det òg peikt på at ein jobbar med ein heilskapleg plan, både for salskanalane, men òg innan takst- og sonestrukturen for heile Vestland, samt ei felles digital plattform for Skyss/Kringom.

Endringane ein jobbar med er ei viktig føresetnad for å mellom anna:

- Kunne tilby etterspurde og relevante tenester, salskanalar og betalingsmåtar til dei reisande
- Forenkle og forbetre arbeidskvardagen til sjåførar, billettørar og tilsette i Skyss/Kringom
- Leggje til rette for framtidig satsing på mobilitet, digitalisering og raskare endringar i systema
- Modernisera utstyr og løysingar og redusera kostnadsstrukturen på desse

Takst- og sonestrukturen er ein eigen sak i PS 35/2020 (Hovudutval for Samferdsel og mobilitet, 13.05.2020). Felles takst- og sonestruktur for buss og bybane er ein forutsetning for felles billetteringsløysingar, både på kundesida (billettapp) og for sjåførar/billettørar (salsløysing om bord). Arbeidet er omfattande og kostnadskrevjande, og ein lyt difor ta det trinnvis, både av omsyn til kapasiteten i organisasjonen og av omsyn til tilgjengeleg budsjett.

Mot ein heilskapleg og felles digital plattform for mobilitet i Vestland fylke

Arbeidet med integrasjon av kollektivområdet i Vestland fylkeskommune vart handsama i PS 3/2020 i Fylkesutvalet og eit samrøystes Fylkesutval gjorde slikt vedtak:

«Fylkesutvalet støttar framlegget om ein gradvis marknadsintegrasjon, der kollektivtilbodet framstår mest mogeleg likt som i dag for kundane, fram til merkevare er avklara og gode fellesløysingar er utarbeida innan mobilitets- og kollektivområdet.»

Ein felles digital plattform er krevjande, men med ei trinnvis tilnærming er det mogleg å utføre. Det er fleire element i dette arbeidet (harmoniseringa gjeld buss og båt):

- Harmonisera salskanalar og betalingsmåtar i heile fylket
- Harmonisera produkt og takstar/soner i heile fylket
- Innføra felles system og løysingar i heile fylket

Eit anna moment i eit heilskapleg perspektiv på fellesløysingar, er at ein lyt sjå på korleis ein kan modernisera og effektivisera løysingane ein har, og som vert utvikla. Med modernisering meiner ein mellom anna utskifting av gamle løysingar for infrastruktur i bussar, båtar og ander stader der det vert seld billettar. Det tyder òg at løysingar vert digitaliserte og rigga for framtidig satsing på mobilitet.

I omgrepet effektivisering legg ein at ein ser på dei ulike salskanalane og betalingsmåtene, og gjer ei vurdering av kva det kostar å selje billettar og krevje inn betaling på denne måten (kostnad per transaksjon). Førebels viser resultatata til dels store skilnadar mellom salskanalane og betalingsmåtene. Eit anna viktig moment er i kva grad kostnadene er faste eller følgjer volumet i salskanalen. Eit godt eksempel er kontantbetaling om bord på den eine sida, og betaling i mobilappen på den andre. Kostnadar knytt til handtering av kontantar på bussane er i stor grad faste og regulert i kontrakten med operatøren, medan transaksjonskostnadane i mobilappen er basert på volum. Dette ser ein effektane av i dagens koronasituasjon, der kostnadene ved kontanthandtering er dei same sjølv om det ikkje er betaling med kontantar akkurat no. I mobilappen er volumet òg kraftig redusert, men det same gjeld kostnadene knytt til salskanalen.

Felles løysingar for alle kundane i fylket

I PS3/2020 (Fylkesutvalet) vart det lagt fram at ein mellom anna vil arbeida for å ha integrerte og felles løysingar for kundane. Eit ledd i dette arbeidet vert å harmonisera salskanalar og betalingsmåtar, slik at kjøpsopplevinga vert lik for kundane på same transportmiddel, uavhengig av kvar i fylket ein er. Ein har i det pågåande arbeidet difor sett på kva slags forskjellar det er i tilgjengelege kanalar og betalingsmåtar for kundane i Vestland. Mykje er allereie felles, men det er nokre hovudforskjellar. Til dømes gjeld dette den populære salskanalen SkyssBillett (mobilapp), og at det i liten grad er mogleg å nytta bankkort som betalingsmiddel på bussane i kontraktsområda i Hordaland. Skyss/Kringom ønskjer difor å utvida betaling med bankkort (kontaktlause bankkort) til å gjelde heile Vestland fylke, ikkje berre Sogn og Fjordane. Tilsvarande arbeidar ein for å tilby mobilappen i heile fylket, ikkje berre i Hordaland.

Vidare arbeider ein òg med modernisering og effektivisering. Ein del av dette er å ta del i nasjonale løysingar, som til dømes Entur si løysing for sjølvbetjening og ein felles nasjonal løysing som gjer det mogleg å kontrollera billetter andre har seld. Eit døme på behovet for dette, er samarbeidet med Vy og Jernbanedirektoratet om at Skyss/Kringom sine periodebilletter vil vere gyldig på toget heilt til Voss, det same gjeld mellom anna enkeltbilletter mellom Bergen og Arna. Den nasjonale løysinga gjer gode moglegheiter for vidareutvikling av både utsalsstader (til dømes hotell og andre reiselivsverksemdar), produkt og samarbeid med andre aktørar. Å ta del i utviklinga av nasjonale løysingar gjer òg at ein ikkje lyt bera heile kosten og risikoen sjølv. I Entur si løysing er det ikkje støtte for det som vert kalla reise pengar i Hordaland, og verdikort i Sogn og Fjordane. Dette er løysingar som gjer at kundane betalar inn ein sum pengar på førehand til ein konto som Skyss/Kringom har ansvar for. Når ein kjøper billetter vert betaling trekt frå denne kontoen. I praksis vert Skyss/Kringom ein bank, og det er ein betydeleg jobb med både sikkerheit knytt til korta og administrasjon av pengane og løysinga.

I eit moderniserings- og effektiviseringsperspektiv er det fleire argument som talar for at reise pengar/verdikort bør fasast ut. Nyten for kundane er overlappande mellom betalingskort og reise pengar/verdikort. Sidan bankkort er noko dei fleste kundane allereie har, slepp ein òg administrasjon knytt til produksjon og distribusjon av sjølve korta, og arbeid knytt til sikkerheit. Reise pengar og verdikort krev og større kontanttransaksjonar mellom sjåfør og den reisande, noko ein av fleire grunnar ønskjer å unngå. Mellom anna kan ein redusera tid på haldeplassen, det vert mindre risiko for ran, og ein unngår kontantar som mogleg smittekjelde. Effektivitetsperspektivet tilseier difor at sjølv om betalingsmåten framleis er nytta av nokre kundegrupper, så er kostnadane per transaksjon store, og i stor grad kan dei reisande som i dag nyttar reise pengar/verdikort nytta andre betalingsmåtar.

Vedtakskompetanse

Fylkesutvalet har samordningsansvaret for planlegging og økonomiforvaltning.

Vurderingar og verknader

Økonomi: Arbeidet med salskanalar påverkar ikkje inntektene direkte, men vil vere med på å kunne redusera driftsutgifter på sikt

Klima: Ikkje relevant

Folkehelse: Ikkje relevant

Regional planstrategi: Ikkje relevant

Trender og fakta; kvar går utviklinga nasjonalt og internasjonalt

Kva slags trendar ser ein

Både i Handlingsprogram 2020-2023 og i Kollektivstrategi for Hordaland fram mot 2030 vert det framheva at det er viktig med enkle og framtidssretta måtar å betale for kollektivreisene. Som ein del av dette arbeidet ser Skyss/Kringom på kva andre kollektivselskap gjer, både nasjonalt og internasjonalt. Her er det ein tydeleg trend i retning av kontaktlause bankkort. London var tidleg ute her, og ein har passert ein imponerende milepåle med 3 milliardar reiser som er betalt med kontaktlause bankkort. Både her og hjå andre vert det trekt fram at nøkkelen til suksess ligg i at det er ei betalingsform som er rask, sikker og kundevennleg. Samstundes er adopsjonen av bankkort

som betalingsmiddel nær universell, og dekkjer alle kundegrupper. Ein annan fordel som vert trekt fram er at tilreisande kan nytta kort dei allereie har.

Internasjonalt ser ein òg konturane av at reise- og kjøpsmønstra er i ferd med å endre seg. Etter kvart som tradisjonell pendling til og frå arbeidsplassen er i endring og bruk av heimekontor aukar, endrar òg produkttilbodet seg. Fleire og fleire store kollektivselskap ser ein nedgang i talet på selde periodebilletter, og ei auke i etterspurnaden på meir fleksible løysingar. Eit populært konsept her er sin sokalla «Pay as you go» (PAYG) tilnærming. I praksis vert kundane her belasta ut frå ein dynamisk modell som gjer at skilnaden mellom einskildbilletter og periodebilletter vert meir fleksibel og kan tilpassast arbeids- og pendlingssituasjonen frå dag til dag. I Norge er ikkje dette komen like langt, men førebels veit ein lite om kva slags påverknad koronasituasjonen vil ha her, og om dette vil vere med på å akselerera utviklinga. I ei PAYG-tilnærming er bankkort klårt vanlegast, og mest utbreidd som betalingsmiddel. Dette tyder ikkje det same som at dette er ei tilnærming ein skal velja på kort sikt. Jamvel vert det viktig å velje løysingar som gjer at ein har fleksibilitet i framtida, og at endringar ikkje vert tid- og kostnadsnevjande dersom det vert aktuelt.

Fakta om utviklinga i sal om bord

I takt med at ein stadig større del av omsetnaden kjem i mobilappen, fell salet om bord. På buss og bane har endringane vore store (båtbilletter vart først ein del av mobilappen i 2020). Målt i talet på selde billetter om bord er det ein nedgang på heile 20 %, eller om lag 800.000 billetter. Ser ein på omsetnad, er nedgangen enda større, heile 45 % av omsetnaden er flytt over i andre kanalar. I sum utgjør dette om lag 110 millionar kroner. I eit kostnadsperspektiv tyder dette at salskanalen sal om bord, er vorten monaleg dyrare per transaksjon, sidan kostnadane i stor grad ikkje vert skalert ned i same takt. Dette gjeld både kontant og reise pengar som betalingsform.

Ser ein på dei ulike kundegruppene, er utviklinga eintydig med unntak av i kategorien honnør. For vaksne, born og andre grupper er det ein sterk nedgang (30-50%). Blant honnørreisande er utviklinga svakt negativ (3 %). Bruken av reise pengar er størst på buss (82 %, etterfylgd av bybane (12 %) og båt (3 %). Når det gjeld billett kategoriar, står honnørreisande for om lag 61 % av billettsalet betalt med reise pengar (av totalen om bord utgjør selde honnørbilletter om lag 34 %).

Vegen mot ei felles digital løysing for heile Vestland fylke – løysingar og tidslinje

Overordna linjer – kvar er vi på veg?

I RS 37/2020 (Fylkesutvalet) vert det peikt på at det har vore ei rivande utviklinga sidan billettsystemet som no skal bytast ut vart innført. Tydelegast har trenden mot meir sjølvbetente løysingar vore, og her var ein tidleg ute med å lansera mobilbillett som eit framtidsretta, fleksibelt og kostnadseffektivt alternativ til tradisjonell billettering. 80 % av omsetninga i Hordaland går no i slike kanalar, og ein jobbar mot ei implementering av kanalane i heile fylket. Kostnadseffekten av sjølvbetening får ein først når ein har nådd ei kritisk masse. Ein kan da henta ut gevinstar gjennom digitalisering og effektivisering. Ein er no nær ved å nå dette målet. I arbeidet med nye salskanalar og betalingsmåtar, er det difor viktig at ein arbeidar med å sjå og utvikla kanalar og betalingsformar som både er haldbare i ei viss tid frametter. Samstundes må dei støtta opp under konsept som Baas (Bus as a service, der operatørane eig infrastrukturen og drifrar den), mobilitet og andre initiativ som er med på å digitalisera og effektivisera billettsalet. På den måten sikrar ein at ein no, og i tida frametter, kan henta ut gevinstar og effektar frå dei investeringane ein har gjort, og skal gjere, innanfor området.

Ser ein på utviklinga dei siste åra, samt trendane og kva som vert forespeila frametter, er det særleg to viktige overordna spor. Det eine er utviklinga i retning sjølvbetjening og salskanalar som støttar oppunder mobilitet. Her er ein godt posisjonert allereie, men lyt arbeida med både å lansera mobilappen i heile fylket, samt tilby kostnadseffektive og dynamiske løysingar. Utvikling av mobilappen, og lanseringa av ein nettbasert sjølvbeteningsløysing der ein kan kjøpa både einskildbilletter og periodebilletter, til hausten 2020 (i Hordaland, i 2021 i Sogn og Fjordane) vert viktige grep her. Eit anna viktig spor er framtidsretta betalingsformer som i mindre grad er avhengig av at kollektivselskapa og operatørane har eige infrastruktur og system for forvaltning og handtering av betaling. Ein er på veg i retning av at kontantar spelar ein mindre rolle, og ein ser at i situasjonar som den ein no er inne i, lyt ein finna andre ordningar. Samstundes ser ein at betalingsformer som er avhengig av kontantinnskot (reise pengar/verdikort) vert mindre populære blant mange kundar og ikkje støtter framtidas digitale løysingar.

Kostnadseffektive salskanalar og betalingsmåtar er ein god forvaltning av fellesskapets midlar, og gjer at ein kan bruka meir ressursar på andre område.

Tiltak på vegen mot ei felles digital løysing

Innføringa av ei felles digital løysing vert trinnvis. I arbeidet med nye digitale løysingar for billettering, vert løysingane først innført i Hordaland. Dette heng dels saman med oppstart av nye busskontraktar her. I tillegg er det ein avhengigheit mot ny takst- og sonestruktur for buss som enda ikkje er på plass i Sogn og Fjordane. Både ny takst- og sonestruktur for Sogn og Fjordane og nærare detaljar om innføring av ny løysing (både for kundane og for sjåførane/billettørane) i Sogn og Fjordane kjem ein attende til i eigne saker.

Når det gjeld implementering av ny billetteringsløysing først i Hordaland, vert det foreslått nokre endringar i betalingsmåtene om bord. Som et ledd i harmoniseringa mellom Hordaland og Sogn og Fjordane er forslaget at ein innfører bankkort som betalingsmiddel på alle busslinjene i Hordaland (på båt er det allereie mogleg). Med innføringa av bankkort, er det administrasjonen si tilråding at ein som eit ledd i digitaliserings- og effektiviseringsarbeidet samstundes gradvis fasar ut reise pengar som betalingsmiddel i Hordaland (og på sikt verdikort i Sogn og Fjordane).

Tidslinje for endringane

Med oppstarten av nye kontraktar, har ein og eit vindaug for meir effektiv installasjon av nytt utstyr. Skyss/Kringom ønskjer difor å starta utrulling av bankterminalar på bussane i samband med oppstart av dei nye busskontraktane i Bergen Nord (01. oktober 2020) og Bergen Sentrum (01. desember 2020). Vidare vil ein ha ei gradvis utrulling av bankterminalar i dei andre kontraktane i løpet av første kvartal 2021. Dette gjer at ein i løpet av første kvartal 2021 vil kunne nytta bankkort på bussane i heile Vestland, eit viktig steg i harmoniseringa og innføringa av ein felles merkevare og kundeoppleving.

Når ein byter system, vert det ofte ei overgangsperiode der ikkje all funksjonalitet er harmonisert mellom dei to systema. Dette gjer at ein får ein periode med både gamal og ny løysing. Her gjer ein nokre grep for å sørge for minst mogleg innverknad på kundane. Frå 01. oktober 2020 vert det berre mogleg å kjøpa einskildbillett og 24-timarsbillett om bord i Hordaland. Kundane vil difor ikkje oppleve skilnad på produkttilgjengelegheita om bord i Hordaland. Når det gjeld betalingsmåtar, er det her ikkje mogleg å tilby det same om bord i alle områder før ein har rulla ut systemet i alle kontraktsområda.

Forslaget frå Skyss/Kringom at ein vel ein tilnærming om at ein tilbyr noko nytt samstundes som ein fasar ut noko. Forslaget er difor at ein har ein gradvis utfasing av reise pengar etter kvart som ein ruller ut ny løysing. Samstundes fasar ein inn bankkortbetaling. Dette gjev ein viss overgangsperiode, førebels estimert frå oktober 2020 til mars 2021, men her jobbar ein for å komprimera denne. Når det gjeld Bybanen er forslaget å behalde reise pengar som betalingsmiddel fram til ny løysing for billettering på haldeplassane er klar. Konsept og val av løysing knytt til haldeplassane kjem ein attende med i ei eiga sak til hausten.

Kostnadar ved endringane

Kostnadane for 2021 for alle kontraktsområda kjem ein attende til som ein del av budsjetthandsaminga i haust. Når det gjeld kostnadane for 2020 vert desse dekkja gjennom årets budsjett.

Korleis påverkar endringane ulike grupper – ei vurdering

Sjølv om ein har fleire billettkategoriar, har ein for praktiske føremål tre store kategoriar. Vaksne, born og honnørreisane. Her har Skyss/Kringom sett på i kva grad desse gruppene påverkast av endringane som no vert foreslått. Ei viktig presisering er at endringane knytt til reise pengar er estimert til å påverka om lag 6 % av kundane. For 88 % av kundane vert det ikkje nokon merkbar negativ endring i betalingsform eller tilbod, og for 6 % (dei som kjøper periodebillett kontant om bord) lyt ein byta salskanal.

Born

Born utgjer ein relativt liten del av dei reisande som løyser billett med reise pengar. Som ein del av selde billett utgjer born om lag 7 %. Til samanlikning utgjer dei 14 % av selde billett i billettappen.

Born er ei gruppe som er vanskeleg å sjå under eitt; det er stor skilnad på kva slags betalingsmåtar som er gode alternativ for ein 6-åring, og for ein 17-åring. Gruppa er difor utfordrande når det gjeld vurderingar knytt til betalingsmåtar. Gruppa er i liten grad ein aktiv brukar av reise pengar, og det vert seld om lag tolv gongar fleire billetter til born i appen enn det vert løyst med reise pengar. Tal frå SSB viser at 92 % av born over 9 år har smarttelefon. For mange av desse har ein gode løysingar, både mobilapp knytt til foreldra sine betalingskort, men og sjølvbeteningsløysinga vil vere gode alternativ. Om bord på buss og båt kan ein løyse billett hjå sjåfør, og for reisande med Bybanen har ein moglegheit til å kjøpa billett på haldeplassen. I gruppa 6-8 år har ein mindre del tilgang på bankkort og/eller smarttelefon, men delen av desse borna som reiser åleine på buss eller bane er ikkje veldig høg. For desse vil kontant betaling, eller sjølvbeteningsløysinga vere alternativ. Skyss/Kringom si vurdering er difor at gruppa har gode alternativ, sjølv ved utfasing av reise pengar.

Vaksne

Vaksne utgjer om lag 32 % selde billetter blant dei som brukar reise pengar. Til samanlikning utgjer dei 68 % av selde billetter i mobilappen. Som gruppe har vaksne i snitt opp mot 95-99% tilgang på smarttelefon, og kan nytta app dersom ein vil. For mange vil òg sjølvbeteningsløysinga vere eit alternativ, særleg dei som ønskjer å reise anonymt. Bankkort er og noko meir eller mindre alle i denne gruppa har tilgang på. Skyss/Kringom si vurdering er at vaksne (og i vidare betydning studentar og militær) har gode alternativ.

Honnørreisande

Honnørreisande utgjer om lag 61 % av selde billetter blant dei som brukar reise pengar. Til samanlikning utgjer dei om lag 12 % av selde billetter i appen. Ser ein på talet på selde billetter, så sel ein fleire einskildbilletter på mobilappen (om lag 1,1 millionar billetter) til gruppa, enn via reise pengar (om lag 930.000 billetter). Som med born, er honnør ei samansett gruppe. Både i alder, men i tillegg omfattar honnørreisande ikkje berre menneske i visse aldersgrupper. Reisande som har uførepensjon etter lov om folketrygd og blinde, er òg ein del av gruppa. Skyss/Kringom fører ikkje statistikk over kor stor del av gruppa desse gruppene utgjer. For reisande i dei ulike aldersklassane, vil bankkort stort sett være eit godt alternativ for alle. Kontantbetaling vil òg vere ei løysing. For mange i gruppa tilseier både tal frå SSB kring bruk av smarttelefon (74 % i aldersgruppa 65-74 år, fallande til 47 % i gruppa 75-79), og salstala frå mobilappen at denne kan vere eit godt alternativ for mange. For blinde kan mobilappen vera eit godt alternativ, mellom anna med bakgrunn i støtte for tekst til tale i appen. For andre reisande vil sjølvbeteningsløysinga vere eit alternativ, og kundesenteret til Skyss/Kringom vil kunne hjelpe nokre her. Sett under eit er Skyss/Kringom si vurdering at honnørreisande òg har gode alternativ sjølv om ein fasar ut reise pengar.

Oppsummering og tilråding

I RS 37/2020 (Fylkesutvalet), og i denne saka, har ein understreka at arbeidet er ein del av ei heilskapleg tilnærming til ei felles digital løysing for heile Vestland. Nokre stikkord har mellom anna vore forenkling, fleksibilitet, moglegheit til raskare endringar og fokus på å modernisera og effektivisera løysingane og prosessane.

Forenkling, modernisering og effektivisering

Forenkling betyr mellom anna at dei løysingane ein har, skal vere så enkle og rimelege som mogleg i bruk og i drift. Samstundes kan forenkling og vera at ein tek vekk nokre salskanalar og betalingsmåtar. Dette ønskjer ein å gjera både fordi det gjer det enklare både for kundane og Skyss/Kringom, samstundes som ein tek ned kostnadene og får ein meir moderne infrastruktur.

Fleksibilitet og moglegheit til raskare endringar

Arbeidet med salskanalane har mange forgreiningar og avhengighetar. Som ein har vore inne på, treff det sjølv sagt kundane, og ein viktig del av arbeidet har vore og kjem til å vere å jobba for å gjera det enklare å velja og reisa kollektivt. I så måte handlar noko av det arbeidet ein gjer med salskanalane å fortsetje arbeidet med å ha informasjons- og salskanalar som er relevante og enkle for kundane. Prinsippa her er mellom anna greidd ut i «Kollektivstrategi for Hordaland – Utvikling fram mot 2030».

Heilskaplege løysingar for heile fylket

Arbeidet ein no gjer vert eit monaleg bidrag til felles løysingar i heile fylket. Mellom anna gjeld dette dei delane som treff kundane, til dømes dei same betalingsmåtene, salskanalane og ein felles takst-

og sonestruktur. Samstundes jobbar ein òg med felles løysingar på baksida, slik at ein kan dra nytte av stordriftsfordelar og utvikla løysings- og tenesteproduksjon i Skyss/Kringom i tråd ved dei prinsippa ein jobbar etter. Eigarskapsmodellar og drift av løysingane vart omtala i RS 23/2020, og felles løysingar er eit viktig steg her. Både drift av løysingane og systema, men og den fysiske drifta av utstyret som er ute i eit stort fylke. Smidige og framtidretta løysingar for eigarskap og drift kan ha store innsparingsmoglegheiter her.

Fylkesrådmannen si tilråding

Løysingane som skal implementerast i løpet av hausten og neste år er eit resultat av eit lengre arbeid. Arbeidet har vore både teknisk komplekst, samstundes som ein har svært mange avhengigheiter både til takst- og soner, kontraktsoppstartar og ei fylkessamanslåing. I tillegg påverkar koronasituasjonen både arbeidsforma og kapasiteten både internt og eksternt hjå leverandørane. Leveransetida på både bussar og anna utstyr vert òg påverka.

Sjølv om ein både frå Skyss/Kringom og kundane sin ståstad skulle sett at innføringa var så rask som mogleg, og skjedde samstundes, er det fleire førehald som spelar inn. Det eine er logistikken; berre i Hordaland har ein over 850 bussar, der om lag 600 av dei får nytt utstyr medan dei er i drift. I tillegg kjem andre aspekt som opplæring av sjåførar, og kontraktsoppstartar inn. Fylkesrådmannen tilrår difor at ein følgjer framlegget om ei gradvis, men heilskapleg tilnærming til ei felles digital plattform i Vestland. Av omsyn til ovannemnde, må dette gjerast trinnvis og på ein måte som både tek omsyn til kundane og deira oppleving, samstundes som ein arbeidar for kostnadseffektive løysingar og ut frå kapasiteten hjå Skyss/Kringom og operatørane. Det er òg fylkesrådmannen si tilråding at ein ved innføringa av ny løysing i Hordaland startar harmonisering av salskanalar og betalingsmåtar, og at ein fortset denne harmoniseringa etter kvart som løysinga vert rulla ut i både resten av Hordaland, og i 2021 i Sogn og Fjordane. I denne saka er forslaget å fasa ut reisepengar/verdikort, og fasa inn kontaktlause bankkort i heile fylket.

Saksprotokoll 18.06.2020 - fylkesutvalet

Avrøysting

Innstillinga frå hovudutval for samferdsel og mobilitet vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Fylkesutvalet tar framlegget om ei heilskapleg tilnærming til ei felles digital plattform innan mobilitet i Vestland til orientering, og stiller seg bak at dette må gjerast trinnvis og på ein måte som både tek omsyn til kundeperspektivet og -opplevinga. Samstundes arbeider ein for kostnadseffektive løysingar som er i tråd med utviklinga nasjonalt og internasjonalt, og legg til rette for framtidens mobilitetssatsing.
2. Fylkesutvalet støtter forslaget om ei gradvis harmonisering av salskanalar og betalingsmåtar som byggjer opp under at kjøpsopplevinga vert den same i heile Vestland fylke. I fyrste omgang gjennom at ein fasar ut reisepengar/verdikort som betalingsmiddel i heile fylket, og fasar inn bankterminalar som betalingsmiddel i busskontraktane i Hordaland.

Saksnr: 2020/1931-49
Saksbehandler Dagmar Reutz Hillestad
Dato: 19.08.2020

Til: Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

Frå: Fylkesrådmannen

Vestland fylke - samkøring av TT-ordning frå 2021

Vedlagt er Vestland fylke – samkøring av TT-ordninga frå 2021.

Vedlegg:

1. Vestland fylke – samkøring av TT-ordning frå 2021
2. Tillegg til sak 2020/47793 Vestland fylke - samkøring av TT-ordninga frå 2021
3. Saksprotokoll, hovedutval for samferdsel og mobilitet 13.05.2020
4. Saksprotokoll, fylkesutvalet 08.06.2020
5. Saksprotokoll, fylkestinget 09.06.2020

Saknr: 2020/47793-1**Saksbehandlar:** Monica Åsnes

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for samferdsel og mobilitet		13.05.2020
Fylkesutvalet		28.05.2020
Fylkestinget		09.06.2020

Vestland fylke - samkøyring av TT-ordning frå 2021

Forslag til innstilling

1. Transportordninga for funksjonshemma i VLFK skal regulerast gjennom eit felles reglement gjeldande frå 01.01.2021.
2. VLFK skal ha ansvar for all handsaming av søknader og klagehandsaming.
3. Brukarkvotane vert fastlagt gjennom den årlege budsjetthandsaminga.

Samandrag

Ved samanslåing av Sogn og Fjordane og Hordaland til Vestland fylkeskommune må det leggjast til rette for ei felles organisering av TT-ordninga i Vestland. I tidlegare Sogn og Fjordane fylkeskommune vert TT-søknader handsama i kvar enkelt kommune medan i Hordaland er all sakshandsaminga samla i fylkeskommunen. Det er fylkeskommunen som løyver midlar til TT-ordninga. Fylkesrådmannen vil rå til at all sakshandsaming av søknader og klagehandsaming vert lagt til fylkeskommunen. Dette for å sikra lik handsaming i heile fylke, samt at det vert lagt til rette for å ta i bruk digitale løysingar i sakshandsaminga som vil effektivisera arbeidsprosessane. Samla sett vil dette gje betre kontroll med fylkeskommunale midlar og meir effektiv sakshandsaming.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Fylkeskommunane er av Samferdselsdepartementet pålagt å organisere ei ordning for tilrettelagt transport for personar som av ulike orsakar ikkje kan nytte det ordinære kollektive transporttilbodet. Denne ordninga vert kalla TT-ordninga. Føremålet med ordninga er å gje eit transporttilbod til menneskjer med varig nedsett funksjonsevne, slik at dei skal kunne delta i sosiale aktivitetar. TT-ordninga skal primært nyttast til fritidsreiser, og til reiser som ikkje vert dekkja av andre ordningar.

I Vestland fylke er TT-ordninga praktisert ulikt i tidlegare Hordaland(HFK) og Sogn og Fjordane (SFFK). Arbeidet med å samkøyre ordninga er starta opp og skal vere gjennomført 01.01.21.

I tidlegare HFK sitt regelverk blir alle søknader for TT-ordninga handsama i fylkeskommunen. I Hordaland nyttar ein ei legenemnd til rettleiing i sakshandsamingsprosessen av søknadane. Klagehandsaminga ligg hjå fylkeskommunen. Klagar på avslag på søknad om godkjenning som brukar, går til den fylkeskommunale klagenemnda for endeleg avgjerd. I forskrift om transportordninga for funksjonshemma, er det fastsett kvoter for ulike grupper i TT-ordninga. HFK fekk ta del i den statlege utvida TT-ordninga hausten 2019.

I tidlegare SFFK sitt regelverk er ansvaret for sakshandsaminga, vedtak om å godkjenne brukarar, samt tildeling av kvotar til brukarane delegert ned til den enkelte kommune. Kommunane er klageinstans ved avslag på søknaden. SFFK tildeler kommunane midlane som skal gå til TT-brukarar. 80 % av midlane vert tildelt utifrå innbyggartal og 20% av midlane utifrå avstand innbyggerane bur frå sentrum i kommunen. SFFK fekk ta del i den statlege utvida TT-ordninga i 2017, dersom brukar høyrer til den statlege utvida TT-ordninga melder kommunen det inn til SFFK. Det er SFFK som fordelar midlar til brukarar i den utvida TT-ordninga.

Vedtakskompetanse

Fylkestinget har ansvar for å fastsetje overordna mål og langsiktige retningslinjer for utviklinga i fylket. Organet har og ansvaret for den fylkeskommunale tenesteproduksjonen.

Vurderingar og verknader

Økonomi: Ikkje relevant

Klima: Ikkje relevant

Folkehelse: Ikkje relevant

Regional planstrategi: Ikkje relevant

Søknader om å bli godkjent som TT-brukarar vert handsama av forvaltningsavdelinga ved Avdeling for Mobilitet og kollektivtransport (MOK) for busette i tidlegare Hordaland fylkeskommune. Dette utgjør om lag 12 000 brukarar. Det er om lag 3 400 såkalla tunge brukarar som er med i den utvida ordninga. Søknadane som er vanskeleg for sakshandsamar å vurdere vert sendt vidare til legenemnda for vurdering. All godkjenning, avslag og klagehandsaming vert utført av fylkeskommunen. Sakshandsaminga vart flytta tilbake frå kommunane til fylkeskommunen i 2018. Bakgrunnen for å flytte tenesta var at ein ynskta å sikre innbyggerane ei større grad av likebehandling i sakshandsaminga, i tillegg ynskta fylkeskommunen å få ei meir sikker og effektiv sakshandsaming.

I tidlegare Sogn og Fjordane fylke er det den einskilde kommune som godkjenner, tildeler kvotar til brukarar og eventuelt klagehandsaming. Kommunen må dekke ressursbruken til sakshandsamar av eigne midlar. Det er godkjent nærmare 4000 brukarar i SFFK, av desse er ca. 450 rullestolbrukarar og blinde/svaksynte som får delta i den utvida TT-ordninga.

Handsaming av TT-søknader på kommunenivå

Tanken med å legge sakshandsaminga til kommunane var at sakshandsamar er tettare på brukar og ser betre behovet til brukar i nærmiljøet. I retningslinjene frå fylkeskommunen er det sett krav om at den enkelte kommune skal ha godkjenningnemnd ved godkjenning av brukarar. Dette for å

hindre at sakshandsamar får habilitetsproblem ved godkjenning av søkjarar til TT-ordninga. Dei fleste kommunar er små og oversiktlege men vi har diverre sett at i enkelte kommunar er det vanskeleg for sakshandsamar å vere «nøytral» ved godkjenning av brukar og tildeling av storleik på kvotar. Dette generera ulik behandling av søkarar som fort kan skape misnøye blant brukarane av TT-ordninga.

Gjennom kommunereforma har vi fått endring av kommunegrenser og har difor fått vesentleg større og meir folkerike kommunar nokre stader i tidlegare SFFK. Nærleiksprinsippet til brukarane er her falle vekk men for sakshandsamar vil det vere enklare å vere «nøytral» i forhold til godkjenning av brukarar.

Kvaliteten på sakshandsaminga i kommunane kan variere, noko som kan ha samanheng med at store kommunar har mange søknader i løpet av eit år, og dermed medarbeidarar som arbeidar regelmessig med desse oppgåvene, medan mindre kommunar har få søknader i løpet av eit år og arbeidar dermed skjeldnare med TT-søknader. Sakshandsamarane på mobilitet og kollektiv må difor ofte rettleia kommunane i sakshandsaminga. Denne organiseringa av TT-ordninga medfører og at det i fylket under eitt er mange personar som har tilgang til fortrulege helseopplysningar, noko som er prinsipielt uheldig.

Vestland fylkeskommune

Ved samanslåing av SFFK og HFK til Vestland fylke er det naturleg å få ei felles organisering av TT-ordninga. HFK har dei seinare åra hatt all sakshandsaming av TT-ordninga på forvaltningsavdelinga til fylkeskommunen. Dette har fungert bra og det har gitt ei meir rettferdig ordning for søkjarane.

Ved å samle all sakshandsaming hjå fylkeskommunen vil ein oppnå meir likebehandling av søknadene. Rutinar for sakshandsaming vert samkøyrd. Det vert færre personar som sakshandsamar som vil gi betre vern om personopplysningar. Klager vert handsama av felles klagenemnd.

I Vestland fylke skal det kjøpast inn nytt system for kort-leveranse frå jan 2021.

Konkurransgrunnlag vert sendt ut i løpet 2020. Dersom fylket skal fortsette med sakshandsaming av TT-brukarar på kommunenivå vil dette komplisere det nye systemet for brukarhjelp og kort-leveranse fordi det må gjevast tilgang til systemet til sakshandsamarar i kommunane i tidlegare SFFK og HFK som består av 43 kommunar. Det kan ekskludera potensielle leverandørar.

Det er under utarbeiding ei ny forskrift for TT-ordninga for Vestland fylke. Denne skal sendast ut på høyring til organisasjonar og kommunar, og vil bli lagt fram for politisk handsaming i desember 2020.

Administrative og økonomiske konsekvensar

Endringane som er føreslått vil medføre administrative konsekvensar for kommunane i tidlegare Sogn og Fjordane. Etter dagens regelverk er det dei som står for sakshandsaminga og tildelinga av midlar i deira respektive kommunar. Forslaget inneberer at denne sakshandsaminga vert flytta til Vestland fylkeskommune sin administrasjon, slik som praksisen har vore i tidlegare Hordaland. Dette vil medføre ein nedgang i ressursbruken i kommunane.

Fylkesrådmannen finn det mest tenleg å ha all sakshandsaming i same eining. Dette vil sikre at ein etablerer eit fagmiljø som spesialisera seg på tolking og utøving av regelverket. Ei slik organisering vil også føre til ein meir einsarta praksis på tvers av fylket, og føre til auka likehandsaming av søkerane.

Endringa vil medføre at administrasjonen i Vestland fylkeskommune vil få auka saksmengd. Likevel er det forventa at ein totalt sett vil få ein meir effektiv sakshandsaming når *ein* administrasjon tar seg av heile sakshandsamingskjeda. Det er difor ikkje forventa at det skal føre til ein auke i ressursbruk i fylkesadministrasjonen. I tillegg til forskriftsendringa, er Vestland fylkeskommune i gang med innkjøp av eit nytt TT-system for heile fylket. Det er forventa at det nye systemet og endring i sakshandsaminga gjennom m.a. høgare digitaliseringsgrad vil føre til redusert sakshandsamingstid.

Konklusjon

Fylkesrådmannen tilrår å samla all søknadshandsaming av TT-ordninga hjå fylkesadministrasjonen, dvs. at søknader frå heile fylket skal sendast til Vestland fylkeskommune, og at fylkeskommunen skal ha ansvaret for sakshandsaming, for godkjenning/avslag av søkarar og tildeling av kvotar. Det vil føre til ein meir lik praksis på tvers av fylket, til auka likehandsaming av søkarane, og ein vil truleg få ei meir effektiv og sikker sakshandsaming. Det vert i tillegg arbeidd med digitaliserte løysingar for dokumentflyten i sakshandsaminga, og i ein slik samanheng er det klare føremoner å ha all sakshandsaming samla på ein stad.

Notat

Orientering TT-ordninga i Vestland fylkeskommune

Ny informasjon:

1. Presisering av faktatal i den ordinære fylkeskommunale TT-ordninga
2. Informasjon om tildeling av midlar frå den utvida TT-ordninga
3. Informasjon om bruken av midlar i den utvida TT-ordninga
4. Prosjekt knytt til TT-ordninga

Vi har ei todelt TT-ordning. Det er den fylkeskommunale TT-ordninga og den utvida TT-ordninga som er statlege midlar. Den utvida TT-ordninga gjeld for rullestolbrukarar og blinde/svaksynte.

1. Fylkeskommunal TT-ordning

Årleg vert det budsjettert med 6 mill. til TT-ordninga i tidlegare Sogn og Fjordane. Med eit innbyggjar tal på 110 000 vert det kr 54,54 per innbyggjar. Det er ca. 4000 godkjende brukarar i Sogn og Fjordane, som utgjer ca. 3,6 % av befolkninga. Dette gir ein gjennomsnittleg sum til kvar brukar på kr 1500. Det er kommunane som fastset kvotar til eigne TT-brukarar.

I tidlegare Hordaland er det budsjettert med 35 mill. til TT-ordninga. Med eit innbyggjartal på 522 000 blir det kr 67,00 pr innbyggjar. Det er ca. 12 000 brukarar i Hordaland, dette utgjer ca. 2,29 % av befolkninga. Kvar brukar nytta i gjennomsnitt kr 2900, men tildeling til TT-brukarar i Hordaland er kr 5500. Det er ikkje alle TT-brukarar som nyttar kortet fullt ut.

Samanlikna med Hordaland ligg Sogn og Fjordane høgt i tal godkjende brukarar. Høgt tal brukarar gjer at det vert mindre midlar å fordele på kvar brukar.

2. Tildeling av midlar frå den utvida TT-ordninga

I den fylkeskommunale TT-ordninga i Hordaland er det faste kvotar for rullestolbrukarar og blinde/svaksynte på kr 7500. Nyttar brukaren elektrisk rullestol og difor treng spesialbil får brukaren ein kvote på kr 9500. Frå den utvida TT-ordninga får desse brukarane eit tillegg på kr 38700 pr år. Samla skal tildelinga gje brukaren 200 reiser pr år, basert på ein gjennomsnittspris pr TT-tur i Hordaland.

I den fylkeskommunale TT-ordninga i Sogn og Fjordane er det kvar enkelt kommune som fastset kvotar til rullestolbrukarar og blinde/svaksynte. Kvoteane kan variere frå kr 10 000 og heilt ned til kr 500 for denne brukargruppa. I retningslinene til den utvida TT-ordninga er det eit klart krav at brukaren skal få tildeling frå den fylkeskommunale ordninga uavhengig av den utvida TT-ordninga. Dette er blitt påpeikt frå fylkeskommunen fleire gonger. Likevel viser det seg at enkelte kommunar tildeler eit minimum til desse brukarane sidan dei får store summer frå den utvida TT-ordninga. Vi ser på dette som uheldig i forhold til rapportering til departementet i samband med søknad om nye midlar kvart år.

Av personvernomsyn vert søknaden til TT-brukar berre registrert i kommunen, og kommunane gir vidare melding til fylkeskommunen kva brukarar som skal delta i den utvida TT-ordninga. Det er fylkeskommunen som fastset tildelinga frå den utvida TT-ordninga. I Sogn og Fjordane får rullestolbrukarar og blinde/svaksynte eit tillegg på kr 50 000. Dette gir brukaren 200 reiser pr år, basert på gjennomsnittsprisen pr TT-tur i Sogn og Fjordane.

Ved å tildele 200 reiser til brukarane i den utvida TT-ordninga blir samla tildeling vesentleg høgare enn den summen vi får frå staten. Erfaring tilseier at mange TT-brukarar, ofte av helsemessige årsaker, ikkje klarer å nytte fullt ut tildelte beløp på TT-korta.

Dette betyr at kommunane i Sogn og Fjordane har ansvaret for den fylkeskommunale ordninga og skal rapportere om bruken av denne til fylkeskommunen. Fylkeskommunen har ansvaret for den utvida TT-ordninga og skal rapportere om bruken av denne tilbake til samferdsledepartementet. Det er fylkeskommunen som skal ha kontroll på bruken av midlar, og utbetale midlar til kommunane

med fråtrekk av ubrukte midlar året før. I tillegg skal midlar som kommunane tildeler dei utvida TT-brukarane vere fylkeskommunen sin eigendel inn i den utvida TT-ordninga. Reknestykke blir veldig komplekst sidan det er to ulike nivå som fordelar innanfor TT-ordninga.

3. Bruken av midlar i den utvida TT-ordninga

Siste halvdel av 2017 fekk Sogn og Fjordane delta i den utvida TT-ordninga. Tilbakemelding frå Staten kom midt i ferietida. Fylkeskommunen fekk starte opp i løpet av august månad og ca. halvparten av tildelte midlar vart nytta av brukarane i den utvida TT-ordninga i 2017. I 2018 vart det brukt 7,4 av 13 millionar. Først i 2019 vart tildelte midlar til den utvida TT-ordninga nytta fullt ut i Sogn og Fjordane. Dette fortel at brukarane treng litt tid på å endre reisevanane sine.

Hordaland kom med i den utvida TT-ordninga siste halvdel av 2019. Det vart tildelt kr 27 mill. og ca. kr 10 mill. vart nytta. Dette kan forklarast med at brukarane treng ei tid å omstille seg, bli vande med at det er mogleg å reise mykje meir enn tidlegare. Brukar i Hordaland betalar 15 % eigendel av reisekostnaden, og fleire reiser vil gje høgare utgifter til eigendel. I Sogn og Fjordane er eigendelen kr 30 uansett kva turen kostar. Vi må ta høgde for at TT-brukarar ofte har dårleg økonomi.

Erfaring frå Sogn og Fjordane viser at ordninga treng litt tid til å gå seg til. Dessverre vil vi sjå at korona-pandemien gjer utslag på reiseaktiviteten i 2020, sidan TT-brukarane er ei utsett gruppe i forhold til smittefare. Statistikken for mars og april viser markant nedgang på all reiseaktivitet.

4. Prosjekt knytt til TT-ordninga

Innkjøp av nytt kort og betalingssystem

Ved årsskifte 20/21 vil kontrakta for programmet som i dag er nytta til kortdata i Hordaland opphøyre. Det er sett i gang ein prosess for innkjøp av nytt kort og betalingssystem for TT-ordninga i Vestland fylkeskommune, som no ligg ute på anbod. Programmet skal vere implementert frå 01.01.2021.

Digitaliseringsprosjekt -StimuLab

Vestland fylkeskommune har fått kr 1,3 mill. til eit digitaliseringsprosjekt gjennom Digitaliseringsdirektoratet. Gjennom prosjektet får fylkeskommunen tilgang på fagleg kompetanse og støtte.

Målet med prosjektet er å setje brukaren i fokus og forenkle søknadsprosessen. I tillegg skal vi effektivisere sakshandsaminga. Målet er å korte inn sakshandsamingstida som vil gi søkar raskare svar på søknaden. Dersom sakshandsaming av tenesta til TT-transport blir lagt til kommunane vil fylkeskommunen ikkje kunne gjere seg nytte av StimuLab prosjektet.

Avgjersle i saka i juni.

For å gjennomføre begge prosjekta vi har sett i gang for å slå saman og effektivisere tenesta TT-transport, er det viktig for administrasjonen at det blir gjort ei vedtak om søknad og sakshandsamingsprosessen skal ligge i fylkeskommunen eller kommunane.

Oversikt

Tekst	Sogn og Fjordane	Hordaland	Merknad
Budsjett ordinær TT-ordning	6 millionar	35 millionar	
Innbyggartal	110 000	522 000	
Budsjett fordelt pr innbyggjar	Kr 54,44	Kr 67,00	
Godkjende brukarar i prosent av innbyggartalet	3,6% (tal 4000)	2,29% (tal 12000)	
Gjennomsnitt tildeling pr brukar	Kr 1500	Kr 2900	Alle som får tildeling i Hordaland får minimum kr 5500,

			men ikkje alle nyttar tildelinga fullt ut.
Fylkeskommunale midlar	Overført til kommunar (80% etter innbyggartal og 20% etter avstand frå sentrum)	Fylket	
Søknad og sakshandsaming i	Kommunar	Fylket	SFFK-Enkelte kommunar gir mindre til brukarar som også får tildeling frå den statlege ordninga, det er eit brot på retningsliner for den utvida TT-ordninga
Deltaking i den statlege (utvida) ordninga	Frå haust 2017	Frå haust 2019	
Tunge brukarar i den utvida ordninga	Tal ca.450 personar	Tal 2555	
Utbetaling pr brukar utvida ordning	Ca. kr 50 000 pr år frå utvida TT-ordning + tildelt frå kommune	Totalt kr 48200 - Kr 9500 frå fylkeskom og kr 38700 frå utvida TT-ordning	Tildelinga for den utvida ordninga er større enn budsjett, ikkje alle bruker tildelinga fullt ut
Bruk av TT midlar utvida ordning	2017 – halvparten av tildelinga 2018 Tildelt 13 mill. Brukt 7,4 mill. 2019 Tildelt 9,5 mil Heile beløpet oppbrukt.	Haut 2019- tildeling 28,5 mill. brukt 10,861 mill.	

Saksprotokoll 13.05.2020 - hovudutval for samferdsel og mobilitet

Trude Brosvik (Krf) sette fram slikt forslag:

«Alternativ punkt 2:

Rett nivå for handsaming av søknader og klagehandsaming skal takast opp med KS, og vere ein del av høyringa.»

Trude Brosvik (Krf) sette fram slik protokollmerknad:

«Vedtak frå RMNF vart referert i møte:

Sak 12/20

RMNF støttar intensjonen i vedtaket om at arbeidsreiser som ikkje kjem inn under andre ordningar frå NAV, kan bli dekkja gjennom bruk av TT-kortet.

Når det gjeld kva nivå som skal saksbehandle TT-ordninga, ber rådet om at ein vel den løysinga som er mest treffsikker for brukarane, ivaretar likskap i ordninga og samtidig har ei organisering som tek omsyn til ulikskapen i fylket.»

Avrøysting

Det var 14 medlemmer til stades.

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 1 vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Brosvik sitt forslag vart samrøystes vedteke mot ingen røyster for fylkesrådmannen sitt forslag punkt 2, som fall.

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 3 vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Transportordninga for funksjonshemma i VLFK skal regulerast gjennom eit felles reglement gjeldande frå 01.01.2021.
2. Rett nivå for handsaming av søknader og klagehandsaming skal takast opp med KS, og vere ein del av høyringa.
3. Brukarkvotane vert fastlagt gjennom den årlege budsjetthandsaminga.

Protokollmerknad frå Trude Brosvik (Krf):

Vedtak frå RMNF vart referert i møte:

Sak 12/20

RMNF støttar intensjonen i vedtaket om at arbeidsreiser som ikkje kjem inn under andre ordningar frå NAV, kan bli dekkja gjennom bruk av TT-kortet.

Når det gjeld kva nivå som skal saksbehandle TT-ordninga, ber rådet om at ein vel den løysinga som er mest treffsikker for brukarane, ivaretar likskap i ordninga og samtidig har ei organisering som tek omsyn til ulikskapen i fylket.

Saksprotokoll 08.06.2020 - fylkesutvalet

Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

1. Transportordninga for funksjonshemma i VLFK skal regulerast gjennom eit felles reglement gjeldande frå 01.01.2021.
2. Rett nivå for handsaming av søknader og klagehandsaming skal takast opp med KS, og vere ein del av høyringa.
3. Brukarkvotane vert fastlagt gjennom den årlege budsjetthandsaminga.

Saksprotokoll 09.-10.06.2020 - fylkestinget

Sigbjørn Framnes (Frp) sette fram slikt forslag:

«Alternativ:

2. VLFK skal ha ansvar for all handsaming av søknader og klagehandsaming.»

Avrøysting

Innstillinga punkt 1 og 3 vart samrøystes vedteke.

Framnes sitt forslag fekk 23 røyster (H, 3FNB, 6, 1R, Pp) og fall.

Vedtak

1. Transportordninga for funksjonshemma i VLFK skal regulerast gjennom eit felles reglement gjeldande frå 01.01.2021.
2. Rett nivå for handsaming av søknader og klagehandsaming skal takast opp med KS, og vere ein del av høyringa.
3. Brukarkvotane vert fastlagt gjennom den årlege budsjetthandsaminga.

Saksnr: 2020/1931-50
Saksbehandler Dagmar Reutz Hillestad
Dato: 19.08.2020

Til: Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

Frå: Fylkesrådmannen

Særskild dekning av arbeidsreiser for TT-brukarar som har varig tilrettelagt arbeidsplass

Vedlagt er Særskild dekning av arbeidsreiser for TT-brukarar som har varig tilrettelagt arbeidsplass.

Vedlegg:

1. Særskild dekning av arbeidsreiser for TT-brukarar som har varig tilrettelagt arbeidsplass
2. Saksprotokoll, hovedutval for samferdsel og mobilitet 13.05.2020
3. Saksprotokoll, fylkesutvalet 28.05.2020

Saknr: 2020/48160-1
Saksbehandlar: Rolf Rosenlund

Saksgang

Utval	Utv.saknr.	Møtedato
Hovudutval for samferdsel og mobilitet		13.05.2020
Fylkesutvalet		28.05.2020

Særskild dekning av arbeidsreiser for TT-brukarar som har varig tilrettelagt arbeidsplass

Forslag til innstilling

1. Gjeldande ordning i Hordaland som gjev godkjente TT-brukarar særskild tilrettelagt skysst til varig tilrettelagt arbeidsplass (VTA) vert avslutta seinast 15. juli 2020
2. Brukarar som har særlege utfordringar, som rullestolbrukarar og blinde/sterkt svaksynte, har fått ein utvida brukarkvote gjennom den statlege tilskotsordninga som m.a. kan nyttast til arbeidskøyning.

Samandrag

I samband med budsjetthandsaminga for 2020 vedtok fylkestinget å redusera løyvinga til arbeidskøyning for TT-brukarar med 8 mill kr. Det innebar at det var eit restbudsjett til dette tiltaket på 3 mill kr, og dermed midlar til normal drift i om lag 3 månader. I budsjettvedtaket vert det peika på at arbeidskøyninga kan finansierast gjennom dei statlege midlane til utvida TT-ordning. Etter fylkesrådmannen si vurdering er det ikkje utan vidare opna for å nytta dei statlege midlane til denne type transport. Då det ikkje er budsjettdekning for vidare drift, rår fylkesrådmannen difor til at ordninga med dekning av arbeidsreiser for TT-brukarar vert avvikla så raskt som mogeleg. For å sikra ei rimeleg avviklingstid for brukarane, rår fylkesrådmannen til at sluttidspunktet vert sett til 15. juli 2020.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Sidan 1990-talet har Hordaland fylkeskommune hatt ei ordning der ein har dekkja kostnadane for særskildt tilrettelagt skyss for godkjente TT-brukarar som er tilsett i VTA stilling (Varig tilrettelagt arbeid). Skyssen vert utført med drosje, og brukarane betalar ein mindre eigendel, alt etter kor mange dagar dei arbeidar per veke.

Bortsett frå Oslo er Hordaland det einaste fylke som har denne ordninga. Årlege kostnader er om lag 11 mill kr, og det er om lag 190 brukarar med i ordninga. Av desse bur om lag 65% i Bergen og resten i distriktskommunane. I tillegg til å få dekkja arbeidsreiser så får brukarane tildelt ordinær TT-kvot. Dette av di TT-kvoten primært skal gå til dekning av fritidsreiser.

Då dåverande samferdselsavdeling vart pålagt å spara 40 mill kr i budsjett 2020, vart det frå fylkesrådmannen si side lagt inn 8 mill kr i innsparing på denne kostnadsposten. Dette var grunngeve med at ordninga ikkje er lovpålagt, og at Hordaland er det einaste reine fylket som har ordninga. Det ligg då tilbake 3 mill kr i budsjett 2020, som etter intensjonen skulle dekkja drifta fram til og med mars 2020.

Innsparinga vart vedteken av fylkestinget med fylgjande verbalvedtak i tillegg:

TT-brukarar, arbeidsreiser.

Forskrift for TT-ordninga for Vestland fylke blir samordna/endra slik at arbeidsreiser ikkje vert utelukka. Jfr. informasjon om TT-ordninga på helsenorge.no og sfj.no sine sider:

TT-ordninga er i utgangspunktet eit tilbod om fritidsreiser, men kan nyttast til alle typar reiser med unntak av:

- *reiser som blir betalt av trygdekontor. Eigendel ved slike reiser skal transportbrukar betale sjølv på lik line med andre som reiser for trygda si rekning*
- *reiser til og frå skule*
- *andre reiser betalt av det offentlege*

Det vert gjort ein gjennomgang av bruken av TT-kort for arbeidsreiser, der dei som er heilt avhengige av ordninga for å kome på arbeid, får halde fram med å bruke ho.

Kostnaden blir dekkja innanfor det statlege tilskotet til ordninga.

Vedtakskompetanse

Fylkesutvalet har samordningsansvaret for planlegging og økonomiforvaltning innan fylkeskommunen sitt ansvarsområde.

Vurderingar og verknader

Økonomi: Med mindre det vert sett i verk tiltak så vil ein overskrida budsjettet for 2020 med 6-8 mill kr

Klima: Ikkje relevant

Folkehelse: Ikkje relevant

Regional planstrategi: Ikkje relevant

Den ordinære TT-ordninga i Hordaland

Samferdselsdepartementet har pålagt fylkeskommunane å organisera ei ordning med tilrettelagt transport for personar som av ulike årsaker ikkje kan nytta ordinære kollektive transportmiddel, også kalla TT-ordninga. Føremålet med ordning er å gje eit transporttilbod til menneske med varig forflytningshemming, slik at dei skal kunne delta i ulike aktivitetar. TT skal primært nyttast til fritidsreiser og til reiser som ikkje er dekkja av andre ordningar, men kan og nyttast til m.a. arbeidskøyning.

Gjeldande kvotar i Hordaland gjev kvar ordinær brukar får kr 5500,- per år. Såkalla tunge brukarar, blinde/sterkt svaksynte og brukarar med manuell rullestol får kr 7500,- per år, og brukarar som er godkjent for elektrisk rullestol får kr 9500,- per år. Av dei tunge brukarane er det om lag 15 som samstundes har arbeidskøyring til VTA plass.

Utvida statleg tilskot til TT-ordninga

Føremålet med ordninga er å tilby brukarar med særlege behov, dvs. rullestolbrukar og blinde/svaksynte, fleire TT-reiser enn dei elles ville fått gjennom dei fylkeskommunale ordningane. For å kunne ta i mot tilskot må fylkeskommunen minst oppretthalde same fylkeskommunale TT-tilbod som tidlegare til brukar som deltek i den utvida ordninga. Saman med fylkeskommunen sitt TT-tilbod er målsettinga å gje desse brukarane ein kvote som set dei i stand til å få 200 enkeltreiser per år.

I Hordaland fekk kvar brukar ein kvote på kr 19.900 for fyrste halvår 2020 av den statlege kvoten. I tillegg fekk dei den fylkeskommunale kvoten på kr 3.750/4.750.

Det heiter i retningslinene frå samferdselsdepartementet at:

Dersom midler blir benyttet i strid med forutsetningene for denne tilskuddsordningen, eller andre vilkår for ordningen ikke etterleves, kan utbetalte midler kreves tilbake fra tilskuddsmottaker.

Det er fylkesrådmannen si vurdering at dei statlege midlane ikkje kan nyttast til arbeidekøyring for TT-brukarar som ikkje er definert som tunge brukarar. For dei tunge brukarane med arbeidskøyring kan ein halvårleg kvote på kr 23.650/24.650 vera nok til å dekkja arbeidskøyringa. Gjennomsnittleg kostnad for arbeidskøyringa var kr 57.000 per brukar i 2019, men det er store variasjonar i kostnader.

Status NAV

Nav dekkar ikkje arbeidskøyring for personar med VTA plasser, og har grunngjeve dette som følgjer..

- Personar med VTA plass har full yting frå staten, dvs uføretrygd med tillegg av løn frå arbeidsgjevar. Dei vert difor rekna på lik line med andre arbeidstakarar.
- Uføretrygda har rett på honnørbillett/-kort, med halv pris på tog, buss og båt.

Status i andre fylke

Administrasjonen har vore i kontakt med ein del andre fylkeskommunar for å røkja etter korleis stoda er på dette feltet der. Med unntak av Oslo kommune/fylke har ingen andre fylkeskommunar slike ordningar, heller ikkje Sogn og Fjordane. Det har heller ikkje vore aktuelt å innføra slike særordningar i andre fylkeskommunar.

Når det gjeld Oslo er dei i ein særstilling ved at ein skal ivareta kommunale oppgåver i tillegg til fylkeskommunale. Kommunen har nytta vesentlege midlar på arbeidskøyring til VTA, men det vert sett i samanheng med andre kommunale tenester som dagsenterkøyring, særskys til avlastning barnehage og skule m.m.

Konklusjon

I samband med budsjettarbeidet for 2020 vart samferdselssektoren pålagt ei innsparing på 40 mill kr. Administrasjonen la fram ei rekkje ulike tiltak som ville sikra den politisk vedtekne innsparinga. I den endelege prioriteringa frå fylkesrådmannen vart det lagt vekt på at tiltaka i minst mogleg grad skulle svekka kollektivtilbodet, samt at ikkje lovpålagte tiltak kunne fasast ut. Dette var bakgrunnen for at budsjettet for arbeidskøyring vart redusert med 8 mill kr i 2020.

I verbalvedtaket i fylkestinget vert dei peika på tre forhold som fylkesrådmannen vil knyta kommentarar til.

- Forskrift for TT-ordninga for Vestland fylke blir samordna/endra slik at arbeidsreiser ikkje vert utelukka.
 - Administrasjonen er gong med å utarbeida ei ny føresegn som skal gjelda i Vestland fylkeskommune. Etter at fylkestinget i juni har teke stilling til korleis TT-ordninga skal organiserast i det nye fylket, vil føresegna verta sendt på høyring, og lagt fram for politisk handsaming til hausten.

- Det vert gjort ein gjennomgang av bruken av TT-kort for arbeidsreiser, der dei som er heilt avhengige av ordninga for å kome på arbeid, får halde fram med å bruke ho.
 - Det er ein avgjerande premiss for å verta godkjent som TT-brukar at ein ikkje er i stand til å nytta kollektive transportmidlar på eiga hand. Per definisjon vil då dei som er innvilga arbeidskøyring ikkje vera i stand til å nytta kollektivtransport. Fylkesrådmannen finn det vanskeleg å ta ein ny gjennomgang av dei om lag 190 brukarane å velja ut dei som ein skjønsmessig vurderar som mest avhengige av særskys. Det kan setja sakshandsamarane i etiske dilemma. Fylkesrådmannen vil difor fråå dette.

- Kostnaden blir dekkja innanfor det statlege tilskotet til ordninga.
 - Som synt i saksframlegget har samferdselsdepartementet lagt klåre føringar for korleis dei statlege midlane kan nyttast. Slik fylkesrådmannen vurderar det, er det ikkje opna for at gruppa av ikkje tunge brukarar kan få dekkja transportkostnadane gjennom den statlege tilskotsordninga. Dei tunge brukarane som har arbeidskøyring kan nytta kvoten til m.a. arbeidsreiser.

Med eit budsjett på 3 mill kr til arbeidsreiseordninga hadde ein i utgangspunktet midlar fram til 1. april. Når pandemien sette inn vart arbeidskøyringa innstilt, og ein sparer om lag 1 mill kr per mnd. Det er no på tale å setja i gong arbeidskøyring for nokre av brukarane, men då dette er ei sårbar gruppe, vil det vil truleg ta noko tid før alle er attende i arbeid. Fylkesrådmannen vurderar difor at det kan vera midlar til arbeidskøyringa fram mot sommaren. For å gje brukarar og transportørar tid til omstilling rår fylkesrådmannen til at det vert stopp for vidare særskild dekning av arbeidskøyring ved inngongen til sommarferien.

Saksprotokoll 13.05.2020 - hovudutval for samferdsel og mobilitet

Frank Willy Djuvik (Frp) sette fram slikt forslag:

«Alternativ:

Gjeldande ordning i Hordaland som gjev godkjente TT-brukarar særskild tilrettelagt skyss til varig tilrettelagt arbeidsplass (VTA) vert vidareført.

Ordninga vert vurdert i samband med handsaming av organisering av TT-ordninga til hausten.

Ordninga vert innarbeida i i budsjettet i samband med revidering i juni.»

Avrøysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet mot 6 røyster (Frp, H og FNB) for Djuvik sitt forslag, som fall.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Gjeldande ordning i Hordaland som gjev godkjente TT-brukarar særskild tilrettelagt skyss til varig tilrettelagt arbeidsplass (VTA) vert avslutta seinast 15. juli 2020
2. Brukarar som har særlege utfordringar, som rullestolbrukarar og blinde/sterkt svaksynte, har fått ein utvida brukarkvote gjennom den statlege tilskotsordninga som m.a. kan nyttast til arbeidskøyring.

Saksprotokoll 28.05.2020 - fylkesutvalet

Sigbjørn Framnes (Frp) sette fram slikt forslag:

«Alternativ:

Gjeldande ordning i Hordaland som gjev godkjente TT-brukarar særskild tilrettelagt skyss til varig tilrettelagt arbeidsplass (VTA) vert vidareført.

Ordninga vert vurdert i samband med handsaming av organisering av TT-ordninga til hausten.

Ordninga vert innarbeida i budsjettet i samband med revidering i juni.»

Avrøysting

Framnes sitt forslag fekk 7 røyster (H, Frp, FNB) og fall.

Innstillinga fekk 11 røyster (A, Sp, 1FNB, V, SV, KrF, MDG) og vart vedteke.

Vedtak

1. Gjeldande ordning i Hordaland som gjev godkjente TT-brukarar særskild tilrettelagt skyss til varig tilrettelagt arbeidsplass (VTA) vert avslutta seinast 15. juli 2020

2. Brukarar som har særlege utfordringar, som rullestolbrukarar og blinde/sterkt svaksynte, har fått ein utvida brukarkvote gjennom den statlege tilskotsordninga som m.a. kan nyttast til arbeidskøyning.

Saksnr: 2020/1931-51
Saksbehandlar Dagmar Reutz Hillestad
Dato: 19.08.2020

Til: Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

Frå: Fylkesrådmannen

Ny yrkestransportlov - delegering av mynda til å innføre einerettar

Vedlagt er Ny yrkestransportlov – delegering av mynda til å innføre einerettar.

Vedlegg:

1. Ny yrkestransportlov – delegering av mynda til å innføre einerettar
2. Saksprotokoll, fylkestinget 09.06.2020

Saknr: 2020/628-9

Saksbehandlar: Nils Tore Eldegard

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for samferdsel og mobilitet		13.05.2020
Fylkesutvalet		28.05.2020
Fylkestinget		09.06.2020

Ny yrkestransportlov - delegering av mynda til å innføre einerettar

Forslag til innstilling:

1. Mynda til å innføre forskrift om einerett etter ny yrkestransportlov § 9 bokstav a, vert delegert til fylkesrådmannen.

Samandrag

Den 1.7.2020 trer ny yrkestransportlov i kraft. Lova vil medføre fleire endringar, blant anna fell makstaletavgrensinga på drosjeløyvetalet vekk, og driveplikta vert fjerna. Dette frisleppet kan medføre at enkelte kommunar kan få eit svekka drosjetilbod. I den nye yrkestransportlova har fylkeskommunen fått mynde til å gjere inngrep i den opne marknaden i ein kommune ved å tildele "einerett" til ein eller fleire aktørar etter bestemte vilkår. Ein innføring av ein einerett må skje i forskrifts form og må lysast ut i samsvar med reglane om offentleg anskaffing.

Frå det oppstår eit behov for einerett, til ein får innført forskrifta vil det etter dagens system kunne ta inntil eitt år. Denne tidkrevjande prosessen kan føre til at ein i enkelte kommunar vil stå utan eit tilfredsstillande transporttilbod i lengre tid, og kan gjere det komplisert å knyte eineretten til andre offentlege kontraktar som skuleskyss og pasienttransport. Det vert difor føreslått at denne mynda til å innføre forskrift om einerett vert delegert til fylkesrådmannen.

Rune Haugsdal
fylkesrådmannHåkon Rasmussen
fylkesdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Saksutgreiing

1. Bakgrunn for saka

Hovudpunkta i endringa av yrkestransportlova.

Den 1.7.2020 trer ny yrkestransportlov i kraft. Hovudpunkta i lovendringa er:

- Oppheving av makstalsavgrensinga på drosjeløyve, med tilhøyrande driveplikt.
- Moglegheit for løyvestyresmakta (fylkeskommunen) til å tildele einerettar for drosjetransport i kommunar med innbyggjartal og befolkningstettleik under ein viss terskelverdi. For 2020 kan det ikkje tildelast einerettar i kommunar med 20 000 innbyggjarar eller fleire, og folketettleik på 80 innbyggjarar per km² eller høgare.
- Vidareføring av kravet om drosjeløyve, men lemping på innhaldet i løyvekravet ved at ein fjernar kravet om fagleg kompetanse for løyvehavarar.
- Fjerning av kravet om garanti for løyvehavar.
- Innføring av 10-årige drosjeløyve.
- Oppheving av sentraltilknytingsplikta for drosjer, og innføring av plikt til loggføring av alle drosjeturar.
- Innføring av fagkompetansekrav for søkar av køyresetel.
- Innføring av krav om at søkar til køyresetel må ha hatt førarkort i klasse B i minst to år samanhengande før vedkomande kan tildelast køyresetel for drosje.
- Justering av heimelen for miljøkrav, slik at denne følgjer kommunegrensene.

Fylkeskommunal heimel for å gjere inngrep i marknaden ved å innføre "einerett".

Ettersom driveplikta på drosjeløyve forsvinn, vil det ikkje lenger vere eit krav til løyvehavar om døgnkontinuerleg drift. Det vert opp til marknadsaktørane sjølv å innrette tilbodet. I sentrale strok med mange tilbydarar vil dette mest sannsynleg ikkje påverke tilbodet, men i distriktet kan ein risikere å få eit dårlegare drosjetilbod. Ettersom løyvestyresmakta heller ikkje kan stille krav om storbil/rullestolbil, kan ein også risikere at tilbodet med slike køyretøy vert dårlegare.

Fylkeskommunen har i den nye lova fått ein heimel til å gjere inngrep i den opne marknaden og innføre einerett til løyvehavarar i enkelte kommunar. Til denne eineretten kan fylkeskommunen stille vilkår, til dømes opningstid, pris og type køyretøy. Vilkåra for å innføre einerett følgjer av ny yrkestransportlov § 9 bokstav a; einerettar for drosjetransport:

Første ledd:

"(1) Fylkeskommunen kan tildele einerett eller godtgjersle til ein eller fleire løyvehavarar for å tilby drosjetenester innanfor ein eller fleire kommunar. Grensene for eit einerettsområde følgjer kommunegrensene. Fylkeskommunane fastset avgjerda om bruk av einerett i forskrift."

Grensene for innføring av eineretten må følgje kommunegrensene, og det skal i følgje Samferdselsdepartementet innførast *ei* forskrift for kvar kommune ein vel å innføre einerett i. Det er fylkestinget i Vestland fylke som etter den nye lova vil ha mynde til å innføre forskrift om einerett.

Andre ledd:

"(2) Fylkeskommunen kan berre tildele einerett i kommunar der det er nødvendig."

Fylkeskommunen kan berre gjere inngrep i marknaden i kommunar der det er naudsynt. Etter førearbeida til lova (Prop. 70 L (2018 – 2019)) må fylkeskommunen vurdere kva som er eit tilstrekkeleg drosjetilbod i den enkelte kommune. Dette kan variere frå kommune til kommune basert på kommunens eigenart, og fylkeskommunen har ein vid skjønnsadgang til å bestemme ønskja transportstandard.

Men tiltaket må ikkje gå lenger enn naudsynt. Fylkeskommunen må i vurderinga av å innføre einerett vurdere om det er behov for drosjedekning heile døgnet i den aktuelle kommunen. Vidare må det vurderast om det er akseptabelt om kundar må bestille på førehand på ugunstige tider/lokasjonar, om det er akseptabelt med høgare pris, om det er akseptabelt med lengre ventetid, eller om det er akseptabelt med eit mindre tilbod av større bilar og liknande.

Sannsynet for at marknaden kan levere ønskja transportstandard i framtida må også vurderast, og tiltaket med einerett må treffe betre enn det ein open marknad vil gjere. Det må også gjennomførast ein konsekvensvurdering av følgjene av å *ikkje* innføre einerett i den spesifikke kommunen.

Tredje ledd:

"(3) Departementet fastset ut frå innbyggjartal og innbyggjartettleik i forskrift dei kommunane det kan tildelast einerett i."

Kva vilkår som skal gjelde i 2020 følgjer av ny yrkestransportforskrift § 48 bokstav a; eneretter for drosje:

"I kommuner med 20 000 innbyggere eller flere, og befolkningstetthet på 80 innbyggere per km² eller høyere, kan det ikke tildeles eneretter etter yrkestransportlova § 9a."

For Vestland fylke vil det medføre at, dersom det er naudsynt, kan ein innføre einerettar i alle kommunar bortsett frå følgjande:

- Askøy
- Bergen
- Sunnfjord

Fjerde ledd:

"(4) Ved tildeling av einerett skal det nyttast konkurranse så langt det følgjer av lov 17. juni 2016 nr. 73 om offentlige anskaffelser og forskrifter gjevne med heimel i lova. Einerett kan tildelast for ein periode på inntil fem år."

Etter at ein har innført forskrift med einerett for å avgrense marknaden i ein kommune, må eineretten lysast ut og tildelast i samsvar med anskaffingsregelverket (anskaffingslova, konsesjonskontraktforskrifta, m.m.) Ein einerett kan tildelast for ein periode på inntil fem år. Det er mogleg å innføre den for færre år. Dette kan vere aktuelt dersom ein skal samordne eineretten med andre offentlege kontraktar.

Femte, sjette og sjuande ledd:

"(5) Ein drosjeløyvehavar som har einerett, kan utføre oppdrag frå einerettsområdet til ein kvar stad i eller utanfor einerettsområdet."

"(6) Drosjeløyvehavarar som ikkje har einerett, kan ikkje utføre drosjetransport innad i kommunar der fylkeskommunen har tildelt einerett."

"(7) Ein drosjeløyvehavar som ikkje har einerett, kan transportere passasjerar inn i einerettsområdet. Ein drosjeløyvehavar som ikkje har einerett, kan og transportere passasjerar frå eit einerettsområde til ein stad utanfor einerettsområdet dersom transporten er bestilt på førehand."

Eineretten gjev altså eksklusiv tilgang til marknaden i kommunen, men i følge førearbeida vil den berre gjelde praie- og bestillingstransport. Løyvehavarar som utfører transport etter ein kontrakt vil difor kunne utføre denne transporten som normalt. Det betyr også at ein einerettshavar ikkje har nokon garanti for å få tildelt kontraktskøyring i den aktuelle kommunen han får einerett i.

Åttande og niande ledd:

"(8) Fylkeskommunen kan i einskildvedtak eller forskrift gje andre drosjeløyvehavarar enn einerettshavaren løyve til køyring i einerettsområdet."

"(9) Departementet kan i forskrift fastsetje nærare reglar for einerettar."

Sjølv om det vert innført einerett i ein kommune, kan fylkeskommunen gjere unntak frå den eineretten ved einskildvedtak eller forskrift. Eit døme på dette er operatørar som får vedtak med

unntak frå løyveplikta fordi dei driv med småskala turistverksemd eller med "inn på tunet" ordninga. Desse kan såleis også få unntak frå eineretten dersom dei driv verksemd i kommunen.

2. Vedtakskompetanse

Fylkestinget har mynde til å innføre forskrift om einerett, og har mynde til å delegera denne forskriftsmynda til fylkesrådmannen.

3. Vurderingar og verknader

Økonomi: Ingen verknad, eventuelle tilskot til einerettar må skje over ordinært budsjett.

Klima: ikkje relevant.

Folkehelse: ikkje relevant.

Regional planstrategi: Regional Transportplan Hordaland 2018-2029 planforslag: "Føreseielege driftsvilkår, som sikrar drosjetilbodet i distrikta, er viktig".

Fylkesrådmannen sin vurdering av einerettar i Vestland.

Etter førearbeida til lova (Prop. 70 L (2018-2019)) er det opna for at ein kan innføre einerettar i kommunar som trer i kraft samstundes med lovendringa, den 1.7.2020. Det vert i førearbeida peika på at det kan vere krevjande for fylkeskommunen å dokumentere at marknaden sannsynlegvis ikkje vi levere eit tilfredsstillande drosjetilbod, utan at det finnes konkrete bevis på dette. Departementet har peika på enkelte forhold og indikatorar som fylkeskommunen kan vurdere forut for tildeling av einerett.

I følgje førearbeida må fylkeskommunen vurdere kva som taler for og kva som talar i mot, kva konsekvensar som kan oppstå dersom det ikkje vert tildelt einerett og kven det kan påverke. I tillegg må fylkeskommunen sjå på indirekte indikatorar på etterspurnad, slik som befolkning og folketettleik, knutepunkt, attraksjonar, næringsstruktur, anna kollektivtransporttilbod, inntektsnivå og sysselsettingsgrad.

Administrasjonen gjennomførte ei kartlegging på enkelte av indikatorane for å sjå om det var kommunar som det kunne vere aktuelt å innføre einerettar i frå 1.7.2020. Det vart konkludert med at det var seks kommunar som kunne vere aktuelle for einerett med det same (Ullensvang, Fedje, Modalen, Fjaler, Hyllestad, Høyanger og Solund). Administrasjonen tilskreiv desse kommunane den 6.1.2020 med informasjon om endringar i yrkestransportlova og moglegheita for å innføre einerettar. Det vart også stilt følgjande spørsmål:

- Har kommunen eit tilfredsstillande drosjetilbod i dag?
- Kva utfordringar ser kommunen for seg etter det nye regelverket trer i kraft?
- Kan kommunen bidra med økonomisk tilskot for å sikre eit tilfredsstillande tilbod?
- Kjem kommunen til å ta ut eigne løyve?

Administrasjonen fekk svar frå ein kommune (Solund). Det vart vist til at kommunen har eit tilfredsstillande drosjetilbod i dag, men det er sårbart da dei berre har *ein* aktør. Kommunen kan i utgangspunktet ikkje bidra med økonomisk tilskot, og kjem ikkje til å ta ut eigne løyve.

I tillegg til dette gjennomførte administrasjonen den 17.2.2020 eit heildags informasjons- og dialogmøte med næringa i Hordaland løyvedistrikt, Norges taxiforbund, Skyss Kringom og Pasientreiser. Det var også planlagt eit møte med næringa i Sogn og fjordane på Skei den 11.3.2020, men dette vart kansellert på grunn av virusutbrotet.

På møtet vart det gjennomført arbeidsgrupper der ein drøfta mogleg innføring av einerettar i Vestland. Næringa er generelt negativ til einerett i deira respektive kommunar. Ein av grunnane er at dersom løyvehavarane som driv i kommunen ikkje får eineretten, vil det resultere i at dei må legge ned drifta. Næringa peikar vidare på at praie- og bestillingsturar står for mindredelen av omsetninga i distriktet, slik at det ikkje vil vere særleg ettertrakta å søke på ein einerett som ikkje er kopla til andre offentlege kontraktar. Vidare vert det peika på at ein einerett som er innført aleine kan fragmentere marknaden ved at ein operatør får eksklusiv rett på praie- og bestillingskøyring, mens andre operatørar har kontraktsmarknaden. Da kan næringsgrunnlaget verte dårleg for begge operatørane.

Det har også vore gjennomført separate drøftingar mellom MOK, Skyss og Pasientreiser for å vurdere å kople einerettar til skuleskyss og/eller pasienttransport. Konklusjonen er at dette kan verte

aktuelt i enkelte kommunar på sikt, men det er vanskeleg å få til med det same da ein i fleire av kontraktane er ein midt i ein kontraksperiode. Dette må difor vurderast konkret når ein skal inn i ein ny kontraksperiode i kommunar med eit generelt dårleg transporttilbod. Administrasjonen vil i samband med dette søke å først gjennomføre eit pilotprosjekt der ein koplår einerett med ein offentleg kontrakt.

Administrasjonen har etter denne prosessen konkludert med at det er særst utfordrande å spå marknaden etter frisleppet. Det kan vere det kjem andre tilbydarar i distriktet som ein ikkje har i dag, og ein innføring av einerett på førehand vil vere ei etableringshindring for desse. Vidare synes det klart at ein einerett i seg sjølv ikkje er eit særleg eigna verktøy for å betre drosjetilbodet. For å gjere ein einerett ettertrakta må den koplåst med kontraktsskøyring eller vere knytt til eit tilskot frå fylket og/eller kommunen.

Forslag om delegering av mynde.

På bakgrunn av utgreiinga administrasjonen har gjennomført, er konklusjonen at det ikkje er føremålstenleg å innføre einerettar før marknaden vert slept fri. Det vert konkludert med at det er føremålstenleg å først sleppe marknaden fri, og deretter følgje tett med på korleis tilbodet utviklar seg. I dei kommunane der næringa ikkje leverer eit like godt tilbod som før, må ein vurdere konkret å innføre einerett.

Å innføre ein einerett etter dagens system er ein tidkrevjande prosess. Ein må først avdekke kommunar med eit dårleg tilbod, deretter må ein utgreie om ein einerett kan bøte på dette problemet. Dersom ein konkludera med at det er ønskjeleg med einerett må forskriftsforslaget på høyring, før forslaget og høyringsinnspela må vurderast og sendast til politisk handsaming via utval for mobilitet og kollektivtransport, via fylkesutvalet og til fylkestinget. Denne prosessen vil ta mellom seks og ni månader, avhengig om ein er tidnok ute til neste fylkesting.

Vidare etter at ein har innført forskrift om einerett, må ein legge inn ein margin på ikrafttreding av forskrifta slik at ein får lyst ut eineretten og inngått kontrakt med løyvehavarar. I tillegg kan det vere aktuelt å justere innføringa slik at den kan samordnast med ein offentleg kontrakt.

Ein konsekvens av å ikkje få inn søknadar på eineretten, er at ein står med ei forskrift om avgrensing av marknaden, utan at ein har løyvehavarar til å drive i marknaden. Ein må såleis ha ein tilstrekkeleg margin til ikrafttredingstidspunktet, slik at ein kan oppheve forskrifta dersom det i ytterste konsekvens vert aktuelt. Totalt kan det difor vere opptil eit år med sakshandsamingstid frå det oppstår eit dårleg tilbod til fylkeskommunen får innført ein einerett.

For å få ned denne sakshandsamingstida, vert det føreslått at ein delegera mynda til å innføre forskrift om einerett til fylkesrådmannen. Dette vil gje administrasjonen moglegheit til å handle raskare dersom det oppstår dårlege drosjetilbod i enkelte kommunar. Det vil også gje administrasjonen mynde til å raskt oppheve forskrifter om einerett der ein ikkje får søkarar, der løyvehavarar med einerett legg ned drifta og leverer inn løyvet, eller der det ikkje lenger er hensiktsmessig å ha einerett m.m. I tillegg gjev det administrasjonen fleksibilitet slik at ein enklare og raskare kan kople einerettar til andre offentlege kontraktar dersom det vert aktuelt.

Konklusjon

Mynda til å innføre forskrift om einerett etter ny yrkestransportlov § 9 bokstav a, vert delegert til fylkesrådmannen.

Saksprotokoll 09.-10.06.2020 - fylkestinget

Trude Brosvik (KrF) sette fram slikt forslag:

«Tillegg:

Fylkestinget ber om at vedtaket frå RMNF sak 8/20 vert vektlagt i det vidare arbeidet.»

Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Brosvik sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Mynda til å innføre forskrift om einerett etter ny yrkestransportlov § 9 bokstav a, vert delegert til fylkesrådmannen.

Fylkestinget ber om at vedtaket frå RMNF sak 8/20 vert vektlagt i det vidare arbeidet.

Politiske saker

PS 17/20 Endringer av vallova og valforskriften til Stortingsvalet 2021 – innspel til høyringsuttale

Saksnr: 2020/60438-3

Saksbehandlar: Ingeborg Strandberg

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne	17/20	08.09.2020

Endringar av vallova og valforskriften til Stortingsvalet 2021 – innspel til høyringsuttale

Forslag vedtak

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne har slike innspel til ei høyringsuttale frå Vestland fylkeskommune angåande forslag til endringar i vallova, valforskrifta og forskrift om val til Sametinget:

Samandrag

Kommunal- og moderniseringsdepartementet viser til at NOU 2020: 6 «Frie og hemmelige val», med forslag til ny vallov vart sendt på høyring 3. juni med frist ut året. Departementet vil følge opp vallovutvalet sitt forslag, og planlegg å fremje ein proposisjon for Stortinget innan utgangen av 2022.

Departementet meiner det er eit behov for at enkelte endringar trer i kraft allereie ved stortings- og sametingsvalet i 2021, og føreslår i vedlagt høyringsnotat enkelte endringar som vil gjelde ved neste val. Høyringsfristen er onsdag 30. september 2020.

Fylkesrådmannen ber rådet for menneske med nedsett funksjonsevne om å kome med innspel til høyringsuttala som fylkesutvalet skal vedta 17. september.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen
fylkesdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kommunal- og moderniseringsdepartementet sendte forslag til endringar i vallova, valforskrifta og forskrift om val til Sametinget på høyring 28. juni 2020.

Departementet viser til at NOU 2020: 6 «Frie og hemmelige val», med forslag til ny vallov vart sendt på høyring 3. juni med frist ut året. Departementet vil følge opp vallovutvalet sitt forslag, og planlegg å fremje ein proposisjon for Stortinget innan utgangen av 2022.

Departementet meiner det er eit behov for at enkelte endringar treer i kraft allereie ved stortings- og sametingsvalet i 2021, og føreslår i vedlagt høyringsnotat enkelte endringar som vil gjelde ved neste val.

Departementet føreslår følgjande endringar i vallova:

- Ombodsplikta ved stortingsval vert endra slik at det er tilstrekkeleg for fritak at personen gir ein skriftleg erklæring om at vedkommande ikkje ønskjer å stå på ein valliste (oppfølging av stortingsvedtak om endring i Grunnlova).
- Ein veljar med psykisk eller fysisk funksjonsnedsetting som treng hjelp til å røyste kan sjølv peike ut ein hjelpar. Kravet om at ein valfunksjonær også skal vere med inn i valavlukka vert oppheva.
- Kravet om at valstyret i kommunen ved stortingsval og fylkestingsval skal oversende alle valkort frå førehandsrøystegjevinga til fylkesvalstyret vert oppheva.

Departementet føreslår følgjande endringar i valforskrifta:

- Førehandsrøyster ein har teke i mot siste veka før valdagen skal sendast på ein raskare måte enn vanleg innanlands brevpost.
- Valkort skal sendast ut digitalt til alle med røysterett busett innanriks.
- Alle røystesetlar gitt utanriks skal påførast stempel, uavhengig av kommunen sin tellemetode.
- Røystesetelen for stortingsval får enkelte tekniske endringar.

Departementet føreslår følgjande endringar i forskrift om val til Sametinget:

- Førehandsrøyster ein har teke i mot siste veka før valdagen skal sendast på ein raskare måte enn vanleg innanlands brevpost.
- Refusjonsbeløpet til opptellingsvalgstyrene økes fra 28 kroner til 36 kroner per manntallsførte i kretsen.
- Ein veljar med psykisk eller fysisk funksjonsnedsetting som treng hjelp til å røyste kan sjølv peike ut ein hjelpar. Kravet om at ein valfunksjonær også skal vere med inn i valavlukka vert oppheva.

Departementet gjer merksam på at det kan verte aktuelt med fleire endringar i forskrift om val til Sametinget.

I høyringsnotatet vert i tillegg evaluering av kommunestyre- og fylkestingsvalet 2019 og tiltaksplan for å auke motstandsdyktigheita mot utanlands påverknad diskutert

Høyringsfristen er onsdag 30. september 2020.

Framdrift

Endringane som er føreslått er innafor mange ulike områder med valarbeid. Fylkeskommunen har avgrensa ansvar for sjølv gjennomføringa av valet, og fleire av endringane gjeld praktiske omsyn som kommunane er ansvarlege for. Fylkesrådmannen føreslår difor at fylkeskommunen kjem med uttale på desse punkta:

Slike endringar i vallova:

- Ombodsplikta ved stortingsval vert endra slik at det er tilstrekkeleg for fritak at personen gir ein skriftleg erklæring om at vedkommande ikkje ønskjer å stå på ein valliste (oppfølging av stortingsvedtak om endring i Grunnlova).
- Ein veljar med psykisk eller fysisk funksjonsnedsetting som treng hjelp til å røyste kan sjølv peike ut ein hjelpar. Kravet om at ein valfunksjonær også skal vere med inn i valavlukka vert oppheva.
- Kravet om at valstyret i kommunen ved stortingsval og fylkestingsval skal oversende alle valkort frå førehandsrøystegjevinga til fylkesvalstyret vert oppheva.

Slike endringar i valforskrifta:

- Røystesetelen for stortingsval får enkelte tekniske endringar.

Grunna fristen, er det naudsynt at fylkesutvalet handsamar høyringsuttalen i møtet 17. september 2020. Særskilt to av punkta som vert diskutert i saka, ligg i saksområdet til medverknadsorgana. Diverre er fristen sett slik at det berre er rådet for menneske med nedsett funksjonsevne som har moglegheit til å handsame saka.

Vedtaket i saka rådet har fått førelagt seg, kjem for seint til å inkludere vedtaket i saksframlegget til fylkesutvalet. Men rådet sitt vedtak, i sin heilheit, vert eit vedlegg til saka som fylkesutvalet skal handsame 17. september.

Kommunal- og moderniseringsdepartementet visar til vallovutvalet sin rapport, NOU 2020:6 «Hemmelige og frie valg». Høyringsnotatet som vert diskutert i dette saksframlegget legg NOU 2020:6 til grunn. Fylkesutvalet vil få ein sak om høyringsuttale til NOU 2020:6 i desembermøtet. Medverknadsorgana vil få ein sak til handsaming i møta sine i oktober. Uttalar frå desse møta vert inkludert i saka til fylkesutvalet i desember.

Forslaga frå departementet

Fylkesrådmannen har under referert til høyringsnotatet, og oppsummert noko, for å gi informasjon om dei ulike endringane som fylkesrådmannen rår til at fylkesutvalet kjem med uttale til. Fylkesrådmannen visar elles til høyringsnotatet, for meir informasjon.

Endringar i vallova

Ombodsplikt ved stortingsval

Ombodsplikta ved stortingsval følger av Grunnlova § 63. Stortinget vedtok einstemmig den 7. januar 2020 å endre Grunnlova § 63 første ledd (fritak frå ombodsplikta), jf. Dok. 12:30 (2015–2016) og Innst. 129 S (2019–2020).

Det blei her vedteke ei ny føresegn i Grunnlova § 63 første ledd bokstav c, der det blir slått fast at det er tilstrekkeleg for fritak at personen gir ei skriftleg erklæring om at vedkommande ikkje ønsker å stå på ei valliste. Føresegna opnar berre for å få fritak frå ei bestemt valliste vedkommande er ført opp på, og gir ikkje generelt fritak frå plikta til å stå på ei liste. Bokstav d i føresegna om at ein kan få fritak frå ombodsplikta dersom ein er medlem av eit politisk parti og er vald på ei valliste frå eit anna parti, blei samtidig oppheva. Endringa inneber at vallova § 3-2 første ledd bokstav c må endrast for å bringast i samsvar med Grunnlova. Departementet viser til at denne endringa bør vedtakast før fylkesvalstyra startar prosessen med behandling av listeforslag for stortingsvalet i 2021.

Ein generell fritaksregel for kommunestyre- og fylkestingsval blei vedtatt i 2011 og brukt første gong ved valet i 2015, jf. vallova § 3-4 første ledd. Ved kommunestyre- og fylkestingsval er det tilstrekkeleg for fritak at ein person gir ei skriftleg erklæring om at vedkommande ikkje ønsker å stille til val på den aktuelle vallista.

Retten til assistanse ved røystegjeving

Vallovutvalet har, i NOU 2020:6, vurdert tre spørsmål i samband med retten til assistanse. For det første har utvalet vurdert om det er behov for å endre reglane om kven som skal ha rett til assistanse. For det andre har utvalet vurdert kven som skal avgjere om ein veljar har rett til assistanse. For det tredje har utvalet vurdert om retten til assistanse bør innehalde større valfridom for veljarane. Utvalet har komme til at det er behov for å forenkla og presisere reglane, og foreslår at reglane blir forenkla slik at alle med fysisk eller psykisk funksjonsnedsetting som på grunn av

funksjonsnedsettinga ikkje kan stemme aleine, får rett til assistanse frå ein hjelpar dei har valt sjølv. Kravet om at funksjonsnedsettinga må vere alvorleg, blir ikkje føreslått vidareført.

Etter vallova §§ 8-4 åttande ledd og 9-5 femte ledd kan veljarar som har behov for det, be stemmemottakaren eller stemmestyret om nødvendig hjelp ved stemmegivinga. Dette omfattar for eksempel veljarar som har behov for bistand på grunn av manglande norskkunnskapar.

Veljarar med alvorleg psykisk eller fysisk funksjonsnedsetting kan i tillegg sjølv peike ut ein ekstra hjelpar blant dei personane som er til stades i vallokalet. Ein person som assisterer ein veljar ved stemmegivinga og får kjennskap til korleis vedkommande har stemt, har teiepliktt om dette, jf. vallova § 15-4 andre ledd. Hjelparen skal gjerast merksam på denne teieplikta. Retten til assistert stemmegiving bryt med hovudregelen for stemmegiving om at valhandlinga skal skje i einerom og usett, jf. vallova §§ 8-4 første ledd og 9-5 tredje ledd. Det følgjer av føresegna at veljaren sjølv må ta initiativ til å få hjelp.

Kravet om at det alltid skal vere ein valfunksjonær med inn i valavlukka i tillegg til ein hjelpar som veljaren har valt sjølv, blei innført ved ei endring i vallova i 2005. Bakgrunnen for endringa var at det i ein del tilfelle hadde vist seg vanskeleg for stemmestyret eller stemmemottakaren å vurdere om veljaren faktisk ønskte assistanse av ein hjelpar.

Reglane om rett til assistanse ved stemmegivinga har ved fleire anledningar blitt praktisert feil. Departementet meiner at det er behov for å forenkle desse reglane. Veljarar som ikkje har ei funksjonsnedsetting som inneber at dei ikkje kan stemme aleine, bør få rettleiing utan at ein stemmemottakar eller valfunksjonær er til stades i valavlukka medan veljaren gjer sine val.

Om veljaren skal assisterast av ein sjølvvald hjelpar aleine, eller om ein representant frå valmyndighetene også skal vere til stades, er ei avveging mellom omsynet til at veljarar ikkje skal utsettast for utilbørleg påverknad, og omsynet til valfridommen til veljargruppa. At veljarar ikkje skal utsettast for utilbørleg påverknad, er eit grunnleggande prinsipp som går fram av formålet til vallova om å legge til rette for frie val, jf. § 1. Det er viktig å legge til rette for at utilbørleg påverknad ikkje skal skje, av omsyn til at val skal vere frie og hemmelege, og prinsippet om éin veljar – éi stemme. Departementet har i vurderinga lagt stor vekt på korleis gruppa som har behov for assistanse, opplever føresegna slik ho er formulert i dag. Departementet meiner at høvet til å velje kven ein skal få assistanse frå, i større grad kan bidra til at veljaren kan stemme fritt.

Departementet føreslår ei endring i vallova som inneber at ein veljar som på grunn av psykisk eller fysisk funksjonsnedsetting ikkje kan røyste aleine, sjølv kan peike ut ein hjelpar som skal assistere vedkommande utan at ein valfunksjonær er til stades i valavlukka. Veljarar kan få assistanse frå ein valfunksjonær dersom vedkommande ønsker det.

Departementet meiner at det er behov for å presisere kven som skal avgjere kven som skal ha krav på assistanse, og føreslår ei ny føresegn om at stemmestyret skal avgjere spørsmålet i tilfelle der ein valfunksjonær eller stemmestyremedlem meiner at vilkåra for rett til assistanse ikkje er oppfylte. Ved førehandsrøystegjevinga er det stemmemottakaren som må avgjere om vilkåra for rett til assistanse er til stades. Ein eventuell tvil om vilkåra er oppfylte, skal komme veljaren til gode.

Ei ny vallov som blir vedteke på bakgrunn av utgreiinga til vallovutvalet, vil som nemnt ikkje bli tatt i bruk før ved stortingsvalet i 2025. Departementet meiner likevel at denne endringa i retten til assistanse bør gjelde allereie ved stortingsvalet i 2021.

Oversending av materiell frå kommunen til fylkeskommunen

Fylkesvalstyret skal ved stortingsval og fylkestingsval kontrollere gjennomføringa av valet i kommunane med grunnlag i materiell som kommunane oversender. Kva for materiell som skal oversendast, er fastsett i vallova § 10-8 første ledd. Blant materiellet som skal oversendast, er alle valkorta frå førehandsstemmegivinga, jf. føresegna bokstav c.

Departementet har gjennom undersøkingar i kommunar og fylkeskommunar og informasjon frå Valdirektoratet kjennskap til at fylkesvalstyret ikkje ser behov for å få dette materiellet oversendt, fordi dei ikkje bruker det til noka form for kontroll. Departementet kan heller ikkje sjå at valkorta har nokon funksjon i kontrollen som fylkesvalstyret skal gjennomføre.

Departementet foreslår derfor å oppheve vallova § 10-8 første ledd bokstav c.

Endringar i valforskrifta

Utforminga av røystesetelen

Departementet har i tildelingsbrevet for 2020 gitt Valdirektoratet i oppdrag å vurdere om det er behov for å gjere endringar i utforminga av stemmesetlane for å gjere dei betre tilpassa maskinell oppteljing (skanning). Valdirektoratet har anbefalt to endringar på stemmesetelen for stortingsval. Direktoratet opplyser om at utforminga av stemmesetelen er ein del av arbeidet med tilgjengelegheit ved val for veljarar med nedsett funksjonsevne, og at dei vil involvere brukarorganisasjonar i det vidare arbeidet. Forslaga nedanfor skal ikkje føre til dårlegare tilgjengelegheit for veljarar med nedsett funksjonsevne.

Fleire kommunar og fylkeskommunar oppgav at svært mange stemmesetlar måtte verifiserast manuelt under den maskinelle oppteljinga i 2019, jf. kapittel 10.1. Valdirektoratet har gjennomført analysar som viser at ei vanleg årsak til at stemmesetlar måtte verifiserast manuelt, var knytt til bruken av grå kantlinjer i dei felta på stemmesetelen som veljarane kan gjere endringar i. Ved stortingsval gjeld dette felta for renummerering og stryking på kvar side av kandidatnamnet. Direktoratet har gjennomført testar med ulike farger på kantlinjene for å forbetre tolkinga og foreslår at kantlinjene blir endra til oransje, da denne fargen gjer det lettare for tolkingmotoren å isolere rettingane frå veljarane.

Det følger av valforskrifta § 12 at registrerte politiske parti kan velje å føre opp partinamnet på samisk i tillegg til partinamnet på bokmål eller nynorsk. Valdirektoratet opplyser om at kommunane registrerer dette hos trykkeriet og ikkje i valadministrasjonssystemet EVA. Det samiske partinamnet har blitt trykt øvst til venstre på innsida av stemmesetelen.

Valdirektoratet har utvikla ein funksjon i EVA som inneber at partinamnet på bokmål eller nynorsk skal kunne kontrollerast mot partinummet på stemmesetelen ved oppteljing ved bruk av skanning. Å samanlikne partinamn med partinummet gir ein ekstra kontroll av validiteten til stemmesetelen og ei sikrere og meir korrekt oppteljing.

Dersom ein slik kontroll skal utførast lik dagens praksis med trykking av partinamnet på samisk til venstre på innsida av stemmesetelen, vil det føre til at stemmesetlar som også har partinamnet på samisk, må verifiserast manuelt ved skanninga.

Valdirektoratet anbefaler derfor å innføre eit felt for partinamnet på samisk øvst på høgre side av innsida av stemmesetelen. For parti som ikkje oppgir partinamnet på samisk, vil partinamnet på bokmål eller nynorsk bli gjentatt på høgre side av innsida av stemmesetelen. Direktoratet vil syte for at det samiske partinamnet kan registrerast i valadministrasjonssystemet EVA.

Krav til stemmesetelen ved stortingsval er fastsette i valforskrifta § 19 b. Forslaget til endring medfører inga endring i forskriftsteksten, men det må takast inn nye bilete av stemmesetelen i forskrifta, jf. illustrasjon av innsida av stemmesetelen i kapittel 12.

Endringa vil gjere det enklare å registrere partinamnet på samisk i tillegg til bokmål eller nynorsk. I tillegg vil endringa legge til rette for bruk av funksjonen i EVA for å kontrollere partinamnet på bokmål eller nynorsk med partinummet på stemmesetelen ved skanning. Rettleiingsteksten, som i dag står øvst på høgre side av innsida av stemmesetelen, blir flytta til botnen av innsida av stemmesetelen. Forslaget inneber ei forenkling for kommunane og har ingen vesentlege konsekvensar for veljarane.

Vedtakskompetanse

Medverknadsorgana, deriblant rådet for menneske med nedsett funksjonsevne, har regulert sine oppgåvar under punkt 2. Oppgåvar, i reglement for medverknadsorgana. Der står det blant anna følgjande:

«a. Medverknadsorgana kan innafor sitt arbeidsområde

...

- Gi råd i alle saker som gjeld levevilkår for eldre, menneske med nedsett funksjonsevne og ungdom knytt til fylkeskommunal verksemd.

...»

Fylkesrådmannen ser på dei endringane i vallova som ligg til grunn for denne saka til å gjelde levevilkår for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne. Grunna fristen er det berre rådet for menneske med nedsett funksjonsevne som har moglegheit til å handsame saka.

Vurderingar og verknader

Økonomi: Ikkje relevant.

Klima: Ikkje relevant.

Folkehelse: Ikkje relevant.

Regional planstrategi: Ikkje relevant.

Konklusjon

Fylkesrådmannen ber rådet for menneske med nedsett funksjonsevne om å kome med innspel til høyringsuttala som fylkesutvalet skal vedta 17. september. Fylkesrådmannen har rådd til kva punkt i høyringsuttala han meiner er aktuell for fylkesutvalet å kome med ei uttale om, men rådet står fritt til å uttale seg om andre punkt. Fylkesrådmannen skal syte for at vedtaket i denne saka vert lagt ved saken som går til fylkesutvalet 17. september 2020.

Høyringsnotat

Forslag til endringar i vallova, valforskrifta og forskrift om valg til Sametinget – ombodsplykt, assistanse ved stemmegiving, digital utsending av valkort mv.

Innhald

1. Innleiing	4
2. Ombodspåkt ved stortingsval	5
3. Rett til assistanse ved stemmegiving.....	5
3.1 Gjeldande rett.....	5
3.2 Bakgrunnen for forslaget	6
3.3 Vurderinga til vallovutvalet.....	6
3.4 Vurderingar og forslag frå departementet	7
4. Oversending av materiell frå kommunen til fylkeskommunen	8
4.1 Gjeldande rett.....	8
4.2 Vurderingar og forslag frå departementet	8
5. Sending av førehandsstemmer	9
5.1 Gjeldande rett.....	9
5.2 Bakgrunnen for forslaget	9
5.2.1 Sending av førehandsstemmer ved kommunestyre- og fylkestingsvalet i 2019.....	9
5.2.2 Sending av førehandsstemmer ved stortings- og sametingsvalet i 2021.....	10
5.3 Forslaget frå vallovutvalet	10
5.4 Vurderingar og forslag frå departementet	10
6. Digital utsending av valkort	11
6.1 Gjeldande rett.....	11
6.2 Forsøk med elektronisk utsending av valkort i utvalde kommunar ved kommunestyre- og fylkestingsvalet i 2019	11
6.3 Vurderinga til vallovutvalet.....	12
6.4 Vurderingar og forslag frå departementet	12
7. Krav om stempel ved mottak av stemmer som er gitt utanriks	13
7.1 Gjeldande rett.....	13
7.2 Bakgrunnen for forslaget	13
7.3 Vurderingar og forslag frå departementet	13
8. Utforminga av stemmesetelen	14
8.1 Bakgrunnen for forslaget	14
8.2 Erstatte grå kantlinjer med oransje	14
8.3 Felt for partinamn på samisk	14
9. Endringar i forskrift om valg til Sametinget	15
9.1 Sending av førehandsstemmer	15
9.1.1 Gjeldande rett.....	15
9.1.2 Vurderinga til departementet.....	15

9.2 Refusjon av kostnader for oppteljing.....	15
9.2.1 Gjeldande rett.....	15
9.2.2 Vurderinga til vallovutvalet	15
9.2.3 Vurderinga til departementet.....	15
9.3 Rett til assistanse ved stemmegiving.....	16
9.3.1 Gjeldande rett.....	16
9.3.2 Vurderinga til departementet.....	16
10. Kommunestyre- og fylkestingsvalet 2019.....	16
10.1 Evaluering av valgjennomføringa	16
10.1.1 Innleiing	16
10.1.2 Stor tilfredsheit med tenestene til Valdirektoratet.....	16
10.1.3 Funn frå valgjennomføringsundersøkinga.....	17
10.1.4 Oppfølging av evalueringane.....	17
10.2 Tiltaksplan for å auke motstandsdyktigheita mot utanlandsk påverknad	17
11. Økonomiske og administrative konsekvensar	18
12. Forslag til lov- og forskriftsendringar.....	20
Forslag til endringar i vallova	20
Forslag til endringar i valforskrifta.....	21
Forslag til endringar i forskrift om valg til Sametinget	24

1. Innleiing

Kommunal- og moderniseringsdepartementet fremmar i dette høyringsnotatet forslag til enkelte endringar i vallova, valforskrifta og forskrift om valg til Sametinget.

Departementet foreslår desse endringane i vallova:

- Ombodsplikten ved stortingsval blir endra slik at det er tilstrekkeleg for fritak at personen gir ei skriftleg erklæring om at vedkommande ikkje ønsker å stå på ei valliste.
- Ein veljar med psykisk eller fysisk funksjonsnedsetting som treng hjelp til å stemme, kan sjølv peike ut ein hjelpar. Kravet om at ein valfunksjonær også skal vere med inn i valavlukket, blir oppheva.
- Kravet om at valstyret i kommunen ved stortingsval og fylkestingsval skal sende alle valkorta frå førehandsstemmegivinga til fylkesvalstyret, blir oppheva.

Departementet foreslår desse endringane i valforskrifta:

- Førehandsstemmer som er mottatt den siste veka før valdagen, skal sendast på ein raskare måte enn med vanleg innanlands brevpost.
- Valkort skal sendast ut digitalt til alle med stemmerett som er busette innanriks.
- Alle stemmesetlane med stemmer som er gitt utanriks, skal påførast stempel, uavhengig av teljemetoden i kommunen.
- Stemmesetelen for stortingsval får enkelte tekniske endringar.

Departementet foreslår desse endringane i forskrift om valg til Sametinget:

- Førehandsstemmer som er mottatt den siste veka før valdagen, skal sendast på ein raskare måte enn med vanleg innanlands brevpost.
- Refusjonsbeløpet til opteljingsvalstyra blir auka frå 28 kroner til 36 kroner per manntalsført i kretsen.
- Ein veljar med psykisk eller fysisk funksjonsnedsetting som treng hjelp til å stemme, kan sjølv peike ut ein hjelpar. Kravet om at ein valfunksjonær også skal vere med inn i valavlukket, blir oppheva.

Departementet vil vurdere behov for ytterlegere endringar i forskrift om val til Sametinget fram mot sametingsvalet.

I notatet blir evalueringa av gjennomføringa av kommunestyre- og fylkestingsvalet i 2019 omtalt.

Departementet omtaler også kort arbeidet regjeringa har gjort for å sørge for sikkerheita i valg gjennomføringa. Høyringsnotatet vil bli publisert på nordsamisk på regjeringen.no.

Departementet viser til at regjeringa sette ned eit lovutval i juni 2017 som skulle utarbeide forslag til ei ny vallov og vurdere endringar i valordninga.¹ Utvalet skulle sjå på alle sider av valg gjennomføringa. Utvalet leverte utgreiinga si, NOU 2020: 6 *Frie og hemmelige valg - Ny valglov*, 27. mai 2020. Utgreiinga blir send på ei brei høyring ut året. På bakgrunn av forslag og innspel frå utvalet i høyringa vil departementet fremme forslag om ei ny vallov til Stortinget. Den nye vallova vil gjelde frå stortingsvalet i 2025. Departementet ser likevel eit behov for å foreslå enkelte endringar som kan tre i kraft før vala i 2021 og 2023.

¹ <https://www.valglovutvalget.no/>

2. Ombodspålikt ved stortingsval

Sentrale element ved stortingsvalordninga er regulerte i Grunnlova. Ombodspålikt ved stortingsval følger av Grunnlova § 63. Stortinget vedtok einstemmig den 7. januar 2020 å endre Grunnlova § 63 første ledd (fritak frå ombodspålikt), jf. Dok. 12:30 (2015–2016) og Innst. 129 S (2019–2020).

Det blei her vedtatt ei ny føresegn i Grunnlova § 63 første ledd bokstav c, der det blir slått fast at det er tilstrekkeleg for fritak at personen gir ei skriftleg erklæring om at vedkommande ikkje ønsker å stå på ei valliste. Føresegna opnar berre for å få fritak frå ei bestemt valliste vedkommande er ført opp på, og gir ikkje generelt fritak frå pålikt til å stå på ei liste. Bokstav d i føresegna om at ein kan få fritak frå ombodspålikt dersom ein er medlem av eit politisk parti og er vald på ei valliste frå eit anna parti, blei samtidig oppheva. Endringa inneber at vallova § 3-2 første ledd bokstav c må endrast for å bringast i samsvar med Grunnlova. Departementet viser til at denne endringa bør vedtakast før fylkesvalstyra startar prosessen med behandling av listeforslag for stortingsvalet i 2021.

Bokstav a og b i føresegna blei ikkje endra. Fritaksgrunnane etter bokstav a og b er at vedkommande er vald utanfor det valdistriktet vedkommande har stemmerett i, og at vedkommande har møtt som representant på alle storting etter det førre valet. Desse fritaksgrunnane går fram av vallova § 3-2 første ledd, og det er ikkje behov for å endre dei.

Ein generell fritaksregel for kommunestyre- og fylkestingsval blei vedtatt i 2011 og brukt første gong ved valet i 2015, jf. vallova § 3-4 første ledd. Ved kommunestyre- og fylkestingsval er det tilstrekkeleg for fritak at ein person gir ei skriftleg erklæring om at vedkommande ikkje ønsker å stille til val på den aktuelle vallista.

3. Rett til assistanse ved stemmegiving

3.1 Gjeldande rett

FN sin konvensjon 13. desember om rettane til menneske med nedsett funksjonsevne (CRPD) blei ratifisert av Noreg i 2013. Noreg er etter artikkel 29 bokstav a forplikt til «å sikre at mennesker med nedsatt funksjonsevne kan delta fullt ut og på en effektiv måte i det politiske og offentlige liv på lik linje med andre [...], herunder ved at mennesker med nedsatt funksjonsevne har rett og mulighet til å avgi stemme [...]». For å oppnå slik deltaking nemner artikkelen enkelte tiltak:

- «i) å sikre at framgangsmåter, lokaler, utstyr og materiell som benyttes i forbindelse med valg, er hensiktsmessige, tilgjengelige og lette å forstå og bruke,
- ii) å verne om den rett mennesker med nedsatt funksjonsevne har til hemmelig stemmegiving uten trusler ved valg og folkeavstemning [...] og legge til rette for bruk av ny teknologi og tekniske hjelpemidler når det er hensiktsmessig,
- iii) å garantere at mennesker med nedsatt funksjonsevne fritt får gi uttrykk for sin vilje som velgere, og for dette formål, når det er nødvendig og de ber om det, tillate at en person de selv velger, hjelper dem med å stemme.»

Etter vallova §§ 8-4 åttande ledd og 9-5 femte ledd kan veljarar som har behov for det, be stemmemottakaren eller stemmestyret om nødvendig hjelp ved stemmegivinga. Dette omfattar for eksempel veljarar som har behov for bistand på grunn av manglande norskkunnskapar.

Veljarar med alvorleg psykisk eller fysisk funksjonsnedsetting kan i tillegg sjølve peike ut ein *ekstra* hjelpar blant dei personane som er til stades i vallokalet. Ein person som assisterer ein veljar ved stemmegivinga og får kjennskap til korleis vedkommande har stemt, har teieplikt om dette, jf.

vallova § 15-4 andre ledd. Hjelparen skal gjerast merksam på denne teieplikta. Retten til assistert stemmegiving bryt med hovudregelen for stemmegiving om at valhandlinga skal skje i einerom og usett, jf. vallova §§ 8-4 første ledd og 9-5 tredje ledd. Det følger av føresegna at veljaren sjølv må ta initiativ til å få hjelp.

Kravet om at det alltid skal vere ein valfunksjonær med inn i stemmeavlukket i tillegg til ein hjelpar som veljaren har valt sjølv, blei innført ved ei endring i vallova i 2005. Bakgrunnen for endringa var at det i ein del tilfelle hadde vist seg vanskeleg for stemmestyret eller stemmemottakaren å vurdere om veljaren faktisk ønskte assistanse av ein hjelpar. I Ot.prp. nr. 44 (2004–2005) er det vist til situasjonar der ein meir språkkunnig familiemedlem insisterer på å vere med inn i avlukket, utan at det er mogleg for stemmestyret å kontrollere om veljaren verkeleg ønsker dette. Det blei vidare vist til at slike situasjonar vil opne for at veljaren kan bli utsett for utilbørleg påverknad frå hjelparen. Forholdet til dei sentrale prinsippa i vallova gjorde at departementet ønskte å ta føresegna opp til ei ny vurdering. Det blei vist til at føresegna kunne komme i konflikt med prinsippet om fritt og hemmeleg val, som følger av formålsføresegna, men også prinsippet om "éin veljar – éi stemme". Departementet kom til at bestemte grupper av veljarar burde kunne peike ut ein eigen veljar til å assistere dei med å stemme. Det gjeld for eksempel blinde og svaksynte veljarar. Grunngevinga var at desse veljarane ikkje vil kunne kontrollere vala dei gjer, og derfor er avhengige av å få hjelp av ein person dei har absolutt tillit til. At denne hjelparen skulle komme i tillegg til ein hjelpar frå dei valansvarlege, blei i Ot.prp. nr. 44 (2004–2005) s. 38 grunngitt slik:

Når det gjeld veljarar som skal kunne peike ut sine eigne hjelparar, må ein vurdere om denne hjelparen skal komme i tillegg til eller i staden for ein hjelpar frå dei valansvarlege. Slik departementet ser det, bør det alltid vere ein hjelpar frå dei valansvarlege til stades ved assistert røystegiving. Dette er den einaste måten ein kan sikre at veljarane ikkje blir utsette for utilbørleg påverknad frå den utpeikte hjelparen.

3.2 Bakgrunnen for forslaget

I 2017 behandla Riksvaletstyret fleire klagar frå blinde og svaksynte som blei nekta å ha med seg ein ekstra hjelpar inn i avlukket. Departementet har ikkje mottatt klagar på slike forhold ved kommunestyre- og fylkestingsvalet i 2019.

Norges Blindeforbund har likevel i brev til og i møte med departementet vist til at fleire medlemmer har rapportert om at dei blei nekta å ha med seg ein eigen hjelpar inn i avlukket også ved valet i 2019. Praktiseringa av dagens regelverk har ført til at fleire av medlemmene i forbundet er i tvil om dei har stemt på ei anna valliste enn den dei ønskte å stemme på. Fleire har også gitt uttrykk for at dei vurderer å avstå frå å stemme ved neste val.

Forbundet har gitt uttrykk for at veljarar som har rett til assistanse frå ein ekstra hjelpar ved stemmegivinga, bør ha rett til å bli assisterte av denne hjelparen utan at det er ein representant frå dei valansvarlege til stades. Forbundet viser til prinsippet om hemmeleg val og at medlemmene ikkje ønsker at ein valfunksjonær skal få vite kva dei stemmer, sjølv om valfunksjonæren har teieplikt. Dette gjer seg særleg gjeldande i mindre kommunar, der veljarane kan ha kjennskap til valfunksjonæren som hjelper dei med å stemme.

3.3 Vurderinga til vallovutvalet

Utvalet har vurdert tre spørsmål i samband med retten til assistanse. For det første har utvalet vurdert om det er behov for å endre reglane om kven som skal ha rett til assistanse. For det andre har utvalet vurdert kven som skal avgjere om ein veljar har rett til assistanse. For det tredje har

utvalet vurdert om retten til assistanse bør innehalde større valfridom for veljarane. Utvalet har komme til at det er behov for å forenkle og presisere reglane, og foreslår at reglane blir forenkla slik at alle med fysisk eller psykisk funksjonsnedsetting som på grunn av funksjonsnedsettinga ikkje kan stemme aleine, får rett til assistanse frå ein hjelpar dei har valt sjølve. Kravet om at funksjonsnedsettinga må vere alvorleg, blir ikkje foreslått vidareført.

Utvalet viser til at Norges Blindeforbund har tatt opp at retten til assistanse bør innehalde større valfridom for veljarane, og at veljarane bør kunne assisterast av ein sjølvvald hjelpar aleine. Utvalet viser vidare til at bakgrunnen for spørsmålet om ein representant frå valmyndigheita må vere med inn i stemmeavlukket i tillegg til ein sjølvvald hjelpar, er ei avveging mellom omsynet til valfridom og verdigheit for veljaren på den eine sida og omsynet til å motverke utilbørleg påverknad av veljaren på den andre. Omsynet til å sikre ei verdig stemmegiving for alle må, slik utvalet vurderer det, vege tungt. Retten til assistanse må innordnast på ein måte som er i tråd med det gruppa som skal motta assistanse, ønsker. Fridom til å velje kven ein skal få assistanse frå, kan vere avgjerande for om veljaren fritt stemmer slik vedkommande ønsker. Kravet om at det i tillegg må vere med ein person frå valmyndigheitene inn i stemmeavlukket, blir derfor ikkje foreslått vidareført.

Utvalet foreslår at den generelle føresegna om rett til assistanse i vallova §§ 8-4 åttande ledd første punktum og 9-5 femte ledd første punktum ikkje blir vidareført. Utvalet viser til at den generelle retten til bistand frå ein valfunksjonær inne i valavlukket undergrev utgangspunktet om at valet skal skje i einerom og usett, meir enn nødvendig. Alle veljarar vil ha krav på rettleiing frå ein valmedarbeidar. Valmedarbeidaren kan gi slik rettleiing ved å vise veljaren framgangsmåten for stemmegivinga og deretter forlate valavlukket, slik at veljaren kan gjere valet i einerom. Utvalet framhevar at det er viktig at veljarar med avgrensa norskkunnskapar får slik rettleiing.

Utvalet har vurdert kven som skal avgjere om veljaren har krav på assistanse. Ved førehandsstemmegivinga meiner utvalet at spørsmålet skal avgjerast av stemmemottakaren. På valdagen meiner utvalet at avgjerda prinsipielt sett bør takast av stemmestyret. Utvalet meiner likevel at ei slik ordning vil vere for byråkratisk. Ein valfunksjonær eller stemmestyremedlem bør kunne innvilge slik hjelp i tilfelle der det ikkje er tvil om at vilkåra for å motta assistanse er til stades. Stemmestyret skal avgjere spørsmålet i tilfelle der ein valfunksjonær eller stemmestyremedlem meiner at vilkåra for rett til assistanse ikkje er oppfylte. Ein eventuell tvil om vilkåra er oppfylte, bør, slik utvalet oppfattar det, komme veljaren til gode.

3.4 Vurderingar og forslag frå departementet

Reglane om rett til assistanse ved stemmegivinga har ved fleire anledningar blitt praktiserte feil. Departementet er dermed einig med utvalet i at det er behov for å forenkle desse reglane. Veljarar som ikkje har ei funksjonsnedsetting som inneber at dei ikkje kan stemme aleine, bør, slik utvalet foreslår, få rettleiing utan at ein stemmemottakar eller valfunksjonær er til stades i stemmeavlukket medan veljaren gjer sine val.

Når det gjeld spørsmålet om veljaren skal assisterast av ein sjølvvald hjelpar aleine, eller om ein representant frå valmyndigheitene også skal vere til stades, er det ei avveging mellom omsynet til at veljarar ikkje skal utsettast for utilbørleg påverknad, og omsynet til valfridommen til veljargruppa. At veljarar ikkje skal utsettast for utilbørleg påverknad, er eit grunnleggande prinsipp som går fram av formålet til vallova om å legge til rette for frie val, jf. § 1. Det er viktig å legge til rette for at utilbørleg påverknad ikkje skal skje, av omsyn til at val skal vere frie og hemmelege, og prinsippet om éin veljar – éi stemme. Departementet har i vurderinga lagt stor vekt på korleis gruppa som har behov for assistanse, opplever føresegna slik ho er formulert i dag. Departementet er einig med utvalet i at høvet til å velje kven ein skal få assistanse frå, i større grad kan bidra til at veljaren kan stemme fritt.

At det er veljaren sjølv som skal gi uttrykk for at vedkommande har behov for assistanse, og peike ut eigen hjelpar, skal bidra til å motverke at utilbørleg påverknad skjer. Valfunksjonærar og stemmemottakarar har også eit ansvar for å sjå til at veljaren ikkje blir utsett for utilbørleg påverknad, sjølv om det ikkje lenger skal vere med ein representant frå valmyndigheitene inn i sjølvstemmeavlukka.

Departementet foreslår derfor ei endring i vallova som inneber at ein veljar som på grunn av psykisk eller fysisk funksjonsnedsetting ikkje kan stemme aleine, sjølv kan peike ut ein hjelpar som skal assistere vedkommande utan at ein valfunksjonær er til stades i valavlukka. Veljarar kan motta assistanse frå ein valfunksjonær dersom vedkommande ønsker det.

Departementet meiner forslaget er i tråd med FN sin konvensjon om rettane til menneske med nedsett funksjonsevne artikkel 29 bokstav a.

Departementet er også einig med utvalet i at det er behov for å presisere kven som skal avgjere kven som skal ha krav på assistanse, og foreslår ei ny føresegn om at stemmestyret skal avgjere spørsmålet i tilfelle der ein valfunksjonær eller stemmestyremedlem meiner at vilkåra for rett til assistanse ikkje er oppfylte. Ved førehandsstemmegivinga er det stemmemottakaren som må avgjere om vilkåra for rett til assistanse er til stades. Ein eventuell tvil om vilkåra er oppfylte, skal komme veljaren til gode.

Ei ny vallov som blir vedtatt på bakgrunn av utgreiinga til vallovutvalet, vil som nemnt ikkje bli tatt i bruk før ved stortingsvalet i 2025. Departementet meiner likevel at denne endringa i retten til assistanse bør gjelde allereie ved stortingsvalet i 2021.

4. Oversending av materiell frå kommunen til fylkeskommunen

4.1 Gjeldande rett

Fylkesvalstyret skal ved stortingsval og fylkestingsval kontrollere gjennomføringa av valet i kommunane med grunnlag i materiell som kommunane oversender. Kva for materiell som skal oversendast, er fastsett i vallova § 10-8 første ledd. Blant materiellet som skal oversendast, er alle valkorta frå førehandsstemmegivinga, jf. føresegna bokstav c.

4.2 Vurderingar og forslag frå departementet

Departementet har gjennom undersøkingar i kommunar og fylkeskommunar og informasjon frå Valdirektoratet kjennskap til at fylkesvalstyret ikkje ser behov for å få dette materiellet oversendt, fordi dei ikkje bruker det til noka form for kontroll. Departementet kan heller ikkje sjå at valkorta har nokon funksjon i kontrollen som fylkesvalstyret skal gjennomføre. Departementet meiner det er lite formålstenleg at kommunar oversender valkort dersom dei ikkje har nokon funksjon i kontrolloppgåva til fylkesvalstyra.

Departementet foreslår seinare i dette høyringsnotatet at valkort skal sendast elektronisk til veljarane. Talet på veljarar som får valkort på papir, vil vere lågt ved framtidige val, samtidig som det vil vere mange valkort i bruk som ikkje lar seg oversende til fylkesvalstyret.

Departementet foreslår derfor å oppheve vallova § 10-8 første ledd bokstav c.

5. Sending av førehandsstemmer

5.1 Gjeldande rett

Førehandsstemmegivinga kan gå føre seg til og med siste fredagen før valdagen innanriks, jf. vallova § 8-1 andre ledd. Det er ikkje fastsett noko klokkeslett for når stemmegivinga må avsluttast denne dagen. Fristen for når førehandsstemmer må ha komme inn til valstyret for å bli godkjende og talde med i valoppgjeret, blei flytta frå kl. 21 på valdagen til kl. 17 dagen etter valdagen ved ei lovendring i 2016, jf. vallova § 10-1 første ledd bokstav g. Bakgrunnen for dette var vedtakinga av ei ny postlov, som medførte at Posten ikkje lenger har leveringsplikt på laurdagar.

Valforskrifta § 27 åttande og niande ledd har reglar for korleis førehandsstemmer skal sendast. Førehandsstemmer som er mottatt torsdagen og fredagen før valdagen, skal sendast på ein måte som sikrar at stemmene kjem inn til valstyret innan kl. 17 dagen etter valdagen. Dei to siste vekene av førehandsstemmeperioden skal førehandsstemmene sendast vidare til heimkommunen til veljaren kvar dag, med unntak av torsdagen og fredagen før valdagen. Ved framsendinga av omslagskonvoluttane skal det brukast forsendingskonvoluttar.

5.2 Bakgrunnen for forslaget

5.2.1 Sending av førehandsstemmer ved kommunestyre- og fylkestingsvalet i 2019

Den 1. januar 2018 blei A- og B-post slått saman til éin felles brevstraum, jf. Meld. St. 31 (2015–2016) *Postsektoren i endring*. Ifølgje ny mellombels konsesjon til Posten Noreg AS skal minst 85 prosent av innanlandsk brevpost vere framme innan to dagar etter innlevering. Tidlegare var kravet til framsendingstid at 85 prosent av innanlandsk prioritert brevpost skulle vere framme innan dagen etter innlevering. Ettersom det no berre er éin brevstraum, oppheva departementet den 15. februar 2019 føresegna i valforskrifta § 27 niande ledd, som stilte krav om at førehandsstemmene skulle sendast som A-post eller på raskare måte.

Omlegginga til éin brevstraum ville medføre at svært mange førehandsstemmer som var gitt siste fredag før valdagen, ikkje kom fram innan fristen dersom dei blei sende med vanleg innanlands brevpost, på grunn av kravet til framsendingstid. Førehandsstemmer som blir mottatt etter innleveringsfristen fredag, vil først bli innleverte på måndag og vil med to dagars framsendingstid ikkje vere framme hos valstyret innan fristen tysdag kl. 17. Desse førehandsstemmene må derfor sendast på ein raskare måte enn med vanleg innanlandsk brevpost.

Departementet fastsette på bakgrunn av omlegginga endringar i valforskrifta § 27, slik at førehandsstemmer ikkje skal sendast som brevpost torsdagen, fredagen eller laurdagen før valdagen.

På bakgrunn av forskriftsendringa gjekk Valdirektoratet til anskaffing av ein forsendingsavtale som alle kommunar kunne nytte seg av. Posten Noreg AS leverte det einaste tilbodet, og direktoratet inngjekk avtale med leverandøren. Avtalen innebar at alle kommunar kunne få henta førehandsstemmer fredag og laurdag før valdagen som blei sende med bedriftspakke over natta eller ekspresspost. Desse pakkene har to dagars framsendingstid, noko som skulle sikre at stemmene kom fram til valstyret i heimkommunen til veljaren innan kl. 17 dagen etter valdagen. Kommunane var ikkje forplikta etter valforskrifta til å nytte seg av forsendingsavtalen.

Valdirektoratet opplyser om at med unntak av tre stemmer kom alle førehandsstemmene som blei sende med denne avtalen i 2019, fram i tide. I valg gjennomføringsundersøkinga for 2019, gjennomført av Oslo Economics, som blir presentert i kapittel 10, oppgav 94 prosent av kommunane som svarte på undersøkinga, at dei var svært fornøgde eller fornøgde med ordninga. Ifølgje

Valdirektoratet viser evalueringa deira av avtalen at dialogen kommunane hadde med dei lokale representantane for Posten, var god.

I undersøkinga oppgav enkelte kommunar at det framleis var førehandsstemmer som kom for seint fram ved valet i 2019. Dette gjaldt hovudsakleg utanriksstemmer, som ikkje var omfatta av forsendingsavtalen. Kommunane påpeikte i tillegg at den ordinære postgangen er langsam, og at enkelte førehandsstemmer brukte meir enn ei veke frå poststempling til mottak. Enkelte kommunar mottok også førehandsstemmer som burde vore sende gjennom avtalen med Posten, men som blei sende med ordinær postgang og derfor kom for seint fram.

5.2.2 Sending av førehandsstemmer ved stortings- og sametingsvalet i 2021

Stortinget vedtok i 2019 endringar i kravet til tal på omdelingsdagar frå fem dagar i veka til annankvar dag i ein to vekers syklus, det vil seie tre dagar den eine veka og to dagar den andre, jf. Prop. 102 L (2018–2019). Endringane får verknad frå juli 2020. Samferdselsdepartementet skreiv i proposisjonen at endringa i talet på omdelingsdagar i liten grad kjem til å påverke framsending av førehandsstemmer. Departementet understreka at det framleis vil vere dagleg innsamling av postsendingar frå Post i Butikk og terminalar og dagleg bokslegging av sendingar i postboksanlegga. Endringane som trer i kraft frå juli 2020, påverkar berre førehandsstemmer som anten blir sende som frimerkefrankerte brev som blir lagde i ei raud postkasse i ei distribusjonsrute, eller som blir utleverte andre stader enn i eit postboksanlegg. Samferdselsdepartementet understrekar at det vil vere viktig for kommunane å sikre at innlevering skjer på ein måte som sikrar dagleg innsamling. Departementet påpeiker også at det vil vere fordelaktig om adressa til valstyra er knytt til ei postboksadresse, slik at dagleg utlevering blir sikra. Dersom dette er umogleg å gjennomføre, viser Samferdselsdepartementet til at eit alternativ vil vere å sikre innsamling og utlevering ved statleg kjøp av ekspressstenester, slik Valdirektoratet gjorde ved valet i 2019.

5.3 Forslaget frå vallovutvalet

Utvalet meiner samla sett at ein eigen distribusjonsavtale vil vere det mest formålstenlege tiltaket for å unngå at førehandsstemmer kjem for seint fram. Utvalet viser til erfaringane frå kommunestyre- og fylkestingsvalet i 2019, og meiner at det bør gjerast tilsvarande avtalar ved kommande val.

5.4 Vurderingar og forslag frå departementet

På bakgrunn av erfaringane frå valet i 2019 og endringane i postlova før stortings- og sametingsvalet i 2021 anbefaler Valdirektoratet å utvide talet på dagar med ekspress-sending frå torsdag og fredag før valdagen til heile den siste veka i førehandsstemmeperioden. Det inneber at ingen førehandsstemmer skal sendast med ordinær brevpost måndag til fredag den siste veka før valdagen. Valdirektoratet anbefaler at dersom perioden blir utvida, bør opphenting av førehandsstemmer skje meir enn éin gong, for å sikre jamn distribusjon.

Departementet støttar anbefalinga frå direktoratet om å utvide avtalen og viser til at det framleis er enkelte førehandsstemmer som kjem for seint fram med ordinær postgang. Løysinga med ein eigen avtale om ekspress-sending sikrar ei trygg og riktig sending av førehandsstemmene. Slik departementet vurderer det, vil det vere formålstenleg å sikre at alle førehandsstemmene som er mottatt den siste veka før valdagen, blir sende på denne måten. Departementet viser til at tidlegare undersøkingar om for seint innkomne førehandsstemmer har vist at éi av årsakene til at førehandsstemmer kjem for seint fram, er feil hos valmedarbeidarane. Departementet understrekar at dersom ikkje ein slik avtale blir utvida, må kommunar få grundig opplæring og informasjon om at det er nødvendig å opprette postboks, i tillegg til rutinar for merking av førehandsstemmer og for tømning av postboksar. Departementet meiner det er større risiko for feil og forseinkingar dersom

førehandsstemmene som er mottatt måndag til onsdag den siste veka før valdagen, blir sende med ordinær postgang.

Departementet foreslår derfor å endre føresegna i valforskrifta § 27 åttande og niande ledd til å gjelde heile den siste veka i førehandsstemmeperioden. Departementet viser til at talet på førehandsstemmer vil vere høgare ved stortingsval enn ved kommunestyre- og fylkestingsval, og at det også derfor kan vere god grunn til å ha meir enn éi opphenting av stemmegivingar denne veka. Departementet viser likevel til at forsendingsavtalen og lokale avtalar om opphenting fungerte godt, og vil derfor ikkje forskriftsfeste eit krav om at kommunane skal bruke forsendingsavtalen eller nærmare krav til tal på sendingar eller opphentingar. Ei tilsvarande endring blir foreslått for sending av stemmer til sametingsval, jf. kapittel 9.1.

6. Digital utsending av valkort

6.1 Gjeldande rett

Det følger av vallova § 2-3 tredje ledd at valkort skal sendast til alle med stemmerett som er innførte i manntalet i kommunen, og som har bustadadresse innanriks, bortsett frå på Svalbard og Jan Mayen. Dei som er busette utanriks, på Svalbard eller på Jan Mayen, får dermed ikkje tilsendt valkort.

Valforskrifta kapittel 5 har nærmare føresegner om produksjon, utforming, utsending og bruk av valkort. Valforskrifta § 23 første ledd angir kva for opplysningar som skal gå fram av valkort som blir sende ut etter vallova § 2-3. I andre ledd i føresegna er det angitt kva for opplysningar som skal gå fram av valkort som stemmemottakaren skriv ut i samband med førehandsstemmer som skal leggest i ein stemmesetelkonvolutt.

6.2 Forsøk med elektronisk utsending av valkort i utvalde kommunar ved kommunestyre- og fylkestingsvalet i 2019

Ved kommunestyre- og fylkestingsvalet i 2019 blei det gjort forsøk med elektronisk utsending av valkort i nokre utvalde kommunar. Departementet fastsette forskrift om forsøk med elektronisk utsendelse av valkort 4. juli 2019. Forskrifta opphøyrd 31. desember 2019. 18 kommunar deltok i forsøket: Bergen, Bodø, Fredrikstad, Færder, Gjøvik, Gloppen, Grimstad, Hamar, Hå, Lillesand, Skien, Skaun, Stjørdal, Tromsø, Ulstein, Vadsø, Vanylven og Vågan.

Alle med stemmerett som var innførte i manntalet i dei utvalde kommunane, og som ikkje stod oppførte som reserverte i registeret over digital kontaktinformasjon og reservasjon, fekk tilgang til valkortet elektronisk.

Personar med stemmerett som dei siste 18 månadene ikkje hadde oppdatert opplysningar om seg sjølve eller stadfesta at opplysningane i registeret over digital kontaktinformasjon og reservasjon var korrekte, fekk tilsendt valkort på papir.

Valkortet blei tilgjengeleg for dei med stemmerett ved innlogging på internettsida til Valdirektoratet. Valkort blei sende elektronisk til den digitale postkassa for dei med stemmerett som hadde oppretta slik postkasse.

På oppdrag frå Valdirektoratet har Opinion gjennomført ei evaluering av forsøket med elektronisk utsending av valkort. Av undersøkinga går det fram at sju av ti som mottok valkort elektronisk, opna det. Det går vidare fram at 55 prosent opna det i Digipost, og at seks av ti las informasjonen på valkortet. 51 prosent brukte valkortet for å stemme. Tre av fire ønsker å få valkortet tilsendt elektronisk ved neste val.

I valgjennomføringsundersøkinga oppgav 73 prosent av kommunane som deltok i forsøket, at veljarar hadde behov for rettleiing og informasjon om det digitale valkortet i vallokalet. Like mange kommunar opplevde stor pågang frå veljarar som hadde spørsmål om det digitale valkortet før valgjennomføringa. Halvparten av kommunane som var med i forsøket, fortalde at dei opplevde kø i vallokalet som direkte følge av at veljarar brukte det digitale valkortet. 68 prosent av alle kommunane i undersøkinga er positive eller svært positive til ordninga med digitale valkort. Berre elleve av kommunane som svarte, er negative eller svært negative til ordninga.

6.3 Vurderinga til vallovutvalet

Vallovutvalet ser positivt på å innføre elektronisk utsending av valkort. Utvalet viser til at elektronisk utsending vil vere i tråd med forvaltningslova § 15 a, som fastslår at digital kommunikasjon skal vere hovudregelen.

6.4 Vurderingar og forslag frå departementet

Departementet har vurdert gjennomføringa av forsøk med elektronisk utsending av valkort i utvalde kommunar. Eit klart fleirtal av kommunane i undersøkinga er positive til ordninga med elektronisk utsending av valkort. Det var fleire årsaker til at departementet valde å gjennomføre forsøket. Ei elektronisk utsending av valkort er i tråd med digitaliseringsrundskrivet, som stiller krav om bruk av digital postkasse for utsending av post til innbyggjarar som har valt digital postkasse, og som ikkje har reservert seg. Utsending av valkort elektronisk i staden for på papir reduserer kostnadene til produksjon og utsending og har miljømessige konsekvensar i form av redusert bruk av papir og distribusjon. Det digitale valkortet kan nå fleire veljarar, og det vil vere lettare tilgjengeleg for blinde og svaksynte enn valkortet på papir, og vil vere i tråd med FN sin konvensjon om rettane til menneske med nedsett funksjonsevne.

Departementet foreslår ei ny føresegn i valforskrifta som fastslår at valkort blir sende elektronisk til alle med stemmerett som er innførte i manntalet, og som er busette innanriks, med unntak av Svalbard og Jan Mayen. Personar med stemmerett som er busette utanriks, på Svalbard eller på Jan Mayen, får dermed heller ikkje tilsendt valkort elektronisk.

Personar med stemmerett som har reservert seg mot elektronisk post i registeret over digital kontaktinformasjon og reservasjon, eller som ikkje har oppdatert eller stadfesta kontaktinformasjon i registeret dei siste 18 månadene, vil framleis motta valkort på papir i posten.

Departementet meiner det er få ulemper med ordninga. Departementet viser til at det er mogleg enkelte veljarar er usikre på om dei har oppretta digital postkasse, eller at dei ikkje er komfortable med å bruke det digitale valkortet i vallokalet. Valgjennomføringsundersøkinga viste at veljarar hadde behov for rettleiing og informasjon om det digitale valkortet, både i vallokalet og på førehand. Departementet meiner dette er naturleg, da det var ei forsøksordning som ikkje alle veljarar hadde kjennskap til på førehand. Departementet understrekar at det ikkje er nødvendig å ha med valkortet for å stemme, berre legitimasjon. Veljarar som er usikre på korleis dei hentar fram valkortet, vil kunne få hjelp i vallokalet av ein valfunksjonær.

Departementet meiner det er mange fordeler ved ordninga, og foreslår å innføre digitale valkort som ei permanent ordning. Som vist i kapittel 11, kan utsending av digitale valkort til alle veljarar føre til ei potensiell innsparing på 14,2 millionar kroner.

Departementet foreslår som følge av forslaget om elektronisk utsending av valkort ei ny føresegn i valforskrifta om kva for opplysningar som skal gå fram på valkort som blir sende ut elektronisk.

7. Krav om stempel ved mottak av stemmer som er gitt utanriks

7.1 Gjeldande rett

Kravet om at stemmesetlar skal stemplast med eit offentleg stempel, blei innført i 2002, jf. Ot.prp. nr. 45 (2001–2002). Det blei da innført eit krav om at stemmesetlar gitt på valtinget, skal stemplast med eit offisielt stempel. Stempelet erstatta bruken av stemmesetelkonvolutt. Kravet om stempel på stemmesetlar gitt i førehandsstemmegivinga innanriks, på Svalbard og på Jan Mayen, blei innført i 2013, jf. Prop. 52 L (2012–2013).

I samband med innføringa av krav til stempel på stemmesetelen i førehandsstemmegivinga foreslo departementet ein regel i valforskrifta § 39 a om at stemmesetlar i stemmesetelkonvolutt som ved ein feil ikkje blei stempla idet stemma blei gitt, skal stemplast av valfunksjonæren når konvolutten blir opna og innhaldet kontrollert. Vallova § 8-4 beskriv nærmare framgangsmåten ved førehandsstemmegivinga. I enkelte tilfelle blir stemmesetelkonvolutt framleis brukt, jf. vallova § 8-4 tredje, fjerde og femte ledd.

Valforskrifta § 27 beskriv nærmare framgangsmåten ved førehandsstemmegivinga. Det er ikkje eit krav at førehandsstemmer som blir gitt utanriks, skal påførast stempel av stemmemottakaren, jf. forskrifta § 27 sjette ledd.

Stemmesetlar skal teljast manuelt i den foreløpige oppteljinga etter vallova §§ 10-4 femte ledd og 10-5, jf. valforskrifta § 37 a. I den endelege oppteljinga kan stemmesetlane teljast enten manuelt eller maskinelt. Også kontrollen ved fylkesvalstyra kan gjerast ved maskinell teljing. Valforskrifta § 40 a stiller krav om at valstyret skal påføre stempel på stemmesetlar som er gitt utanriks, dersom dei skal teljast maskinelt. Bakgrunnen for føresegna er at den maskinelle teljinga registrerer om stemmesetelen er stempla eller ikkje. Det er ikkje eit vilkår for godkjenning av stemmer som er gitt utanriks, at stemmesetelen har stempel.

7.2 Bakgrunnen for forslaget

Alle stemmesetlar blir ved stortingsval talde maskinelt i kontrollteljinga hos fylkesvalstyra. Det inneber at alle stemmesetlar ved stortingsval må påførast stempel. Ved lokalval blir stemmesetlane talde av kommunane to gonger. Dersom stemmesetlane berre skal teljast for hand, er det ikkje nødvendig med stempel på stemmesetlar med stemmer som er gitt utanriks.

Departementet har fått ein førespurnad frå fylkesvalstyret i Viken, som ønsker ei endring av denne føresegna. Bakgrunnen er at fylkesvalstyret i Viken opplevde at fleire brevstemmer til fylkestingsvalet var ustempla. Fylkesvalstyret meiner det er sannsynleg at dette er stemmesetlar som skulle vore godkjende. Dei viser til at fleire kommunar i Viken tel manuelt, og at desse kommunane ifølge føresegna ikkje skal stemple stemmesetlar med stemmer som er gitt utanriks til kommunestyre- og fylkestingsvalet. Fylkesvalstyret viser til at alle fylka tel stemmesetlane til fylkestingsvalet maskinelt, og meiner dette kan ha ført til at veljarar blir fråtatt stemmeretten.

7.3 Vurderingar og forslag frå departementet

Departementet viser til at behovet for stempel er likt for stemmesetlar til stortingsval og fylkestingsval. Både stemmesetlane til stortingsval og stemmesetlane til fylkestingsval blir talde maskinelt av fylkesvalstyra. Det er derfor nødvendig at kommunane som tar imot stemmene som er gitt utanriks, påfører stempel på desse stemmesetlane både til stortingsvalet og til fylkestingsvalet.

Departementet er einig med fylkesvalstyret i Viken i at det er svært uheldig dersom stemmesetlar blir forkasta på grunn av ein rutinefeil i kommunen. Departementet legg vekt på at så få forhold rundt stemmegivingar og stemmesetlar som mogleg skal føre til at stemmer blir forkasta.

Departementet viser til at føresegnene i §§ 39 a og 40 a sikrar at stemmesetlar som er mottatt i stemmesetelkonvolutt, ikkje blir feilaktig forkasta på grunn av dette. Manglande offentlig stempel var den vanlegaste grunnen til at stemmer blei forkasta ved stortingsvalet i 2017.

Departementet viser til at kommunane behandlar to typar stemmesetlar ved gjennomføringa av kommunestyre- og fylkestingsvalet. Stemmesetlane til kommunestyrevalet blir talde berre i kommunen, medan stemmesetlane til fylkestingsvalet blir kontrolltalde i fylkeskommunen. Departementet vil ikkje tilrå ein eigen rutine berre for fylkestingsvalet, slik at valstyret berre stemplar stemmesetlar til fylkestingsvalet.

Departementet foreslår på bakgrunn av dette at alle stemmesetlar med stemmer som er gitt utanriks, og som manglar stempel, skal stemplast av valstyret, uavhengig av teljemetoden kommunen bruker.

8. Utforminga av stemmesetelen

8.1 Bakgrunnen for forslaget

Departementet har i tildelingsbrevet for 2020 gitt Valdirektoratet i oppdrag å vurdere om det er behov for å gjere endringar i utforminga av stemmesetlane for å gjere dei betre tilpassa maskinell oppteljing (skanning). Valdirektoratet har anbefalt to endringar på stemmesetelen for stortingsval. Direktoratet opplyser om at utforminga av stemmesetelen er ein del av arbeidet med tilgjengelegheit ved val for veljarar med nedsett funksjonsevne, og at dei vil involvere brukarorganisasjonar i det vidare arbeidet. Forslaga nedanfor skal ikkje føre til dårlegare tilgjengelegheit for veljarar med nedsett funksjonsevne.

8.2 Erstatte grå kantlinjer med oransje

Fleire kommunar og fylkeskommunar oppgav at svært mange stemmesetlar måtte verifiserast manuelt under den maskinelle oppteljinga i 2019, jf. kapittel 10.1. Valdirektoratet har gjennomført analysar som viser at ei vanleg årsak til at stemmesetlar måtte verifiserast manuelt, var knytt til bruken av grå kantlinjer i dei felta på stemmesetelen som veljarane kan gjere endringar i. Ved stortingsval gjeld dette felta for renummerering og stryking på kvar side av kandidatnamnet. Direktoratet har gjennomført testar med ulike farger på kantlinjene for å forbetre tolkinga og foreslår at kantlinjene blir endra til oransje, da denne fargen gjer det lettare for tolkingmotoren å isolere rettingane frå veljarane.

8.3 Felt for partinamn på samisk

Det følger av valforskrifta § 12 at registrerte politiske parti kan velje å føre opp partinamnet på samisk i tillegg til partinamnet på bokmål eller nynorsk. Valdirektoratet opplyser om at kommunane registrerer dette hos trykkeriet og ikkje i valadministrasjonssystemet EVA. Det samiske partinamnet har blitt trykt øvst til venstre på innsida av stemmesetelen.

Valdirektoratet har utvikla ein funksjon i EVA som inneber at partinamnet på bokmål eller nynorsk skal kunne kontrollerast mot partinummet på stemmesetelen ved oppteljing ved bruk av skanning. Å samanlikne partinamn med partinummet gir ein ekstra kontroll av validiteten til stemmesetelen og ei sikrare og meir korrekt oppteljing.

Dersom ein slik kontroll skal utførast lik dagens praksis med trykking av partinamnet på samisk til venstre på innsida av stemmesetelen, vil det føre til at stemmesetlar som også har partinamnet på samisk, må verifiserast manuelt ved skanninga.

Valdirektoratet anbefaler derfor å innføre eit felt for partinamnet på samisk øvst på høgre side av innsida av stemmesetelen. For parti som ikkje oppgir partinamnet på samisk, vil partinamnet på bokmål eller nynorsk bli gjentatt på høgre side av innsida av stemmesetelen. Direktoratet vil sørge for at det samiske partinamnet kan registrerast i valadministrasjonssystemet EVA.

Krav til stemmesetelen ved stortingsval er fastsette i valforskrifta § 19 b. Forslaget til endring medfører inga endring i forskriftsteksten, men det må takast inn nye bilete av stemmesetelen i forskrifta, jf. illustrasjon av innsida av stemmesetelen i kapittel 12.

Endringa vil gjere det enklare å registrere partinamnet på samisk i tillegg til bokmål eller nynorsk. I tillegg vil endringa legge til rette for bruk av funksjonen i EVA for å kontrollere partinamnet på bokmål eller nynorsk med partinummet på stemmesetelen ved skanning. Rettleiingsteksten, som i dag står øvst på høgre side av innsida av stemmesetelen, blir flytta til botnen av innsida av stemmesetelen. Forslaget inneber ei forenkling for kommunane og har ingen vesentlege konsekvensar for veljarane.

9. Endringar i forskrift om valg til Sametinget

9.1 Sending av førehandsstemmer

9.1.1 Gjeldande rett

Førehandsstemmegivinga til sametingsvalet kan gå føre seg til og med siste fredag før valdagen, jf. forskrift om valg til Sametinget, jf. vallova § 8-1 første ledd. Det er ikkje fastsett noko klokkeslett for når stemmegivinga må avsluttast denne dagen. Fristen for når førehandsstemmer må vere komne inn til valstyret for å bli godkjende og talde med i valoppgjeret, blei flytta frå kl. 21 på valdagen til kl. 17 dagen etter valdagen ved ei forskriftsendring i 2017, jf. forskrift om valg til Sametinget § 56 bokstav g. Bakgrunnen for dette var vedtakinga av ny postlov, som medførte at Posten ikkje lenger har leveringsplikt på laurdagar. For nærmare omtale av endringane i postlova og konsekvensane det har for sending av førehandsstemmer, sjå kapittel 5.

9.1.2 Vurderinga til departementet

I kapittel 5 foreslår departementet at førehandsstemmer skal sendast på ein raskare måte enn med vanleg brevpost den siste veka i førehandsstemmeperioden. Dette sikrar at så mange førehandsstemmer som mogleg kjem fram til kommunane innan fristen for godkjenning. Departementet foreslår ei tilsvarande endring i forskrift om valg til Sametinget § 43 åttande og niande ledd.

9.2 Refusjon av kostnader for opteljing

9.2.1 Gjeldande rett

Forskrift om valg til Sametinget har i § 86 ei føresegn om utgifter til sametingsvalet. Av første ledd i føresegna følger det at utgiftene til opteljingsvalstyra blir dekte av statskassa med 28 kroner per registrert i valmanntalet i valkretsen. I tillegg blir utgiftene til Sametingets valnemnd for gjeremål etter samelova og forskrift om valg til Sametinget dekte, jf. andre ledd i føresegna.

9.2.2 Vurderinga til vallovutvalet

Utvalet meiner at opteljingsvalstyra i større grad bør få dekt utgiftene sine ved val.

9.2.3 Vurderinga til departementet

Storleiken på utgiftene til opteljingsvalstyret som blir dekte av statskassa, blei sist auka i 2008, frå 25 til 28 kroner. Departementet foreslår at utgiftene som blir dekte, bør aukast i samsvar med

konsumprisindeksen til 36 kroner per registrert i valmanntalet i valkretsen. Ei justering av beløpet bør i framtida vurderast før kvart sametingsval.

9.3 Rett til assistanse ved stemmegiving

9.3.1 Gjeldande rett

Forskrift om valg til Sametinget har tilsvarande føresegner som vallova om assistanse ved stemmegivinga for veljarar med alvorleg fysisk og psykisk funksjonsnedsetting. Forskrifta § 43 om framgangsmåten ved førehandsstemmegivinga viser til at vallova § 8-4 åttande ledd gjeld tilsvarande. Forskrifta har i § 50 fjerde ledd ei føresegn som er identisk med vallova § 9-5 femte ledd.

9.3.2 Vurderinga til departementet

I kapittel 3 foreslår departementet å oppheve kravet om at veljarar med alvorleg psykisk eller fysisk funksjonsnedsetting må ha med seg ein representant frå dei valansvarlege inn i stemmeavlukket. Desse veljarane vil etter forslaget kunne få assistanse av ein eigen utpeikt hjelpar. Departementet meiner at dei same reglane for assistanse for veljarar som på grunn av psykisk og fysisk funksjonsnedsetting ikkje kan stemme aleine, bør gjelde ved sametingsval, og foreslår ei tilsvarande endring i forskrift om valg til Sametinget § 50 fjerde ledd.

10. Kommunestyre- og fylkestingsvalet 2019

10.1 Evaluering av valgjennomføringa

10.1.1 Innleiing

På oppdrag frå departementet har Oslo Economics gjennomført ei evaluering av Valdirektoratets tenester til kommunar og fylkeskommunar ved kommunestyre- og fylkestingsvalet i 2019. Oslo Economics har samtidig gjennomført ei undersøking som samlar inn informasjon og statistikk om den praktiske gjennomføringa i kommunane og fylkeskommunane (valgjennomføringsundersøkinga). Formålet med denne undersøkinga er mellom anna å få tidsseriedata for korleis kommunane gjennomfører valet. Funna blir også brukte som innspel til eventuelle forslag til endringar i regelverket på valområdet. Formålet med evalueringa er også å belyse om Valdirektoratet har løyst oppgåvene sine på ein formålstenleg måte, og å få kartlagt korleis kommunane vurderer tenestene direktoratet leverer til dei. Evalueringa gjeld bruken av valadministrasjonssystemet EVA, opplæring av valansvarlege, brukarstøtte til kommunar og fylkeskommunar og informasjonsarbeidet til Valdirektoratet. Rapportane frå begge undersøkingane finst på nettsidene til departementet².

10.1.2 Stor tilfredsheit med tenestene til Valdirektoratet

Evalueringa viser at over 90 prosent av kommunane er fornøgde eller svært fornøgde med tenestene Valdirektoratet har levert før og under gjennomføringa av valet. Den samla tilfredsheitsscoren for alle tenestene og løysingane er 4,3 på ein skala frå 1 til 5.

EVA Admin, som er ein del av valadministrasjonssystemet EVA, får særleg høg score. Systemet blir brukt til ei rekke oppgåver i den administrative gjennomføringa av valet (grunnlagsdata, listeforslag, manntal, mottak av førehandsstemmer, elektronisk avkryssing på valdagen, valoppgjær etc.). Respondentane i undersøkinga gir EVA Admin ein score på 5,4 på ein skala frå 1 til 6.

² <https://www.regjeringen.no/id2686454/>

Eit stort fleirtal av respondentane oppgir at kvaliteten på tenestene til Valdirektoratet har blitt betre sidan det førre valet. Kommunane gir mellom anna ein høgare score for opplæringa i 2019 enn ved evalueringa av stortingsvalet i 2017.

Evalueringa viser at tilfredsheita når det gjeld EVA Skanning, har gått noko ned samanlikna med evalueringa i 2017. EVA Skanning er programvara som blir brukt til gjennomføring av maskinell oppteljing. Fleire kommunar gav tilbakemelding om at dei meiner tolkingsmotoren i løysinga bør forbedrast. Kommunane opplevde at fleire stemmesetlar enn forventa måtte tolkast manuelt av ein valmedarbeidar i staden for at tolkingsmotoren gjorde dette. Mange kommunar gav også tilbakemelding om at programvara ikkje var tilstrekkeleg testa og kvalitetssikra i direktoratet.

10.1.3 Funn frå valg gjennomføringsundersøkinga

Valg gjennomføringsundersøkinga gir departementet nyttige data om korleis kommunane gjennomfører valet lokalt. Spørsmåla i denne undersøkinga er ikkje knytte til tenestene til Valdirektoratet, men dreier seg om lokal organisering av valet og andre praktiske spørsmål.

I 2019 blei kommunane stilt spørsmål mellom anna om avtalen med sending av førehandsstemmer (jf. kapittel 5), digitale valkort (jf. kapittel 6), kommunesamanslåing og manuell oppteljing av stemmesetlar. Erfaringa med bruk av digitale valkort er omtalt i kapittel 6.

Sending av førehandsstemmer

Nesten alle kommunane var fornøgde med bruken av avtalen Valdirektoratet inngjekk med Bring om ekspress-sending av førehandsstemmer.

Kommunesamanslåing

Kommunane blei i undersøkinga spurde om samarbeidet om valg gjennomføringa mellom kommunar som skal slå seg saman, fungerte bra. Det var berre tre kommunar som svarte at samarbeidet var dårleg eller svært dårleg. Det var derimot elleve kommunar som svarte at samanslåinga skapte store eller svært store utfordringar. Dei peikte da på at valorganisasjonane hadde ulik kultur og ulike rutinar, og at det var store avstandar og mange vallokale.

Manuell foreløpig oppteljing av stemmesetlar

24 prosent av kommunane som svarte på undersøkinga, oppgir at manuell oppteljing har vore utfordrande å innfri. Fleire store kommunar er representerte i denne kategorien. Dei trekker fram at det krev betydelege menneskelege ressursar, tid og plass. Enkelte kommunar meiner i tillegg at manuell teljing bidrar til mistillit til valsystemet fordi det alltid vil vere til dels betydelege avvik mellom manuell og maskinell teljing. Samtidig svarer 74 prosent av kommunane at dette kravet ikkje var utfordrande å innfri.

10.1.4 Oppfølging av evalueringane

Departementet gav Valdirektoratet i tildelingsbrevet for 2020 i oppdrag å følge opp evalueringa av gjennomføringa av kommunestyre- og fylkestingsvalet i 2019 innanfor alle tenestemråda til direktoratet. Forslag til oppfølging av evalueringa blei sende til departementet i februar 2020. Direktoratet har gått igjennom alle evalueringane og vurdert dei opp mot dei aktuelle tenestene. Direktoratet opplyser om at dei vil prioritere å forbedre programvara for skanning av stemmesetlar, større sikkerheit i dataløysingane og vidareutvikling av informasjonstiltak.

10.2 Tiltaksplan for å auke motstandsdyktigheita mot utanlandsk påverknad

Regjeringa arbeider kontinuerleg med å vareta og styrke sikkerheita i valg gjennomføringa.

Regjeringa oppretta i forkant av kommunestyre- og fylkestingsvalet i 2019 ei breitt samansett arbeidsgruppe med mandat til å utarbeide ein tiltaksplan for å styrke motstandsdyktigheita mot påverknadskampanjar og hybride truslar mot valgjennomføringa. Arbeidsgruppa blei leia av Kommunal- og moderniseringsdepartementet og hadde representantar frå Forsvarsdepartementet, Justis- og beredskapsdepartementet, Utanriksdepartementet, Valdirektoratet, Politiets sikkerheitsteneste (PST), Nasjonal sikkerheitsmyndigheit (NSM), Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap (DSB), Etterretningstenesta (E-tenesta) og Medietilsynet.

Regjeringa lanserte i juni 2019 ein tiltaksplan med ti tiltak som skulle styrke motstandsdyktigheita mot slike truslar i valgjennomføringa.³ Planen blei utarbeidd med utgangspunkt i det gjeldande trusselbiletet.

Blant tiltaka var utlysinga av eit forskingsoppdrag om kartlegging av utanlandsk informasjonspåverknad under valet. Kommunal- og moderniseringsdepartementet inngjekk kontrakt med SINTEF, som leverte rapporten i november 2019. SINTEF baserte undersøkingane sine på opne kjelder og gjennomførte ein systematisk analyse av nokre utvalde digitale plattformer. Rapporten viser at dei ikkje fann nokon klare teikn til utanlandsk påverknad ved kommunestyre- og fylkestingsvalet på dei utvalde plattformene.⁴

Eit anna tiltak som blei gjennomført, var ein kampanje frå Medietilsynet om korleis befolkninga kan avdekke falske nyheter, og ein kvalitativ studie av politisk påverknad av førstegongsveljarar på sosiale medium.⁵ I tillegg blei det sendt ut ein brosjyre til alle listekandidatar ved kommunestyre- og fylkestingsvalet i juli 2019. Brosjyren gav konkrete tips for å unngå påverknad og hindre at informasjon kjem på avveggar. Brosjyren blei utarbeidd av NSM, Etterretningstenesta og PST, og var ein revidert versjon av brosjyren som blei send ut ved stortingsvalet i 2017.

Arbeidet for å vareta og styrke sikkerheita i valgjennomføringa blir vidareført fram mot stortings- og sametingsvalet i 2021. Deltakarane i arbeidsgruppa opplever at den tverrdepartementale dialogen er styrkt, og at vi no er betre rusta til å kunne bidra til ein meir koordinert respons dersom uønskte hendingar skulle inntreffe. Arbeidsgruppa er vidareført med eit revidert mandat, og vil jobbe vidare for å styrke sikkerheita mot samansette truslar fram mot stortingsvalet i 2021. Gruppa vil foreslå nye tiltak dersom det er behov for det.

11. Økonomiske og administrative konsekvensar

Ombodspålykt ved stortingsval

Forslaget i kapittel 2 om endring av ombodspålykta ved stortingsval inneber ikkje økonomiske eller administrative konsekvensar av vesentleg grad.

Rett til assistanse ved stemmegiving

Forslaget i kapittel 3 om endringar i føresegnene om assistanse ved stemmegiving for veljarar med alvorleg psykisk eller fysisk funksjonsnedsetting vil krevje grundig opplæring frå både Valdirektoratet og kommunane. Valdirektoratet må gjennom opplærings- og informasjonsarbeidet sørge for at veljarane og kommunane har kunnskap om retten til assistanse for denne veljargruppa. Kommunane

³ <https://www.regjeringen.no/no/aktuelt/ti-tiltak-for-hindre-uonsket-pavirkning-i-valggjennomforingen/id2661220/>

⁴ Grøtan, Tor Olav m.fl. (2019): På leting etter utenlandsk informasjonspåverknad. En analyse av det norske kommunestyre- og fylkestingsvalget 2019. SINTEF-rapport 2019:01292. <https://www.regjeringen.no/id2686450/> på oppdrag frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

⁵ Medietilsynet (2019): Til felles kamp mot falske nyheter. <https://medietilsynet.no/om/aktuelt-2019/felles-kamp-mot-falske-nyheter/>

må sørge for at alle stemmestyra får informasjon og opplæring i den nye regelen. Forslaget har ingen økonomiske konsekvensar.

Oversending av materiell frå kommunen til fylkeskommunen

Departementet foreslår i kapittel 4 å oppheve føresegna om at valkort frå førehandsstemmegivinga skal oversendast frå kommunane til fylkeskommunane. Forslaget har ingen økonomiske eller administrative konsekvensar.

Sending av førehandsstemmer

Valdirektoratet vil som i 2019 utlyse ein avtale for sending av førehandsstemmer som alle kommunar kan nytte seg av. Forslaget i kapittel 5 om at alle førehandsstemmer som er mottatt den siste veka før valet, skal sendast på ein raskare måte enn med ordinær brevpost, inneber at kommunane må nytte seg av avtalen Valdirektoratet inngår, eller på annan måte sørge for at stemmene kjem fram innan fristen. Forslaget inneber at kommunane ikkje må betale for sendingane i form av porto den siste veka før valdagen.

Endringa vil føre til betydeleg auka kostnader samanlikna med valet i 2019. Valdirektoratet har oppgitt at kostnadene for ordninga i 2019 var 1 770 570 kroner. Dersom ordninga blir utvida til å gjelde heile veka før valdagen, har Valdirektoratet anslått kostnadene til om lag 4 600 000 kroner. Dette beløpet tar høgde for meir enn éi opphenting av førehandsstemmer per kommune.

Direktoratets anslag for kostnader til sending av førehandsstemmer til sametingsvalet varierer frå om lag 25 000 til 75 000 kroner, avhengig av omfang og kvar stemmene skal til og frå. Det var i 2017 i underkant av 5 900 førehandsstemmer. Berre nokre av desse blei sende vidare til andre kommunar, og berre nokre av desse igjen blei sende den siste veka i førehandsstemmeperioden. Det vil også vere mogleg å pakke desse stemmene saman med stemmene til stortingsvalet, noko som vil kunne gjere kostnadene lågare.

Digital utsending av valkort

For forslaget i kapittel 6 om digital utsending av valkort har Valdirektoratet tatt utgangspunkt i tre millionar personar med stemmerett ved stortingsvalet i 2021. Det er tatt høgde for at 500 000 veljarar har reservert seg mot offentleg digital kommunikasjon, noko som inneber at dei får valkortet tilsendt på papir. Direktoratet har sendt departementet eit overslag som viser at utsending av digitale valkort til alle veljarar kan føre til ei potensiell innsparing på 14,2 millionar kroner.

Departementet overtok ansvaret for produksjon og utsending av valkort i forkant av kommunestyre- og fylkestingsvalet i 2015, jf. Prop. 83 L (2014–2015). Det innebar ei innsparing for kommunane på 18 millionar kroner, som blei trekt frå rammetilskotet til kommunane. Departementet viser til at kostnaden ved digital utsending av valkort er lågare enn ved utsending av papirvalkort. Dette frigjer midlar til å dekke heile meirkostnaden for sending av førehandsstemmer innanfor dagens budsjettammer.

Krav om stempel ved mottak av stemmesetlar med stemmer som er gitt utanriks

Departementet foreslår i kapittel 7 at alle stemmesetlar med stemmer som er gitt utanriks, skal påførast stempel. Forslaget vil kunne føre til at færre stemmesetlar blir feilaktig forkasta. Valdirektoratet må gjennom opplæringa sørge for at alle kommunane er informerte om denne endringa. Forslaget har ingen økonomiske konsekvensar.

Utforminga av stemmesetelen

Forslaget i kapittel 8 om endringar på stemmesetelen er ei av kjerneoppgåvene til Valdirektoratet og blir gjennomført som ein del av utviklingsarbeidet som skjer mellom kvart val. Forslaget inneber ei forenkling for kommunane og har ingen vesentlege konsekvensar for veljarane.

Endringar i forskrift om valg til Sametinget

Departementet foreslår i kapittel 19 å auke refusjonsbeløpet til oppteljingsvalstyra for sametingsvalet. Totalt er 18 103 personar skrivne inn i valmanntalet per 30. juni 19. Ein auke frå 28 kroner til 36 kroner per registrert i manntalet vil medføre ein meirkostnad på 144 824 kroner. Kostnaden kan dekkast innanfor dei gjeldande rammene til departementet.

12. Forslag til lov- og forskriftsendringar

Forslag til endringar i vallova

I lov 28. juni 2002 nr. 57 om valg til Stortinget, fylkesting og kommunestyre blir desse endringane gjorde:

§ 3-2 første ledd bokstav c skal lyde:

c) den som har avgitt skriftlig erklæring om at vedkommende ikke ønsker å stå på den aktuelle valglisten.

§ 8-4 åttande ledd skal lyde:

(8) En velger som på grunn av psykisk eller fysisk funksjonsnedsettelse ikke kan stemme alene, kan etter eget ønske få hjelp av en stemmemottaker eller en annen person som velgeren selv peker ut. Stemmemottaker skal gjøre hjelperen oppmerksom på at vedkommende har taushetsplikt.

§ 9-5 femte ledd skal lyde:

(5) En velger som på grunn av psykisk eller fysisk funksjonsnedsettelse ikke kan stemme alene, kan etter eget ønske få hjelp av en stemmemottaker eller en annen person som velgeren selv peker ut. Stemmemottaker skal gjøre hjelperen oppmerksom på at vedkommende har taushetsplikt.

§ 9-5 sjetten ledd skal lyde:

(6) Hvis et stemmestyremedlem eller en valgfunksjonær på valgtinget mener at velgeren ikke oppfyller kravene til å motta hjelp etter femte ledd første punktum, avgjør stemmestyret om velgeren oppfyller kravene.

Noverande sjetten ledd blir nytt sjuande ledd.

§ 10-8 første ledd bokstav c blir oppheva. Noverande første ledd bokstav d blir første ledd bokstav c. Noverande første ledd bokstav e blir første ledd bokstav d. Noverande første ledd bokstav f blir første ledd bokstav e.

Forslag til endringer i valforskrifta

I forskrift 2. januar 2003 nr. 5 om valg til Stortinget, fylkesting og kommunestyre blir desse endringane gjort:

§ 19b sjette ledd skal lyde:

(6) Stemmeseddelen skal ha forskutt falsing. Etter falsing skal størrelsen på stemmeseddelen være bredde 150 x høyde 203 millimeter. Den skal være trykket på 90 gram ubestrøket hvitt papir.

Stemmeseddelen skal se slik ut:

Navn på partiliste Stortingsvalget 20xx i valgdistrikt		Navn på partiliste Stortingsvalget 20xx i valgdistrikt	
Nr	Stryk	Nr	Stryk
1. <input type="checkbox"/> Olivia Halvorsen f. 1990	<input type="checkbox"/>	16. <input type="checkbox"/> Bib Liotek f. 1990	<input type="checkbox"/>
2. <input type="checkbox"/> Kaj Varansen f. 1990	<input type="checkbox"/>	17. <input type="checkbox"/> Under Stell f. 1990	<input type="checkbox"/>
3. <input type="checkbox"/> Kristian Hansen f. 1990	<input type="checkbox"/>	18. <input type="checkbox"/> Siri Karlsen f. 1991	<input type="checkbox"/>
4. <input type="checkbox"/> Sati Riksen f. 1990	<input type="checkbox"/>	19. <input type="checkbox"/> Tor Kristiansen f. 1927	<input type="checkbox"/>
5. <input type="checkbox"/> Kjell Tring f. 1990	<input type="checkbox"/>	20. <input type="checkbox"/> Anders Eriksen f. 1999	<input type="checkbox"/>
6. <input type="checkbox"/> Guri Malla f. 1990	<input type="checkbox"/>	21. <input type="checkbox"/> Helle Larsen f. 2001	<input type="checkbox"/>
7. <input type="checkbox"/> Lire Kasse f. 1990	<input type="checkbox"/>	22. <input type="checkbox"/> Nette Kristensen f. 2007	<input type="checkbox"/>
8. <input type="checkbox"/> Andrea Jensen f. 1990	<input type="checkbox"/>	23. <input type="checkbox"/> Labbe Tuss f. 1987	<input type="checkbox"/>
9. <input type="checkbox"/> Maren Henriksen f. 1990	<input type="checkbox"/>	24. <input type="checkbox"/> Stein Galle f. 2005	<input type="checkbox"/>
10. <input type="checkbox"/> Vidar Lund f. 1990	<input type="checkbox"/>	25. <input type="checkbox"/> Mysild Bergsprekken f. 2009	<input type="checkbox"/>
11. <input type="checkbox"/> Ake Brett f. 1990	<input type="checkbox"/>		
12. <input type="checkbox"/> Kari Krigsmann f. 1990	<input type="checkbox"/>		
13. <input type="checkbox"/> Turn Us f. 1990	<input type="checkbox"/>		
14. <input type="checkbox"/> Ting Og Tang f. 1990	<input type="checkbox"/>		
15. <input type="checkbox"/> Per Son f. 1990	<input type="checkbox"/>		

8100010101000007100697 99699999

• Se veiledning på baksiden • Brett stemmeseddel med farget side ut

VEILEDNING

Vil du endre på stemmeseddelen kan du:

- **Endre rekkefølge på kandidater**
Det gjør du ved å sette ønsket nummer i ruten FORAN navnet til kandidaten. Du kan endre rekkefølgen på så mange kandidater du vil.

Nr		Stryk
13.	<input type="text" value="10"/> Eva Påveiopp <small>Oslo, f. 1958</small>	<input type="checkbox"/>

- **Stryke kandidater**
Det gjør du ved å sette kryss i ruten BAK kandidatnavnet. Du kan stryke så mange kandidater du vil.

Nr		Stryk
2.	<input type="checkbox"/> Sture Påveiu <small>Oslo, f. 1958</small>	<input checked="" type="checkbox"/>

Andre måter å endre på vil ikke telle ved valgoppgjøret.
Bruk svart eller blå penn. Skriv tydelig.

Stempelfelt

BRETT DENNE SIDEN UT

BRETT HER

T

Ny § 22a skal lyde:

§ 22a Elektronisk utsendelse av valgkort

(1) Valgkort skal gjøres elektronisk tilgjengelig for alle stemmeberettigede nevnt i valgloven § 2-3 tredje ledd og som ikke står oppført som reservert i register over digital kontaktinformasjon og reservasjon. Dersom opplysninger om den enkelte stemmeberettigede i register over digital kontaktinformasjon og reservasjon ikke har blitt oppdatert eller bekreftet at de er korrekte de siste 18 månedene, skal opplysningene ikke brukes til elektronisk utsendelse av valgkort.

(2) Valgkort skal gjøres tilgjengelig for de stemmeberettigede ved innlogging på Valgdirektoratets internettside. Valgkort skal sendes til digital postkasse dersom den stemmeberettigede har opprettet slik postkasse.

Ny § 22b skal lyde:

§ 22b Utforming av valgkort som sendes elektronisk

(1) Følgende opplysninger skal framgå av valgkort som blir sendt elektronisk:

- Hvilket valg og år det gjelder for,*
- Velgerens navn, adresse og fødselsår,*
- Navn på den kommunen velgeren er manntallsført i,*
- Krets, rode, side, linje, manntallsnummer, kommunenummer og*
- Adresse og åpningstid til valglokalet på valgdagen(e)*

(2) På valgkortet skal det opplyses om at velger må vise legitimasjon for å få avgi stemme. På valgkortet er det i tillegg et felt på 150 tegn hvor valgstyret kan bestemme at også annen informasjon skal påføres.

§ 23 skal lyde:

§ 23 Utforming av valgkort på papir

(1) Følgende opplysninger skal fremgå av valgkort som blir sendt ut etter valgloven § 2-3:

- a) hvilket valg og år det gjelder for,
- b) velgers navn, adresse og fødselsår,
- c) navn og adresse til valgstyret i den kommunen velgeren er manntallsført,
- d) krets, råde, side, linje, manntallsnummer og kommunenummer,
- e) adresse og åpningstid til valglokalet på valgdagen(e) og felt hvor stemmemottaker skal påføre tid og sted for stemmegivningen samt signere for stemmemottaket.

På valgkortet skal det opplyses om at velger må vise legitimasjon for å avgi stemme. På valgkortets bakside påføres generell informasjon om valget. På valgkortet er det i tillegg et felt på 150 tegn hvor valgstyret kan bestemme at også annen informasjon skal påføres.

(2) Valgkort som stemmemottaker skriver ut til velgeren i forbindelse med forhåndsstemmegivningen når stemmen skal legges i en stemmesedelkonvolutt, skal inneholde følgende opplysninger:

- a) hvilket valg og år det gjelder for,
- b) informasjon som entydig identifiserer velgeren,
- c) navn og adresse til valgstyret i den kommunen velgeren er manntallsført og
- d) tid og sted for stemmegivningen samt stemmemottakerens signatur.

(3) Navn og adresse til valgstyret i den kommunen velgeren er manntallsført samt opplysninger som identifiserer velgeren (unntatt velgerens fødselsnummer og adresse) skal være synlige i vinduet på omslagskonvolutten. Andre opplysninger skal ikke være synlige i vinduet på konvolutten.

§ 27 åttande ledd skal lyde:

(8) Den nest siste uken av forhåndsstemmeperioden skal forhåndsstemmegivningene sendes videre til velgerens hjemkommune hver dag. Ved fremsendelsen av omslagskonvoluttene skal det benyttes forsendelseskonvolutter.

§ 27 nytt niande ledd skal lyde:

(9) Den siste uken før valgdagen skal forhåndsstemmegivningene ikke sendes som brevpost. Forhåndsstemmegivninger mottatt denne uken skal sendes på en måte som sikrer at stemmegivningene kommer inn til valgstyret innen kl. 17 dagen etter valgdagen.

§ 40a skal lyde:

Valgstyret skal påføre stempel på stemmesedler avgitt *utenriks*.

Forslag til endringer i forskrift om valg til Sametinget

I forskrift 19. desember 2008 nr. 1480 om valg til Sametinget blir disse endringene gjorde:

§ 43 åttande ledd skal lyde:

(8) Den nest siste uken av forhåndsstemmeperioden skal forhåndsstemmegivningene sendes videre til velgerens hjemkommune hver dag. Ved fremsendelsen av omslagskonvoluttene skal det benyttes forsendelseskonvolutter.

§ 43 niande ledd skal lyde:

(9) Den siste uken før valgdagen skal forhåndsstemmegivningene ikke sendes som brevpost. Forhåndsstemmegivninger mottatt denne uken skal sendes på en måte som sikrer at stemmegivningene kommer inn til samevalgstyret innen kl. 17 dagen etter valgdagen.

§ 50 fjerde ledd skal lyde:

(4) En velger som på grunn av psykisk eller fysisk funksjonsnedsettelse ikke kan stemme alene, kan etter eget ønske få hjelp av en stemmemottaker eller en annen person som velgeren selv peker ut. Stemmemottaker skal gjøre hjelperen oppmerksom på at vedkommende har taushetsplikt.

§ 86 første ledd skal lyde:

(1) Statskassen dekker utgiftene til opptellingsvalgstyrene med kr 36 per registrert i valgmanntallene i valgkretsen.

Saksnr: 2020/1931-52
Saksbehandlar: Dagmar Reutz Hillestad

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne	18/20	08.09.2020

Askøy vidaregåande skule - byggjestart i 2021

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan tilråding.

Samandrag

I 2017 starta arbeidet med programmering av Askøy vidaregåande skule. Dette er i samsvar med skulebruksplan. Byggjearbeidet er tenkt starta i 2021 med ferdigstilling i 2023. Iskulebruksplanen er det lagt opp til ei auke i elevtalet frå dagens 560 elevar til 970.

Det har i prosjektet vore eit samarbeid med Askøy kommune avdi skulen vil kunne nytte arealet til samlingar og kulturformål for inntil 400 personar. Askøy kommune og Hordaland fylkeskommune inngjekk ein samarbeidsavtale allereie i 2018 etter vedtak i fylkestinget 11.12.2018.

Bertil Søfteland
seksjonssjef

Dagmar Reutz Hillestad
utvalssekretær

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Fylkestinget i Hordaland vedtok 12.06.2018 romprogrammet for Askøy vidaregåande skule. Hausten 2018 vart det lyst ut ein pris- og designkonkurrans for oppdraget. Constructa Entreprenør AS vart kåra som vinnar i mai 2019. I perioden mai-september 2019 var det tett medverknad frå skulen og Askøy kommune.

Askøy vidaregåande skule ligg inne i skulebruksplanen 2016-2030 med ein auke i elevtalet frå 560-970. Skulen ligg på Myrane på Askøy og består i dag av eit teoribygg frå 1970-talet og eit verkstadbygg frå år 2000. Skulen har både studiespesialiserande og yrkesfagleg studieretning.

Prosjektet starta med utarbeiding av eit mogleiksstudie der ulike utbyggingmønster vart vurdert. Ein premiss for denne studien var at undervisninga ved skulen ikkje skulle flyttast under bygging. Askøy kommune var med i prosessen. På grunnlag av mogleiksstudie og skulebruksplan vart det laga eit romprogram for skulen som vart vedteke i fylkestinget i Hordaland fylkeskommune 12.06.2018.

Askøy kommune hadde behov for og ynskje om areal i skulen, så det vart utarbeida ei politisk sak som vart handsama i Hordaland fylkesting 11.12.2018 med en leigeavtale for 1.595 m² for vaksenopplæring og 860 m² for utviding av auditoriet. Avtalen omfatta også HFKs leige av areal i nytt idrettsbygg som kommunen skulle oppføra.

Samspelsprosessen med brukarane starta i mai 2019 til september 2019. Det var 20 ulike brukargrupper involvert, samt to frå Askøy kommune for vaksenopplæring og kultur. Gjennom brukarprosessen vart det gjort ulike endringar både når det gjeld funksjonar og plassering.

Endeleg forprosjekt vart levert sommaren 2020, og når ein har fått vedtak i saka kan ein starte med detaljprosjektering og gjere klart til mogleg byggestart på nyåret 2021.

Nybygget (sentrалbygget og ny verkstadfløyen) vil bli bygd først og vil stå ferdig hausten 2023. Det er rekna byggetid på 22 månader. Når desse bygga er klare flyttar skulen over i nybygget og rehabiliteringa av dagens teoribygg vil starta. Dette arbeidet er rekna til åtte månader og vil stå ferdig hausten 2023. Når skulen er bygd vil eksisterande verkstadshall bli revet av Askøy kommune og kommunen vil bygge ny idrettshall på denne tomte. Byggetid for idrettshallen er rekna til to år. Fram til den står ferdig skal dagens idrettshall nyttast.

Det vil også bli ei endring og opprydding i vegnettet i området for å betra trafikktryggleiken og tilgjenge i dette utbyggingsområdet.

Skulen skal byggast med trekonstruksjonar og varmekjelde blir varmepumpe luft/vatn noko som vil føre til eit godt inn klima. I tillegg vil skulen få solcelleanlegg for straumproduksjon.

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vil i møte 8. september bli presentert for prosjektet..